

Kviteseid seminar

eit skuletiltak

i Vest-Telemark

Svein Olav Thoresen 1979

KVITSEID SEMINAR

**eit skuletiltak
i Vest-Telemark**

FØREORD

Arbeidet med oppgåva om seminaret i Kviteseid tok til sommaren 1976. Interessa for å trengja noko inn i saga om dette spesielle tiltaket vart vakt då familien flytte til Kviteseid. Det er stor interesse for lokalhistorisk forskning, og det har såvisst ikkje mangla på oppmodingar frå lokalt hald om å ta fatt på dette arbeidet.

Oppgåva inneheld ei stutt historisk innleiing der ein har prøvt å sjå situasjonen kring lærarutdanninga i eit skolepolitisk og historisk perspektiv. Skulestellet i Vest-Telemark er også via noko interesse då ein her finn den spesielle lokalhistoriske stoda kring seminartiltaket.

Kan henda mest spanande var leitinga etter bakgrunn og årsaker til at ideen om fastskule og seminar skulle dukka opp og etterkvart realiserast. Sjølve saga om seminaret si verksemd syner at trass i godvilje og idealisme, oftast var tronge tider for seminarverksemda.

Som ein hovudidè har ein prøvt å sjå seminaret ut frå ein lokalhistorisk synsstad. "Distriktseminaret" i Kviteseid fekk merka at evna til å overleva var avhengig av lokalt initiativ, sjølv om ein her og kunne merka motstand og motvilje mot større ytingar til seminaret. Kampen for å overleva stod mellom ei framvoksende rikspolitikk for skulestellet og den lokale sjølvrådetretten.

Det er naturleg i denne samanhengen å retta ein takk til prof. Helge Dahl, Pedagogisk Institutt, for synspunkt på oppgåveskrivinga og hjelp ved igangsetjinga av arbeidet. Høgskulelektor Knut Jordheim, Notodden lærarhøgskule, skal også nemnast; han har sjølv via seminaret interesse gjennom forskning, og verdfull hjelp har såleis kome oppgåveskrivaren til gode.

På lokalt hald var det mange som burde nemnast. Det har vore til hjelp og oppmuntring at prosjektet har blitt møtt med så stor interesse. Likevel ein spesiell takk til Aslak Aa. Aabø som har lånt ut verdfulle dokument om seminaret, og til Arne Nordskog ved Kviteseid bibliotek som har skaffa fram kjeldemateriell av stor interesse for arbeidet.

Kviteseid, juli 1979

Svein Olav Thoresen

Føreord til denne utgåva

Denne utgåva av oppgåva er sett opp på nytt. Sidetal samsvarar difor ikkje med dei som ein finn i den originale utgåva. Sluttnotene har fortløpande nummer i denne utgåva, og er ikkje inndelt for kvart kapittel. Innhaldet i oppgåva er elles heilt likt.

Kviteseid, mars 2017

Johannes Skarprud

Innhald

I. HISTORISK INNLEIING	5
1. Pedagogiske straumdrag på 1700-talet.....	5
2. Lærarutdanninga på 1700-talet og tidleg på 1800-talet	6
3. Blågård seminar.....	6
4. Tønsberg seminar	7
5. Biskop Peder Hansens lærarkurs.....	8
6. Lærarkursa tidleg på 1800-talet og debatten om lærarutdanninga.....	9
II. SKULESTELLET I VEST-TELEMARK FRAM TIL 1800-TALET	11
1. Skulestellet i landet generelt.	11
2. Skulestellet i Vest-Telemark i tidlege tider.....	12
3. Tidlege forsøk med reglar for skuleverket	13
4. Verknadene av det fyrste lovverket for skulestellet	14
5. Tida fram mot 1800-talet.....	15
III. OPPSTARTING AV SEMINARET I KVITeseid	16
1. Niels Windfeld, mannen og ideen	16
a) Biografisk skisse	16
b) Niels Windfelds gåve til skulestellet i Kviteseid	18
c) Plassering og bygging av skulehuset.....	19
d) Lærar til Windfelds skule.....	20
e) Frå plan til fastskule og seminar.	21
2. Det vidare arbeidet med seminarplanane.	22
a) Zetlitz og Kaurin	22
b) Spørsmålet om løn til læraren.	24
c) Tilsetjing av lærar ved skulen.	24
d) Utarbeiding av ein undervisningsplan for skulen.	25
IV. KVITeseid SEMINAR.....	27
1. Dei fyrste åra ved seminaret.....	27
2. Ytre ordningar.	29
a. Reorganisering og flytting.	29
b. Undervisningsplanar og reglement.....	33
c. Opptaksordning. Eksamen og karakterbruk.	35
d. Økonomiske ordningar.....	37
3. Indre verksemd.....	38
a. Fagkrins og lærebøker.	38
b. Faget pedagogikk. Øvingsopplæring.....	40
4. Lærarane.....	43
5. Elevane.	49
6. Seminaret sin verknad på skulestell og opplysningsarbeid i øvre Telemark.	51
7. Nedlegging av seminaret.....	54
KJELDER.....	59
TILVISINGAR.....	62
I. Historisk innleiing.....	62

I. HISTORISK INNLEIING

1. *Pedagogiske straumdrag på 1700-talet*

Tidleg på 1700-talet braut det fram nye tendensar i synet på skulestellet. Pietismen la vekt på å omskapa menneske i sitt daglege liv og virke. Difor vart dei i det pedagogiske arbeidet opptekne av den moralske oppsedinga.¹

Som seinare og filantropinistane såg dei det nødvendig å opprette skular for alle born for at dei skulle koma inn under same påverknad. Eit døme på dette er August Hermann Francke si verksemd i alt . I vår samanheng kan det vere av interesse å nemne at han hadde skipa til eit eige lærarseminar.²

I Danmark/Noreg får desse ideane ein viss verknad. Her i landet kjenner ein m.a. til det arbeidet Thomas von Westen og embetsbrørne hans i "Syvstjernen" la ned. Ved katedralskulen i Trondheim vart det i 1717 starta opp eit lærarseminar, "Seminarium lapponicum", som utdanna lærarar for samane. I fleire norske bygder vart det særleg i tida etter 1720 tilsett "skulemeistrar" som skulle hjelpa klokkaren med å gi undervisning.³ I desse spreidde tiltaka finn ein forløparen til omgangsskulen.

I tiåret 1730-40 fekk denne pedagogiske aktiviteten konkrete resultat ved at nye lover vart vedtekne. I 1732 kom ein ny fundas for universitetet, i 1736 føresegner om konfirmasjonen og i 1739 ei lov om skular på landet i Danmark og Noreg. No møtte denne siste lova temmeleg stor motstand her i landet og riksstyret måtte difor berre to år seinare sende ut ein "Placat" som lempa ein del på dei krava som kom fram i lova.

Ute i Europa finn ein m.a. i England, Frankrike og Tyskland ein stor pedagogisk aktivitet. På den eine sida gjekk det føre ein filosofisk prega debatt om oppsedingsspørsmål. På den andre sida vart interessante skuleforsøk sette ut i livet. Det var dei rasjonalistiske ideane som no tok over i kulturdebatten. Ein finn her ei tru på opplysning som måtte få store konsekvensar for pedagogisk tenking og praktisk skularbeid⁴. Vi skal her berre peika på ein-skilde trekk ved rasjonalismen som hadde verknad på det pedagogiske arbeidet i Noreg på slutten av 1700-talet.

Framfor alt synte rasjonalismen ei optimistisk tru på pedagogisk påverknad, på den verknad som kunnskap hadde på einskildmennesket⁵. På denne bakgrunn vart det ei hovud-oppgåve å spreia kunnskap til flest mogeleg. Pedagogisk verksemd hadde såleis stor framgang i åra frametter på 1700-talet. Ikkje utan grunn vert det og kalla "det pedagogiske hundreåret"⁶

I Danmark/Noreg fekk ein denne tida særleg impulsar frå Tyskland. Dei tyske pedagogane frå opplysningstida som gjerne vart kalla "filantropinistane", sette fart i praktisk skuleverksemd. Hand i hand med dei pedagogiske ideane vart nye programma sette ut i livet. Basedow tok seg mest av borna i dei velstående familiare, von Rochow arbeidde mest med borna ått ålmugen⁷. Han sette i gang med undervisning for born på godsa sine, noko som, då det vart kjent, inspirerte danske godseigarar til å gjera det same. Etter at skulen vart gjort meir allmenn og fleire fag var trekte inn i undervisninga, tok filantropinistane for seg undervisningsmetodane. Dei hevda m.a. at undervisninga måtte få meir karakter av lek⁸.

På det formelle plan vart det og tatt initiativ til å arbeida meir systematisk for ei betring av skulestellet. I 1789 sette riksmakta i København i gang eit kommisjonsarbeid der ein såg det som ei sær viktig oppgåve å betra utdanninga av lærarar⁹. Det var i det heile neppe nokon pedagogiske idear som har fått meir å seia for skulestellet enn filantropinismen. "Den gjorde det pedagogiske studium til noe av en vitenskap, som vordende lærere måtte skaffe seg et visst kjennskap til, og ved sine pedagogiske tidsskrifter og en helt ny

litteraturart, pedagogiske barneleker, åpnet filantropinistene nye felter for den pedagogiske virksomhet."¹⁰.

2. Lærerutdanninga på 1700-talet og tidleg på 1800-talet

Som ein såg ovanfor førte pietismen si interesse for skulen til nye lover. I denne fyrste tida då ein prøva å formalisera skulestellet, vart det trekt opp liner for kva ein kravde av ein som skulle verta lærar. 1739-lova sa at lærarane skulle tilsetjast av presten etter framlegg frå presten i soknet. Til klokkar skulle ein ta studentar eller tidlegare skulehaldarar som var eksaminerte av biskopen. Til omgangsskulehaldar måtte ein vera nøgd med "... det bedste og dueligste subjectum af Bønder-Karlene, ...når ingen bedre kand udfindes ..."¹¹. Men før han kunne få post i skulen, måtte han få noko opplæring av presten. Lova fekk økonomiske konsekvensar og det kom elles fram nokså skarpe reaksjonar på ho. Kancelliet i København kom difor med nye føresegner for skulen på landet. Krava til skulen vart modererte og initiativet vart lagt over på folket i prestegjeldet. Dette gjorde nok sitt til å seinka utbygginga av skulestellet i Noreg.

Sjølv om det no vart lagt opp til skulegang for alle, vart lite gjort for å syta for kvalifiserte lærarar til skulane. Ute i Europa hadde m.a. jesuittane i lang tid drive systematisk lærerutdanning, seinare la og Francke stor vekt på å ha dyktige lærarar. Hos oss fekk eit forsøk med seminarutdanning kort levetid. Det var i Bergen at den pietistiske biskopen Erik Pontoppidan i 1749 sette i gang med utdanning av lærarar. Men "Christi Krybbe" heldt berre fram i to år før tiltaket stansa¹².

Men ikkje før på siste halvdel av 1700-talet vart det sett noko inn på å gi lærarane ei grunnleggjande utdanning. Med utgangspunkt i filantropinistane si verksemd vart det i 1776 i Kiel sett i gang med seminarutdanning etter tidas nye tankar. Meir å seia for det framtidige arbeidet med å skaffa lærarar for elementærutdanninga fekk opprettinga av Blågård seminar like utanfor København. Seminaret starta opp i 1791, og var i stor grad prega av idear frå opplysningstida.

Seinare fekk ein lærarkurs i Kristiansand som biskopen der, Peder Hansen, sette i gang. På same tid vart det starta opp med seminarutdanning i Tønsberg. Mykje av inspirasjonen til desse tiltaka finn ein i dei pedagogiske tankane som var rådande i tida.

Ein skal nedanfor sjå noko nærare på den verknad desse tiltaka fekk for lærerutdanninga i Noreg utover på 1800-talet, og vidare på kva for verknader dei kunne ha på oppstartinga av eit lærarseminar i Kviteseid.

3. Blågård seminar

Blågård seminar starta opp den 14. mars 1791. Skulen vart lagt til ein plass like utanom København. Både i opplegg, planar og undervisning vart skulen mykje påverka av opplysningsfilosofi og filantropinisme¹³. Dahl seier vidare at seminaret nok fekk lite å seia for norsk lærerutdanning. På den andre sida peikar Solerød i sitt arbeid om Tønsberg seminar på den store tydinga Blågård hadde for dette seminaret. Stiftamtmann Moltke gjekk inn for eit nært samarbeid mellom seminariltaka i Tønsberg og Blågård¹⁴. I Noreg møtte ein elles reaksjonar på å binda lærerutdanninga for mykje til dette danske seminaret. Blågård var i lang tid det einaste større lærarseminar norske ungdomar kunne søkja seg til. Riksstyret i København synte og lita interesse for å leggja noko seminarutdanning til Noreg. Dette hadde

sjølvsagt ei politisk side og det vart peika på at danske styresmakter var redde for den "faarlege norske nasjonalkjensle."¹⁵

I løpet av nokre tiår, frå 1792 til 1823, gjekk det ut 21 norskfødde gutar frå seminaret¹⁶. Mellom desse var og Thore Thoresen som vart den fyrste læraren ved fastskulen og seminaret i Kviteseid. Av desse ungdomane som fekk si utdanning ved Blågård, vart 9 verande att i Danmark. Då dei andre vende heim til Noreg etter 3 års skule, heldt dei fleste fram som lærarar, og då helst ved fastskular.

Dei som fekk ei seminarutdanning ved Blågård, var for det meste bondesøner som alt hadde prøva seg i skulestoga. Vi veit lite om grunnane til at dei fekk plass ved seminaret og om korleis dei klarte å skaffe seg økonomiske middel til ei slik treårig utdanning. Når det galdt Thore Thoresen vart han sendt til Blågård av soknepresten i Kviteseid, Windfeld. Han kosta opphald og utdanning på han, for seinare å bruka han som lærar i prestegjeldet. Det var elles ikkje uvanleg at presten peika seg ut ein ungdom som han meinte var eigna til å verta skulehaldar. Denne fekk så den mest naudsynde undervisninga. Han vart etterpå sett til å hjelpe presten i undervisningsarbeidet. Dansken Windfeld var sjølv mykje prega av opplysningstida sine idear. Det var soleis naturleg for han å senda Thoresen til Blågård.

Ein må rekna med at dei ungdomane som vart sende til Blågård, var gåverike og huga på å læra meir enn det dei hadde høve til i heimbygda si. Når det galdt dei forkunnskapane dei hadde, må ein rekna med at dei var heller små. Til vanleg hadde dei lært seg å lese og skriva. Dei hadde vidare noko kjennskap til rekning i tillegg til kunnskapane i truslære. Men likevel ser det ut til at dei norske seminaristane greidde seg bra på Blågård. Høverstad seier m.a. at "dei norske bondegutane ser ut til å ha lagt seg i selen, og valda lærarane lite bry soleis."¹⁷ I ei liste over dei norske elevane ved seminaret går det fram at resultatata jamt over var gode¹⁸. Om Thore Thoresen vart det sagt at han synte "megen Flid forenet med meget godt Anlæg."¹⁹ Dei som gjekk inn i læraryrket då dei vende heimatt, vart rekna for gode lærarar "og faar jamnt ros baade i visitasmeldingane og i det ettermælet som enno lever i bygdane."²⁰

Lett var det sjølvsagt ikkje å koma ned til København for desse ungdomane. Seminaret der var prega av patriotisme og nasjonalkjensle. Sentralt i undervisninga var dansk språk og kultur. Lærarane hadde det same for auge og var varme målsmenn for danskdomen. Den treårige opplæringa dei norske seminaristane fekk, må naturleg nok ha verka øydeleggjande på den kulturarv dei bar med seg. Det var lite eller ingenting ved undervisninga som tok omsyn til at dei var norske bondesøner som skulle tilbake til heimbygda si for å arbeida som skulehaldarar.

Den treårige utdanninga var dela opp i hovudeiningar. Det fyrste året gav eit generelt fagleg grunnlag, medan dei to siste åra for det meste skulle gi den praktiske opplæring til læraryrket. Fagplanane var på den eine sida prega av den veksande nasjonalkjensla og på den andre sida av det encyklopediske ideal. Fagkrinsen var soleis stor og vidtfermande, og elevane fekk ei grundig gjennomgåing av truslæra.

Seminaret tok sikte på å gi elevane eit vidt omfang av kunnskapar. Langt forut for si tid var Blågård ved å gi lærarar ei treårig utdanning. Men den påverknad seminaret fekk på lærarutdanninga i Noreg, var nok ikkje særleg stor. Dei kortvarige forsøka ein har med seminarieutdanning, har ikkje mykje sams med opplegget på Blågård. Dei få elevane som gjekk der, tok med seg idear og impulsar frå seminaret. Men desse fekk liten verknad på framvoksteren av skulestellet her i landet.

4. Tønsberg seminar

Seminaret i Tønsberg starta opp i 1798 og slutta i 1802. I løpet av desse åra vart det utdanna

omlag 30 lærarar, fordelte på to kurs. Kursa var toårige. Ein skal her sjå på dei sidene ved seminartiltaket som kan vera relevante i ei samanlikning med det seinare seminaret i Kviteseid.

Når det galdt dei økonomiske problema ved opprettinga av eit seminar i Akershus stift, hadde ein fått lovnad om eit statleg tilskott. Dette var meint å skulle dekkja noko av utgiftene til drift og lærarløn. No rakk ikkje desse midlane til, slik at ein måtte venda seg til innbyggjarane i stiftet for å be om stønad. Ei subskripsjonsliste vart lagt ut og tiltaket fekk etter måten positiv støtte. Frå dei ymse prostia vart det og gjeve stønad, slik at ein ikkje vanta økonomiske middel då seminaret starta opp.²¹ Høverstad peikar på det positive som låg i ein slik aksjon og seier at dette var eit nasjonalt tiltak som vekte folket og ikkje berre dei geistlege, til å syna ansvar for skulestellet i stiftet²².

Det neste ein måtte finna ei løysing på, var reglar for opptak av elevar til kursa. Amtmann Moltkes plan frå 1795 peika på at ein skulle ta ut ein ungdom frå kvart av dei 15 prostia²³. Prosten skulle sjølv velja ut to emnelege personar og senda melding om dette til stiftsdireksjonen. Her vart dei valde ut som skulle få gå på kurset. Seinare vart denne ordninga endra slik at prosten fekk det heile ansvaret med uttakinga²⁴.

Dei fleste av dei som fekk gå på Tønsberg seminar var husmanns- og klokkarsøner. Læreryrket hadde ikkje særleg høg status og det var difor naturleg at størstedelen av dei som valde eit slikt yrke kom frå lågarestilte klasser i samfunnet. Alderen på seminaristane låg på mellom 16 og 20 år.

Det stod noko strid om tilsetjing av lærar ved seminaret. Tanken hadde vore at ein skulle skipa til eit seminar etter mønster av Blågård. Ein ville og kalla til seg lærar frå dette seminaret. Dette framlegget møtte etterkvart så mykje motstand at ein valde å tilsetja ein norsk kapellan, Gunnar Langberg, som hovudlærer²⁵.

Det vart berre skipa til to kurs i Tønsberg. Det er peika på fleire grunnar til at ein ikkje heldt fram med seminardrifta. Dei ungdomane som hadde fullført utdanninga ved seminaret, "... vekte ofte anstøt med sitt hovmodige vesen og sine fine byvaner."²⁶ Undervisninga dei fekk på seminaret, var nok for akademisk prega. Ein skapa med dette ein stor avstand til det folket dei skulle ha sitt arbeid blant. Eit vitnemål om dette har ein i eit nokså krasst skrift frå prokurator Debes i 1808. Her seier han om dei som hadde fått ei slik utdanning, at dei var "... quartlærde seminarister, hvis klogskab ikke passer til noget sted, hvis Fingre ere for fine til Plov og Harv."²⁷ Det var og fleire som meinte at desse seminaristane fekk for mykje utdanning, noko som kunne vera lite gagnleg i skulearbeidet.²⁸ Det var soleis ei vanleg meining at seminarutdanninga hadde komme inn i eit galt spor.

Etter at det andre kurset var ferdig, vanta det både godvilje til å stø eit nytt kurs og interesse for å halda fram med ei slik seminarutdanning.

5. Biskop Peder Hansens lærarkurs

I 1798 vart Peder Hansen biskop i Kristiansand stift. Som fleire andre geistlege på den tida var han sers oppteken av skulestellet. På visitasreisene sine vann han seg mykje røyndom om korleis det stod til med skulestellet i stiftet. Saman med andre tiltak var Peder Hansen klar over at viss ein skulle gjera noko med skulestellet i stiftet, var ein nøydd til å gi eit tilbod til skulehaldarane.

Med ei idealistisk målsetting for auge, sette biskopen i gang med kurs for lærarar i 1799. Som ved seminaret i Tønsberg vart det gjeve noko økonomisk stønad frå København. Denne mona så lite at elevane måtte sjølve kosta reise og utgifter til opphaldet i Kristiansand. I einskilde prestegjeld fekk elevane hjelp frå presten til å dekkja størstedelen av utgiftene²⁹.

Når det galdt uttakinga til kursa, vart det nytta omlag same framgangsmåte som ved seminaret i Tønsberg. Prestane i stiftet skulle ein gong for året senda melding til stifts-direksjonen. Her skulle dei m.a. ta med namna på dei ungdomane dei ønskte å senda til kursa. Direksjonen valde så ut dei som skulle få tilgjenge til undervisninga³⁰.

Det var biskopen sjølv som stod for det meste av undervisninga. Fag og opplegg var slik ein kjende til frå Blågård seminar. Dei viktigaste faga var skriving, lesing og rekning. Men i løpet av den stutte tida kursa varde, vart det og gjeve undervisning i etikk, naturlære, historie og geografi, astronomi, bibelsoge og salmesang. Elevane fekk og noko metodikkundervisning og dei måtte ein del av tida prøva seg hos ein lærar i Kristiansand.

I Øvre Telemark var det fleire av sokneprestane som sende lærlingar til biskopen sine kurs. (Frå Vest-Telemark vart det sendt lærarar frå Seljord, Tinn, Mo, Vinje, Lårdal, Moland, Hjartdal og Kviteseid). Kursa tok sikte på å gi eit tilbod til dei som alt var i arbeid i skulen. Det var som regel dårleg stelt med forkunnskapar. Behovet for skolering var nok stort.

Sjølv om det framleis var fleire som ønskte å senda skulehaldarane sine til biskopen sine kurs, vart det slutt med desse i 1803. Han hadde med dette tiltaket synt kor viktig denne oppgåva var. Han peika på at prestane hadde bruk for hjelp til å skaffa prestegjelda gode skulehaldarar. Men han hadde og eit anna sikte med kursa:

"Med Aaret 1803 ophører denne slags Undervisning frå min side, dels fordi en anden Maade til unge Skoleholderes seminaristiske Dannelse med Kongelig Understøttelse forhaabes at blive indført, hvorom siden, deels, fordi jeg haver aftalt det Stiftets Brødre, og disse have lovet, at de herefter vill fortsætte det jeg har begyndet,..f" ³¹

Men det kom ikkje noko svar frå det offentlege og utspelet vart difor lagt over på biskopens eigne embetsbrør.

Det finst nedteikna fleire syn på det arbeidet biskop Peder Hansen la ned for skulestellet i stiftet. Teologisk vart han rekna for ein rasjonalist³². Men når det galdt arbeidethans for skule og fattigstellet, hausta han likevel mange lovord. Faye meiner m.a. at Peder Hansen har hatt stor innverknad på arbeidet med å betre skulestellet, særleg almuge-skulen, men og på den seinare lovgivinga. Om dei lærarane som gjekk på kurs i Kristiansand, seier han likevel at dei "... hverken blev Fugl eller Fisk." ³³

I alle høve må ein sjå på biskopen sitt arbeid som ei oppmuntring for prestar og andre embetsmenn til å satsa meir medvite på skulestellet i stiftet. Dette har sjølv sagt sett spor etter seg. Når det så seinare kom planar om konkrete tiltak, var dette ei naturleg følgje av biskopen sitt initiativ. For ein opplysningsmann som prost Windfeld i Kviteseid hadde biskopen sin innsats hatt mykje å seia. Under eit møte på Kviteseid prestegard 4. februar 1802, der biskop og andre prestar i prostiet var tilstades, var det naturleg at Windfeld drøfta planane sine med biskopen³⁴.

Peder Hansen hadde sjølv i eit skriv til kancelliet i København den 2. september 1800, kome med framlegg om oppretting av eit "Skoleholderseminarium med 10 lærlinge av gangen, 1/2år, udvalgte av Preyterne." ³⁵ Planane vart ikkje realiserte, men tanken om eit kortare seminar enn t.d. Tønsberg, synte seg å vera meir aktuelt for landet på den tida. Biskopen reiste frå stiftet i 1803 og det skulle ta enno fleire år før ønsket hans om seminarutdanning for lærarane vart realisert.

6. Lærarkursa tidleg på 1800-talet og debatten om lærarutdanninga

Fleire stader vart det sett i verk tiltak for å betre utdanninga av lærarar for elementærskulen. Vi har ovanfor vore inne på nokon av desse for om mogleg å finna ein bakgrunn for eller liner fram til opprettinga av eit lærarseminar i Vest-Telemark. På denne tida vart fleire seminar

eller kurs for lærarar sette ut i livet. Både i Trondheim, Toten og i Kopervik vart det skipa til kurs. "Alt dette var gode og positive tiltak som sørget for en forsvarlig og noenlunde ensartet lærerutdanning. De planer som galdt for undervisningen, var godt utarbeidd, og under heldigere forhold kunne seminarane ha utviklet seg vidare."³⁶. Men det kom lite ut av desse tiltaka. Dahl peikar vidare på den negative verknaden regjeringa i København hadde på skulestellet på grunn av sitt manglande engasjement i tilskipinga av kurs eller seminar for lærarane.

Det kom ei tid då "seminarstellet" stod lågt i kurs. Dette hang m.a. saman med synet på seminaristane, men og at trua på opplysning nok ikkje var like optimistisk som tidlegare.

Ein skal ikkje overvurdera det verd seminarane i Tønsberg eller lærarkursa i Kristiansand kan ha hatt for planane om eit liknande tiltak i Kviteseid. Tiltaka kom gjerne frå personar med syn for opplysning og som sjølve hadde vilje og ressursar til å gjera noko for skulestellet. At det var frå geistlege personar tiltaka kom var naturleg. Desse hadde rundt i bygdene det formelle ansvar og tilsyn med ungdommen sine kunnskapar i kristendom. Ikkje mindre vesentleg i vår samanheng, er deira plikt til å syta for dugande lærarar til omgangsskulane. Vi skal vidare peika på dei filosofiske og pedagogiske ideane som prega tida omkring år 1800. Beckholm fann ein samanheng mellom initiativet med å samla inn pengar til Tønsberg seminar og prost Windfeldt sitt legat for skulestellet i Kviteseid³⁷. Det er soleis neppe utan grunn at desse to tiltaka vart sette i verk på same tid.

Regjeringa i København hadde freista å gjera Blågård seminar til sams riksseminar. Dei små seminartiltaka fekk oftast ei stutt levetid m.a. på grunn av manglande stønad frå det offentlege. Etter tiltaket i Tønsberg og kursa til Peder Hansen kan ein ikkje syne til røynelege tiltak for lærarutdanninga før 1814.³⁸ Men debatten om kva for utdanning lærarane skulle ha, heldt fram.

Frå 1808 fekk vi ein hard strid om seminarutdanning mellom prokurator Debes og klokkar Hans Allum, som sjølv hadde vore elev ved Tønsberg seminar. Striden mellom desse galdt kor gagnleg seminarutdanninga var for omgangsskulane. Vi skal ikkje her gå noko nærare inn på innhaldet i striden. Debes sine synspunkt har ein peika på ovanfor, og Allum sitt svar frå 1809 var eit forsvar for seminarutdanninga³⁹.

I mai 1810 vart det lagt fram ein plan for kancelliet i København⁴⁰. Planen som statthaldaren i Hessen hadde bedi om å få godkjend, inneheldt fleire viktige punkt om lærarutdanninga. Vi skal her sjå på nokre av dei punkta som har interesse for vår samanheng. Prestane vart pålagde å læra opp skulemeistrar for si bygd. Vidare stod det "at Skoleholderne tages af Bondestanden, og at de ... ikke fravænnens Bondens simple levemaade."⁴¹ Vidare vart det gitt løyve til å bruka dei residerande kapellanane til å driva "et slags Filial Seminarer." Men elevar som fekk undervisning ved eit slikt seminar, måtte ta eksamen ved eit hovudseminar eller stiftsseminar. Noko resultat av desse planane finn ein ikkje.

Tanken om to paralelle utdanningsvegar, ein ved eit mindre seminar og ein ved eit stiftsseminar, vart likevel teken opp seinare. Det vart sagt mykje om kor viktig det var å syta for gode skular på landet i Noreg. Dei danske styresmaktene synte ikkje sparsemd på ord og godvilje, men i røynda vart det ikkje lagt for dagen noko særleg interesse for norsk lærarutdanning⁴².

Biskop Beck i Kristiania kom til å spela ei viktig rolle i debatten om lærarutdanninga. I april 1810 la han fram for styret i selskapet for Norges Vel eit "Forslag til at danne Almuens Ungdoms lærere." Saman med "Ideer og Vink til de paa Landet i Norge angaaende Almueskolelæreres hensigtsvarende Dannelse" kom biskop Beck med fleire nye og interessante tankar om ei praktisk ordning med seminarutdanninga. Biskopen ville skipa til ei tre-årig utdanning. Elevane skulle berre opphalda seg ved seminarane nokre månader og resten av året skulle dei arbeida heime. Planen tek omsyn til bondeungdommen sine kår, desse hadde ikkje høve til å vera borte frå heimen i lenger tid av gongen. Planen vart prøvd i nokon av

prostia i Kristiania stift, men elles fekk han liten verknad.

Slik var stoda omkring 1814. Spørsmålet om skulestellet var sjølvstøtt knytt saman med dei økonomiske problema Noreg stod overfor. Ein kombinert stortingskomite fekk i oppgåve å arbeida med skulespørsmålet. I 1816 vart det lagt fram ei innstilling der det vart peika på kor viktig det var for landet at ein fekk dyktige lærarar⁴³. Det vart m.a. gjort framlegg om å skilja mellom to former for lærarutdanning, ei for fastskulen og ei lågare for omgangsskulen.

Når det galdt dei økonomiske problema, fekk ein ei viss ordning ved eit anna lovframlegg. 1. juli 1816 vart det vedtatt ei lov som tok sikte på å oppretta ei skulekasse i kvart prestegjeld. Skulekassa skulle syta for nødvendige økonomiske middel "saa at Skolelærere kunne erholde fornøden Undervisning og passende Lønning."⁴⁴ Dette synt seg å vera eit avgjerande steg i rett leid. Lova fekk ein direkte verknad på planane om å starta eit lærarseminar i Vest-Telemark prosti⁴⁵.

II. SKULESTELLET I VEST-TELEMARK FRAM TIL 1800-TALET

1. Skulestellet i landet generelt.

Frå siste halvdel av 1700-talet har ein nokre døme på korleis stoda var når det galdt skulestellet i norske bygder. Høverstad⁴⁶ fortel m.a. om prestar som sende inn klager både på allmugen og på lærarar. Det kunne vera folk som var lite nøgde med lærarane eller det kunne vera skulefolk som ikkje fekk løn for arbeidet sitt. Biskop Kærup i Kristiansand klaga til kongen i 1745 og sa at "det som mest beklages, er, at hvad som af Almuen paa Landet efter de to kongelige Forordninger og Placat er udlovet til de paa Bygderne omgaaende Skoleholdere ... tilbageholdes."⁴⁷ Vidare seier biskopen at han må bruka tvang for å få pengar til skulestellet, og fleire lærarar må seia frå seg stillingane av di dei ikkje får løn.

Den fyrste lov om almugeskulestellet i Noreg fekk ein i 1739.⁴⁸ I denne vart det streka under at "den skulle samle alle barn uten hensyn til foreldrenes stand og stilling."⁴⁹ Undervisninga skulle gjelda alle barn og alt som var nyttig og naudsynt. Men likevel kan ein sjå korleis den sosiale lagdelinga i samfunnet fekk prega arbeidet med tilskipinga av eit fastare organisert skulestell.

Plakaten⁵⁰ som kom to år etter forordninga, vart jamvel ei vinning for Noreg. Politisk vart bondestanden styrkt i striden mot embetsstanden. Bøndene fekk større råderett over skulestellet i bygdene. Men ein møtte stor motstand i folket då det galdt å strida fram "den danske skole" i landet⁵¹. Det danske styret førde ein noko uklok skulepolitikk, som ofte synt seg vinglande og usikker. Pågåande prestar med syn for opplysning viste ofte liten vyrdnad for bonden og bondekulturen og støyte difor allmugen frå seg. Utgiftene til skulestellet fall på bonden og det vart difor til mang ein strid på bygdene for å få til brukbare løysingar for skulen.

Skulekommisjonen som vart sett ned i 1789, skulle koma med framlegg til ny skulelov. Ein fekk ei ny lov for Danmark, men på grunn av dei tilspissa politiske tilhøva fekk ein inga endringar for skulestellet i Noreg. Fyrst i 1811 vart det sett ned ein kommisjon i Noreg som skulle arbeida med lovverket for skulen. Resultatet vart at det til det eksisterande lovverket, vart lagt til ei mellombels tilføyning.

I tida omkring 1800 sette dei to biskopane F.J. Bech og Peder Hansen sitt preg på

debatten om skulestellet. Dei fann b e to   ville leggja opp til ei organisering av undervisninga som svara til dei ulike samfunnsklassene. I eit reskript om skulen i Kristiansand av 13. desember 1799 heitte det at allmugeskulen berre var for dei fattigaste borna⁵². Same tankar kom til uttrykk i ein skuleplan fr  Skien i 1812. Allmugeskulen eller fattigskulen som ein like gjerne kunne kalla han, "skulle alene de B rn have Adgang til, hvis Foreldre Skolecommisjonen kjenner s  fattige, at de ikke formaar at betale Skolel n."⁵³

Parallelt med allmugeskulen finn ein latinskulen. Fr  1739 hadde tilgjenge til denne skulen vore lite avhengig av sosiale tilh ve. Men utover p  1700-talet finn ein at den sosiale skilnaden mellom allmugeskutens og latinskulens elevar vert st rre. I ei forordning om latinskulen fr  1739 heiter det "at mange fattige gutter som var ganske uskikket til   f lge med i undervisningen, var blitt lokket til skolene fordi de fikk fritt opphold under skolegangen, og at dette burde det settes en stopper for."⁵⁴ Det vart difor sett visse krav til kunnskapar, og seinare i forordninga fr  1756, vart det gjort slutt p  utdelinga av mat og klede til elevane. For   markera den sosiale skilnaden innan skulestellet, vart det i 1809 vedtatt at ein skulle betala skulepengar i dei l rde skulane.

Fr  midten av 1700-talet og utover i dei fyrste ti ra av 1800-talet eksisterte det to parallele skulesystem: eit for allmugen og eit for borgarskapet. Dette m nsteret finn ein tydeleg i byane. P  landet er ofte borgarskulane, latinskulen, avl yst av ei ordning med privatl rarar.

I det vidare arbeidet vil ein ta for seg allmugeskulen i Vest-Telemark. Soga til l rarskulane er sj lvsagt n ye knytt saman med soga til allmugeskulen. I lange tider hadde desse skuleslaga sams lovverk og den pedagogiske debatten om element rskulen prega og utviklinga av l rarutdanninga.

2. Skulestellet i Vest-Telemark i tidlege tider

Om skulestellet i Vest-Telemark i tidlegare tider seier Rikard Berge m.a. "... at det var myrkt p  mange vis og at faakunna laag stinn yvi folkelivet, er visseleg altfor sant."⁵⁵ Same synspunkt gir og Bolling uttrykk for⁵⁶. At denne delen av landet stod i nokon s rskild stilling er neppe truleg;   gi vanlege folk oppl ring var ikkje vanleg i gamal tid og den boklege l rdomen l g soleis langt nede i bygdenoreg.

Den eldste undervisninga ein kjenner til var munnleg og b ker var ukjende p  bygdene hj  folk flest. Prestane, og seinare deknane, samla folk i kyrkja og l rde dei den kristelege kunnskapen dei skulle ha. Innl ringa gjekk til vanleg f re seg ved h yring og gjentakning, slik at ein etterkvart l rde seg   ramse opp innhaldet utenat. Alle born over 7  r vart p lagde   l ra seg truedkjenninga (Credo), fader v r (Pater noster) og Maria-b na (Ave Maria). Noko bibelsoge skulle og l rast, men ofte vart desse forteljingane blanda saman med segn og soger av ulikt slag.⁵⁷

P  slutten av 1600-talet m ter ein p  klokkarembetet i Vest-Telemark.⁵⁸ Klokkaren skulle hjelpe presten m.a. i undervisningsarbeidet. Det var soleis ynskjeleg at ein i desse stillingane skulle ha studentar. Men slikt folk synte seg   vera vanskeleg   f  tak i og ein m tte ta til takke med ustuderte personar. Det var mangt slag folk som kom til taka seg arbeid som klokkarar rundt i bygdene. L nene deira var d rlege. Landkommisjonen gav i 1661 melding om l nstilh va i  vre og Nedre Telemark futd me og d  hadde alle klokkarane til saman 104 rdl. i  rleg inntekt⁵⁹. Eit anna d me som seier noko om dei vanskelege undervisningstilh va, er nok typisk for tilstanden i dette området. Presten i L rdal, Christen Svaboe peikar p  dette i eit skriv fr  tidleg p  1700-talet. Her st r m.a. at "... Degnen fast umueligt kand overkomme Ungdommens private Undervisning, som v re skulde, over hele

Gjeldet, Almuen og snart overalt bestaaer af fattige og uformuende Bønder, som uden ytterste Ruin iche taaler store Byrders Paaleggelse."⁶⁰ Det vart etterkvart fleire prestar som hadde kapellanar til å hjelpa seg med undervisningsarbeidet i kyrkjelyden. Dei kunne tena som deknar og samtidig vera tilsette som huslærarar hjå prestane. Etterkvart vart det meir vanleg at vaksne lærte seg å lesa. Dei las då for borna sine heime. På kyrkjegolvet måtte folk stå fram å ramsa opp det dei skulle kunna.

Metoden ein bruka på denne tida var katekisasjonen. Dette var ein framgangsmåte, der det var laga til eit system av spørsmål og svar. Kunnskapane skulle innprentast, ja puggast slik at borna skulle kunne både spørsmåla og svara på rams i den rekkefylgja dei stod på trykk. Spørsmåla kunne vera nokså kunstige og ofte låg dei høgt over borna si fatteevne. Det fanst ein del bøker til bruk for katekisasjonen. Rikard Berge nemner to slike som vart bruka i Vinje og Rauland: "Prestepina" og "Bibelsk kjerne". Om desse bøkene seier han vidare: "Spursmaali er fyrst og fremst til kunnskapsinnprenting og dreg fram mykjen daud kunnskap, men er sett fram i ei rar og løgleg form, so jamvel notids lesarar kann hava hugnad av aa lesa ho." "Prestepina" *) kom i fleire utgåver og var å finna i bruk utover på 1800-talet. "Bibelsk kjerne" inneheldt m.a. utdrag av fleire av skriftene i Bibelen og var soleis meir til oppbyggjing enn kunnskapsinnprenting slik "Prestepina" var. Denne boka var å finna i Vest-Telemark fram til 1800-talet.

*) Det egentlege namnet på boka var "Gudelig Spørsmålsbog Der indbefatter ved Bibelske Spørsmål og Gjensvar Den Aller-nødvendigste og behageligste Videnskab om den Tre-eenige Gud, hans Aabenbaring og Gjerninger om den Herre Ieso Christo og hans saa dyre Megler-Embede, om Verdens Sk-,;bE,-lse om Englerne, Dievlene, Menneskerne og om alle andre Creaturer og Jordens Vext etc. De skarpsindige til Fornøyelse, de Eenfoldige og Uoplyste til Undervisning og Opmuntring, enhver til Nytte, alle til Opbyggelse at Læse."

Elles kan ein finna andre bøker, m.a. ei Abc-bok, Pontoppidans lærebok i religion og "Lærebog i Evangelisk Christelig religion endrettet til brug i norske skoler."⁶¹ Andre fag enn religion var det enno ikkje tala om.

3. Tidlege forsøk med reglar for skuleverket

Det var presten si oppgåve å sjå til at born og ungdom fekk opplæring i kristendomskunnskap. Før den fyrste altargongen måtte dei møta fram for presten for å gjera greie for kva dei kunne av barnelærdomen. Dei geistlege kom og til å spela ei sentral rolle i framvoksteren av skulestellet i landet.

Ein kom i Kristiansand stift alt i 1680 med visse planar for skulen. Dette galdt fyrst i byane der biskop Jersin kom med framlegg om at "... udi hver Kjøbstad en sær Skole og Skolemester af Øvrigheden forordnes..."⁶². Ordninga skulle gjelda dei som ikkje sjølve hadde råd til å syta for annan skulegong for borna sine. Noko seinare, i Kærups bispetid (1733-51), vart det og kome med ein del føresegner for skulestellet i stiftet, men desse tiltaka skulle og berre gjelda i byane. Fyrst tidleg på 1700-talet vart det gjort ein del freistnader på å koma med ordningar for skulestellet på bygdene. Ei fatigforordning frå 1708 er det tidlegaste teikn på planar for ei betring av skulestellet på bygdene i stiftet. I denne forordninga vart det gjeve ei tilråding om bygging av skulehus. Noko konkret resultat av dette er det vanskeleg å finna i Vest-Telemark.⁶³

Frå amtmannen si side vart det og gjort noko for å betra kunnskapane til ungdommen. I eit skriv frå 7. oktober 1729 ba amtmann Christian Berg om at det skulle arbeidast med å få til eit ordna skulestell.⁶⁴ Men bygdene hadde lite eller ingen middel til å syta for at eit slikt påbod gav noko resultat. Eit meit konkret tiltak kom og frå amtmannen omlag på same tid.

Han freista å få med seg bøndene til å gi tømmer til skulebygg. Likeeins ville han at folk i bygdene skulle binda seg til å gi eit tilskott på 8 skilling i året av kvar hevd jord. Dette skulle vera til løn til lærarane. I Hjartdal fekk ein til ei slik ordning der bønder i bygda lova å gi 8 skilling kvar til skulestellet.⁶⁵

I København, der ein elles ikkje synte særleg interesse for skulen i Noreg, vart det i 1735 sendt eit kongeleg reskript om "Skolers Indrættelse i Norge på Landet."⁶⁶ Dette var på den tida Kærup var biskop i Kristiansand stift og han nytta høvet til å undersøkjja korleis det sto til med skulestellet rundt i bygdene. Han bad og prestane senda inn melding om korleis dei kunne tenkja seg å stø initiativet med å betra tilhøva for undervisningsarbeidet. Han fekk inn fleire positive svar og fleire av prestane synte stor interesse for tiltaket frå biskopen.

Skulle ein oppnå noko, måtte ein sjølvsgt ha økonomiske middel. Frå riksmakta i København fekk ein ingenting. Fyrst ein del årtier seinare vart det send pengar til stiftet. Men ein måtte og få til avtalar med bøndene. Mange stader synte dette seg vanskeleg. Mykje kan tyda på at nord i stiftet, i øvre Telemark, var dette særst ille. Folk flest åtte ikkje meir enn det dei trong sjølve og kunne soleis ikkje stø opp om planane for skulestellet, sjølv om dei tykte dette var positive tiltak. Men ein skal likevel ikkje leggja skjul på at det var noko misnøye med framvoksteren av skulestellet slik dette kom til å arta seg. Det vart ofte strid mellom embetsmenn og bønder, der dei siste nok følte at dei vart pressa til å stø desse tiltaka. Dei kjende det nok ofte som krav sette fram frå folk utanom deira eigne rekkjer, frå menneskje som representerte både eit anna sosialt skikt og ein annan kultur og levemåte.

4. Verknadene av det fyrste lovverket for skulestellet

Som ein har vore inne på tidlegare/kom lovverket til i ei tid prega av trua på opplysning. Lova av 1739 synte og ein optimisme og ei von om at folk stort sett hadde ei positiv haldning til dei same ideane. Rikard Berge finn soleis at noko betring i skulestellet førte lova med seg, men bygdene i nord og vest i stiftet låg mykje etter enno⁶⁷. Så seint som i 1746 vart det sagt om presten Hans Paus at han "var den første der bragte nogen Kundskab ud i Sognet, thi han gik ned i kirken, kastede Psalmerne op for de gamle, som kunde læse og fik dem til at synge, de Unge oplærte han meget flittig, og siden har Kundskaben udbredet sig mere og mere."⁶⁸

Etter denne tid tykkjst tilhøva å verte betre i denne delen av stiftet og Lund si omtale av skulestellet syner og at i tiåra etter at lova kom til stod det betre til med skulen. Han seier vidare: "De fleste kan baade skrive og læse afskrift, lige indtil Fruentimrene," og om folket i bygdene lenger nord i stiftet "... en Deel af de Unge lægge sig nu meget efter at skrive og rekne, og findes særdeles i Winnie og paa Tind adskillige Bønder-Karle som skrive temmelig vel." At Lund ga ei vel rosande omtale, syner andre kjelder som nett peikar på vanskelege tilhøve og lita interesse for skulestellet i Tinn⁶⁹. Tilhøva i skulen svinga ofte. Ein var ikkje berre avhengig av velvilje frå bøndene i bygda slik at tiltak fekk økonomisk stønad, men og av at det var personar som hadde interesse og initiativ til å sette lovverket ut i livet. Positive eller negative røynsler vil ofte vera knytt til personar, slik ein så ved t.d. Paus i Seljord eller Windfeld i Kviteseid, eller den negative verknad prosten i Tinn på slutten av 1700-talet hadde på skulestellet på grunn av si manglande interesse for slike saker.⁷⁰

Plakaten som kom to år etter forordninga av 1739 dempa på krava som vart sette fram i den fyrste lova. Samstundes førte dette til ei utsetjing av fleire av dei tiltaka lova tok sikte å få innført. Eit anna sentralt punkt var sjølvsgt den makta bøndene no fekk. Flatin ser på Plakaten som det fyrste opplegget frå sentralstyresmaktene til eit slag kommunalt sjølvstyre⁷¹. At ei slik meining var tilsikta var neppe truleg, men det kan vel vera mykje rett i det han seier vidare: "... bøndene utivi i bygdine lærde snart å nytte ut denne makti si, og det var ikkje til

bate for skulen. Arbeide med skipingi av skulen vart til ein strid mellom presten og øverheiti på den eine sida og bygdefolket på den andre, der dei sistnemnde for ein gong skuld hadde ivitake."

Det gjekk difor nokså seint med å koma i gang med dei ymse skuletiltaka. Det var nok ikkje alltid at det var uvilje mot skulen som var årsaka til dette, men heller trongen til å bruka den sjølvstenderetten ein no hadde fått i hendene ved den nye lova. Det tok ennå fleire tiår før ein fekk i stand skulefundasar i dei ymse prestegjelda i Vest-Telemark.

5. Tida fram mot 1800-talet.

I 1780-åra gjorde dansken Johann Michael Lund ei reise rundt i øvre Telemark. Han gav seinare ut ei bok om det han hadde sett og høyrte og her tok han m.a. for seg skulestellet. Det var alt då nokså vanleg at born fekk opplæring i 7-årsalderen og vidare skreiv Lund:

" I den Alder begynder Ungdommen og at lære og læse af de bestilte Skolemestere, som om Vinteren, hver i sitt Sogn, fare om, og opholde sig gemeenlig 8 Dage på hver Gaard. Saa maadelig som det uden Tvivl i Forrige Tider har staaet til med Skolevæsenet i disse Field-Bøigder, saa megen Aarsag er her nu, ved øvrighedens og Præsteskabets rosverdige Flid, til at troe, at samme kommer på en god Fod."⁷²

Vidare peika han og på kva for ei viktig rolle prestane spela ved å plukke ut skulehaldarar og gi desse opplæring. Desse utsegnene frå Lund syner at skulestellet utover på siste halvdel av 1700-talet hadde tatt seg opp.

Frå 1780-åra har ein og meir detaljerte opplysningar om skulestellet både frå Seljord og Kviteseid. På denne tida var det berre omgangsskular i denne delen av stiftet. Skulen tok til like etter jol og vara fram til midten av april, melde presten Wille frå Seljord⁷³. Han meinte vidare om desse tilhøva:

"I saa kort Tid kan Børnene ikke lære meget, men maae hele Sommeren og Høsten glemme, kvad de om Vinteren have lært. Da nu Skolemesterene selv ikke forstaae meget, er det høilig at undre over, hvorledes Ungdommen i saa kort en Tid dog kan lære at læse temmelig i en Bog, hvilket nok maa tilskrives oplyste Forældres private Undervisning, end den offentlige."

Det er no tydeleg at folk flest hadde eit meir positivt omdøme av det offentlege skulestellet. Problemet var framleis å skaffa dugande lærarar til bygdene. Berge peikar og på dette og han hevda at "dugleiken og kunnskapen til skulemeistrane var so som so, kann ein vita, med so stutt og klen opplæring nokre faa vikur hjaa presten."⁷⁴

Når det galdt styresmaktene i København veit me at dei synta lita interesse for skulestellet i Noreg, dette galdt ikkje minst for utdanninga av lærarar. Ved eit par høve kjenner ein likevel til at statsmakta gav stiftet lovnad om pengemiddel til skulestellet. I 1773 vart det lova eit tilskott på 100 Rdl. for året og noko seinare, i 1791, kom det eit nytt tilbod om økonomisk stønad og no på 400 Rdl.⁷⁵ Desse midla skulle kanaliseras gjennom stiftsdireksjonen. Både biskopen og stiftsamtmannen var nok mest interesserte i å bruka desse pengane til drift av eit seminar for lærarane. Det var tanken at ein ville starta eit seminar i kvart av prostia i stiftet. Men eit slikt desentralisert opplegg der læreviljuge ungdomar kunne koma å få ei stutt opplæring i undervisningsarbeid, ville ikkje styresmaktene vera med på. Pengane, meinte dei, skulle brukast til å byggja skulehus.

Ein har tidlegare vore inne på biskop Peder Hansen sin innsats for skulestellet i stiftet. Han var oppteken av å betra opplæringa for skulehaldarane. På sine visitasreiser i stiftet hadde han støtt på mange ulike lærarar. Han fann nok lite å gleda seg over når det galdt desse tilhøva.

Gjeldande regel ved århundreskiftet for opplæring til skulehaldaryrket var at

"Presterne i Overensstemmels med Rescriptet av 14 de Novbr. 1794 skulle formaaes til at undervise skoleholdere"⁷⁶. Dekne- og klokkarembeta skulle sameinast med læraryrket. Samstundes skulle inntektene for desse offentlege embeta gi betre og sikrere løn for læraren. På denne måten vart så klokkar- og læraryrket gjort til ei slag kyrkjeleg teneste. Denne ordninga vara nokså lenge. Den personen som hadde desse embeta, klokkar og lærar, vart gjerne kalla kyrkjesongar.⁷⁷

Det var fleire av prestane i Vest-Telemark som synte interesse for skulestellet. Den innsatsen Peder Hansen la for dagen, var og ei oppmuntring. Men tidene kunne raskt skifte og dei var framfor alt lite prega av stabile og ordna tilhøve. Eit vitnemål om dette har ein frå kapellan Heibroch i Tinn. Han kom dit i 1803 og fortel m.a. at det ikkje hadde vore halde konfirmasjon der i prestegjeldet på to år og at talet på dei som ikkje hadde gått for presten var særleg høgt. Mellom dei som ikkje var konfirmert, var det fleire som var over 25 år, medan andre hadde gått for presten i seks til sju år.⁷⁸ Kapellane prøvde å gjera noko og då særleg for å syta for skulehaldarar og "... da har jeg tænkt at faa disse skoleholdere til mig for at danne dem til alt, hvad der nærmest angaar den herværende ungdoms bedre oplysning," sa han vidare. Men han fann dette vanskeleg. Lærarane der på staden var "løse folk" som om sommaren arbeidde hos bøndene og om vinteren var dei opptekne med å halda skule. Kapellan Heibroch måtte difor nytta sundagane til undervisning. Ein annan prest i Tinn, Elias Heltberg, klaga og over tilstandane i skulen.⁷⁹ 34) Han ynskte at det skulle vera ein særskild person til å ta seg av opplæringa av skulehaldarar.

Ein sette etter kvart strengare krav til dei som skulle verta skulehaldarar. I denne tida var det og ei veksande interesse for skulespørsmål i Vest-Telemark, dette både hjå lek og lærd. Samstundes følte prestane at oppgåva med å syta for opplæring av skulehaldarar vart for omfattande og krevjande. På starten av det nye hundreåret kom slike problem til å prega arbeidet med skulestellet på bygdene. Initiativet til biskop Peder Hansen sette og sitt preg på innsatsen for skulen. På denne bakgrunn må ein og sjå Windfelds og dei andre prestane sin innsats for skulestellet i det øvre Telemark.

III. OPPSTARTING AV SEMINARET I KVITSEID

1. Niels Windfeld, mannen og ideen

a) Biografisk skisse

Niels Windfeld vart fødd på Øllufsgaard på Jylland 23. desember 1735. Faren, Jens, var forpaktar på ein stor gard, og Niels vaks opp i eit solid bondemiljø.⁸⁰ Han hadde sin fyrste skulegang heime på garden, der dei hadde huslærar. Windfeld reiste så til Ribe Latinskule og tok examen artium der. Deretter bar det til København der han i 1758 avla teologisk embetseksamen. Kort tid etter drog han til Noreg og arbeidde ei tid som kapellan og huslærar ulike stader til han vart kapellan hjå sokneprest Brochmand i Kviteseid i 1765. *)

*) Det er noko usemje om desse tidfestingane i dei kjeldene ein har bruka. Fleire set 1767 som det året Niels Windfeld tok til som kapellan i Kviteseid og 1776 for året då han vart sokneprest. M.a. nyttar H.G. Heggtveit, s. 494, og Sverre M. Skrede, s. 16, desse årstala. Når ein vel å nytta årstala ovanfor, synest desse vara henta frå sikrere kjelder. Årstala finst i "Kaldsbogen for Hvideseid", "Prestekaldsfortegnelse" frå det danske riksarkiv, og "Norske åpne brev og norske innlegg, 22/9 1773."

I 1773 fekk han kallsbrev som sokneprest i Kviteseid og skulle følgje etter Brochmand i dette kallet. Prosteembetet overtok han i 1794, men han sa ifrå seg dette embetet i 1802 på grunn av sin høge alder. Han vart elles verande i sitt kall som sokneprest til sin død 23. juni 1810.

Windfeld vart verande i Kviteseid frå han kom i 1765 all sin dag. I 1767 gifta han seg med Anne Sofie Meldal. Ho var syster til kona til sokneprest Brochmand. "Moster", som ho på folkemunne vart heitande, var dårleg lika av folk i bygda og var visst til lite glede for mannen sin.⁸¹ I 1793, 71 år gamal, døydde ho. Alt i februar året etter gifta Windfeld seg med Christense Paus, dotter til sorenskrivaren Hans Paus. Heggtveit,⁸² seier at "... det ser ut til at Windfelds husliv heretter blev lykkelig." Christense var omlag 20 år yngre enn mannen og ho levde til 1823. Båe ekteskapa var barnlause.

Niels Windfeld vann seg eit kjært og godt namn i prestegjeldet. Han var ein praktisk mann med sans for det som opptok folk i det daglege arbeidet. Windfeld kom til å interessera seg for ulike oppgåver i sitt lange virke i Kviteseid. Han var m.a. kjend for å vera ein flink gardsstyrar og prestegarden tok seg godt opp i hans tid.⁸³ Når det galdt hagebruk har han og skaffa seg eit namn i saga. I ei reiseskildring frå 1770-åra, "Reise gjennom Øvre Thelemarken", vart hagen på prestegarden nemnd særskilt som eit døme på godt hagebruk.⁸⁴ Elles vart det og hevda at Windfeld "... lærte Telemarkens bønder at dyrke kartofler..."⁸⁵

Windfelds liv og embetstid fell saman med utbreiinga av dei rasjonalistiske ideane. Det finst mange døme på at han var ein varm talsmann for dei nye tankane. I tillegg til interessa for jord- og hagebruk finn ein fleire område der ein ser opplysningsmannen bakom. I hans tid vart det i Kviteseid oppretta eit "Læseselskab for opplysning og gode sæders udbredelse."⁸⁶ I 1776 gav han fire større bokverk til det nyoppretta biblioteket ved Kristiansand skule.⁸⁷ I 1803 var han mellom dei som søkte biskopen om å få nytte "frie texter af den hellige Skrift ved deres offentlige Foredrag fra Prædikestolen."⁸⁸ Han ønskte og å ta i bruk den evangelisk-kristelige salmebok til gudstenestene.⁸⁹

Ein av dei mest typiske representantane for rasjonalismen i Danmark/Noreg, Peder Hansen, var biskop i Kristiansand frå 1798 til 1804. Biskopen har nok freista å påverka embetsbrørne sine i stiftet med sine idear. Han hadde og stor interesse for det arbeidet dei geistlege gjorde i dei ulike prestegjelda. Og særleg var det arbeidet med skulestellet som opptok han mest.

Ein kan vel rekna med at Windfeld i dei fleste sakene hadde eit positivt syn på verksemda til biskopen. Nokon kontakt har det vore mellom Peder Hansen og Windfeld. I 1803 var det bispevisitas i Kviteseid og biskopen skal og ha sagt at han lika prost Windfeld.⁹⁰ Vidare seier Erik L. Jørgensen i sin artikkel om Windfeld at "biskop Hansen var en god ven af Niels Windfeld. De to havde fundet hinanden i deres fælles bestræbelser paa at forbedre almueskolen og fattigvesenet."⁹¹ Ein skal vel vera noko varsam med å leggja for mykje i slike utsegn, men ein kan i alle høve rekna det for truleg at Windfeld hjå biskopen fann støtte i sitt initiativ for skulestellet i Kviteseid.

Eit interessant døme på kor godt lika Windfeld var, har ein i ei bygdemålsvis frå 1784. Folk i prestegjeldet sette tydeleg stor pris på den hjelp han gav dei i praktiske spørsmål. Tilhøvet mellom embetsmenn og folket i bygda hadde ikkje alltid vore godt. Men med Windfeld synest det berre å vera ei meining om det arbeidet han gjorde for og i bygda. I innleiinga til visa står det m.a.: "Bøndene tala i Hop om Deires Lærare, Aa dei blei Alle Samstava Som Ein man:

Gu Vælsigne Presten Kaans, som æ ut på Qvitesei, Han Æ Ein Vælsigna mann i Alleting, Heer Heve Alle Vore slik Ein Prest..,"⁹². Etter desse orda kjem ei vise med 15 vers der presten vert rosa og takka for sitt virke i prestegjeldet. Skrede peikar og på at Windfeld hadde eit godt lag med ungdomen, "... han var framifrå til å spyrja ut ungdom på kyrkjegolvet"..⁹³

Windfeld var prest i Kviteseid i meir enn 40 år. Han var ein god lærar og ein dyktig embetsmann for bygda. Av dei tiltaka som er knytt til namnet hans, står opprettinga av eit

seminar for omgangsskulelærarar som det viktigaste.

b) Niels Windfelds gåve til skulestellet i Kviteseid

I tillegg til å syna ei positiv interesse for opplysningsarbeidet og skulestellet ønskte Windfeld å stø dette arbeidet økonomisk. Hans personlege økonomi må ha vore god.

Han var gift to gonger og båe ekteskapa gav han økonomiske fordelar. Eit geistleg embete på den tida kunne og gi gode inntekter, og Landstad seier om han at han samla seg ein formue: "... thi ligesom han var nøiaktig i sine Forretningers udførelse saa var han ogsaa nøiaktig i at indkræve sine Rettigheder."⁹⁴ Windfelds førte ikkje noko kostbart sosialt liv, sjølv om Kviteseid på hans tid hadde eit, innslag av embetsmenn. Dei midla han rådde over, bruka han til ganlege føremål for bygda og folket.

Ved eit testamente frå 1779 mellom Anne Sophie og Niels Windfeld vart det sagt at den av dei to som levde lengst skulle overta fellesboet deira.⁹⁵ I 1793 fekk og Windfeld retten til å disponera over "afterladenskabene" etter Karen Margrete Brochmand. Ho døydde i 1793 i ung alder. Karen Margrethe var systerdotter til Windfelds fyrste kone og på grunn av den omsut og omtanke han hadde synt henne, hadde ho gitt han denne retten.⁹⁶ I testamentet frå 1793 ser ein at Windfeld var overtydd om at det og var hennar ønskje at dei midla ho etterlet seg, skulle brukast på ein nyttig måte, og skriv "... hvorfor jeg paa bemeldte Sal. Jomfru Karen Margrethe Brochmands Vegne, herved forordner, at efter min Død skal 1.000 Rdl. være henlagt til Efterslektens Brug." Rentene av denne summen skulle i fyrste omgang gå til Karen Margrethes eldre bror, men etter hans død "... skal bemeldte Capital - 1.000 Rdl. - tilhøre Hvidesøe Præstegjelds Skole-Kasse, og Renter deraf anvendes til Skole Undervisningens Forbedring, da jeg forbeholder mig nærmere at fastsætte Måden hvorledes jeg troer, at disse Renter bedst Kunde bruges til Guds Ære og Ungdommens Oplysning, ..." Om Windfeld sjølv skulle døy før han fekk avgjort kva pengane skulle brukast til, skulle "Skoledirecteurene etter bedste Indsigt" fastsetja dette.

Då dette testamentet var skrive, hadde enno ikkje Windfeld konkrete planar om korleis legatet skulle brukast. Han ville sjølv finna ut den måten som ville vera den beste for ungdomen i bygda. Planar om seminar var enno ikkje særleg aktuelle her i landet. Drøftingane forut for seminaret i Tønsberg hadde ikkje tatt til, men seminaret ved København, Blågård, hadde alt tatt opp dei fyrste elevane.

Korkje tanken om seminar eller fastskule var særleg aktuelle. Bak opprettinga av legatet stod i fyrste omgang eit ønskje om å betra skulestellet i bygda og på den måten gjera noko for den oppveksande ungdomen.

I 1798 skreiv Windfeld saman med den andre kona si, Christense, eit nytt testamente.⁹⁷ Her vart det sagt at om Windfeld døydde fyrst av dei to - noko som var mest sannsynleg på grunn av skilnaden i alder mellom dei - skulle kona overta disponeringa av heile boet. Dei sette og opp punktvis korleis arven skulle fordelast. I tillegg til den arven slektningane skulle ha, sette dei og opp eit punkt om støtta til skulekassa i prestegjeldet; han ville gi "... 1.000 Rdl. efter den af mig giorte Disposition, under 15. August 1793 ...".

Testamentet inneheldt ikkje noko meir enn ei slik tilvising til det testamentet han sette opp fem år tidlegare.

*) Det finst kjelder som ut frå dette testamentet meiner at Windfeld no gav ein sum, 1.000 riksdalar, til oppretting av ein fast skule i Kviteseid. Sjå:

Stfh. 1845, bd. V, s. 11 og Dahl, s. 4.

Ordlyden i testamentet av 11. september 1798 gir ikkje grunnlag for dette. Heggtveit, s. 495, seier og at dei konkrete planane om fastskule fyrst kjem fram seinare.

Windfeld ville koma attende til korleis han ønskte å disponera legatet. Fyrst frå 1807 har ein kjeldemateriale som inneheld meir om desse planane.⁹⁸ Det er vanskeleg å seia noko konkret om kva årsakene kan vera til at det tok såpass lang tid før han fastsette kva pengane skulle brukast til. Ei av årsakene var problemet med å skaffa tomt og gard til fastskulen. I eit brev til kongen gjorde han greie for planane sine, han ville bruka pengane til å byggja eit skulehus. Det var hans ønskje å få sjå dette arbeidet fullført medan han levde. Windfeld ville gjerne sjå eit konkret resultat av dei midla han hadde gitt til Kviteseid skulekasse. Han trudde ikkje at heile summen ville gå med til huset, men at det ville stå att ein rest som skulle vera grunnlag for ei høveleg løn til læraren ved skulen. Han meinte dette var ein viktig føresetnad for å få til ei gagnleg ordning.

Som lærar ønskte han å tilsetja ein dyktig seminarist, "... der som Skolelærer kunde veilede og oplære baade de vordende Omgangsskoleholdere og andre Børn, der havde Lyst og Hoved til at lære ..." Med dette var og planane klåre for kva Windfeld ville bruka legatet til: ein fastskule der dei borna som sokna til denne skulle gå, og samtidig skulle skulen vera eit slag seminar for ungdomar som ønskte opplæring til skulehaldargjerning i omgangsskulane.

Med dette hadde Windfeld lagt eit økonomisk grunnlag for framvoksteren av den fyrste fastekulen i øvre Telemark, men og for å gi lærarane ei meir grundig og systematisk opplæring til undervisningsarbeidet dei skulle driva.

c) Plassering og bygging av skulehuset

Eit av dei problema Windfeld støtte på då planen om å byggja eit skulehus var fastlagt, var å finna ein eigna plass for skulen. Dette peika han og på i brevet til kongen.⁹⁹ Der gav han uttrykk for at "... Jord, hvor en beqvem Skolebygning kunde opføres og Læreren have Græsning og For der til 3 a 4 Køer samt lidet Agerbrug er meget vanskelig at overkomme, saavel i Henseende til Stedets beqvemme Beliggenhed, som og dens Kostbarhed."

Det var soleis Windfeld si meining å finna ein gard der det var plass til å reisa eit skulehus. Plassen måtte vera passeleg stor til å vera tillegsnæring for skulelæraren og familien hans. Hovudsoknet i prestegjeldet låg i Sundbygda og det ville vera naturleg å leggja skulen der eller ein stad nær kyrkja og prestegarden.

Det kan sjå ut som Windfeld har prøva å finna ei slik løysing utan å lukkast i det. I samband med dette problemet vende han seg til rikets høgste styresmakt, Kong Christian 7. Han gjorde her kongen kjend med legatet og dei planane han hadde for bruken av desse midla.

I leitinga etter ein høveleg plass for lærarbustad og bygging av skulehuset, nemnde han den benifiserte garden Kyrkjegroven eller Staulen (Kosi) som den og vart kalla. Denne garden låg ved bygdevegen mellom Kviteseid og Brunkeberg omlag 5 km frå Sundbygda. Plassen låg "... innunder ei ufsut lid mellom Groven og Omtveit..., lognt og fint med bratte hallande jorde."¹⁰⁰ Kosi, med plassen Kyrkjegroven hadde høyrte til Kviteseid prestebol frå midten av 1600-talet. Når garden høyrde til kyrkja, måtte saka om å få ta over garden, leggjast fram for kongen, som etter reformasjonen hadde eigeomsretten til kyrkja sitt gods. Windfeld søkte difor kong Christian om "... at bemeldte Kirkegroven dertil allernaadigst maate skienkes, ... og at Læreren ved den samesteds indrettede faste skole maatte beboe og bruke Gaarden .."¹⁰¹

I april året etter fekk Windfeld melding frå Kristiansand ved stiftsdireksjonen om at kongen hadde gitt eit positivt svar. Det var utstedt eit reksript med dette innhald: "Herved tillades, at ovenmeldte Gaard Kirkegroven kaldet, maa på grund af Provst Windfeld ansøgte Maade skjenkes til en fast Skole-Bygnings Opførelse for Præstegjeldet, dog at Gaardens nuværende Bygselmand og Hustru derved ikke krænkes i deres lovlige Rettigheder."¹⁰²

Med dette kongelege reskriptet kunne Windfeld for alvor realisera planane sine. I eit skriv til stiftsdireksjonen seinare same året, gav han uttrykk for stor glede over det positive svaret han hadde fått på førespurnaden sin. Han rekna med at ein innan kort tid kunne starta opp byggearbeida. Han sende ” ... et Afrids til Bygningen, som 5 Værelser, en Skolestue med et Kamers hos en Stue for Læreren med Kamers og et Kiøkken.”¹⁰³ Windfeld var sjølv arkitekt for skulehuset. Teikninga gjekk til stiftsdireksjonen som godkjende ho. Arbeidet med bygging av skulehuset vart sett i gang stutt tid etter. Windfeld fekk løfte om at det skulle vera ferdig og klårt til innflytting hausten 1810. Men alt gjekk ikkje heilt etter Windfelds planar og byggearbeidet vart seinka.

Eit anna problem som og seinka oppstartinga av skule- og seminarverksemda, var at garden Kyrkjegroven ikkje stod ledig. Der budde den gamle leilendingen Halvor Torvildson og kona. Dei hadde haldi til på denne plassen sidan 1801 og det var Windfeld si meining at dei skulle få bu der alle sine levedagar. Halvor levde til 1816 og garden var fyrst ledig etter hans død.

Windfeld fekk ikkje sjølv sjå planane realiserte. Han døydde sommaren 1810, 75 år gamal, og andre måtte ta initiativet til fullføringa av planane hans.

d) Lærer til Windfelds skule

Windfeld såg det viktige i å ha ein dugande lærar for skulen. Valet skulle falla på Thore Thoresen, ein ung mann med godt emne. Det kunne verka noko underleg at Windfeld skulle ta denne ungdomen og heilt gå utanom dei som var omgangsskule-lærarar i prestegjeldet. Det var 11 omgangsskulelærarar tilsaman i heile prestegjeldet og desse hadde truleg fått si opplæring av Windfeld. Ein særskild dyktig mann hadde han og i klokkaren, Ole Bjørnsen. Han vann seg eit namn som ordførar i bygda og stortingsmann frå Bratsberg amt. Det var rimeleg at det låg stor omtanke bak valet av Thoresen til lærar for skulen. Thore vart fødd 9. mars 1789 på garden Djuvland i Sundbygda.¹⁰⁴ Han var son av kyrkjesongaren i hovudsoknet, Thore Gunsteinson. Faren døydde kort tid før guten vart fødd. Mor til Thore gifta seg opp att og vart buande nå Draugedalen ikkje langt unna. I 1803 stod Thore til konfirmasjon og fekk då den fremste plassen blant konfirmantane. Han synte gode evner for boklege fag og fekk ein god attest frå soknepresten. I mai 1806 sende så Windfeld Thore Thoresen til Blågård seminar. Om dette seier Thoresen sjølv at han ikkje var klår over om Windfeld hadde nokon spesiell hensikt med dette, men han bad han berre koma attende til Kviteseid og seg sjølv når utdanninga var ferdig.¹⁰⁵

Det kan vel vera at Windfeld ikkje hadde diskutert planane sine med Thoresen. Han rekna med at presten ville gi han ei solid utdanning for arbeidet i skulen seinare. Enno var planane til Windfeld for usikre til å gi lovnad om spesielle arbeidsvilkår til Thoresen.

I brevet til kongen frå 1807 kom det klårt fram at Windfeld ønskte Thoresen som lærar ved skulen. Han peika på at han hadde sendt Thoresen til Blågård for å gi han best mogleg utdanning for det arbeidet han skulle driva seinare. Thoresen var ferdig med si treårige utdanning i 1809, og han kom da attende til heimbygda si. Det var Windfeld sin plan at skulehuset på Kyrkjegroven skulle stå ferdig omlag på denne tida. Då byggearbeidet ikkje var fullført, tok Thoresen seg arbeid som huslærar hjå sokneprest Kaurin. Etter eit år i denne stillinga rekna han med å starta opp ved fastskulen. Windfeld hadde på si side sendt vitnemålet frå Blågård og ei attest frå Kaurin til stiftsdireksjonen for å ordne med den formelle godkjenninga av Thoresen som lærar ved fastskulen.¹⁰⁶ Men det var enno for tidleg å få sett Windfeld sine planar ut i praksis. Kort tid etter døydde Windfeld og Thoresen forlet bygda for å ta seg arbeid andre plassar.

e) Frå plan til fastskule og seminar.

Planane om å betra skulestellet i Kviteseid med å skipe til ein fastskule med eit lærarseminar har truleg blitt til over eit langt tidsrom. Då Windfeld i 1793 hadde økonomi til å danne eit legat der midla skulle nyttast til skulestellet i Kviteseid, var ikkje planane for kva pengane skulle brukast til klårlegde. Av det materialet ein har hatt tilgjenge til, går det fram at ideen om ein fastskule og seminar fyrst kom til uttrykk omlag i åra 1805-07. Sjølv sagt kan han ha hatt desse planane ei stund, men fyrst på den tida vert det gjort noko konkret for å få sett dei ut i livet.

Føremålet med tiltaket var då å "ophjelpe Skolevæsenet i Hvidesøe Prestegjeld." Det var altså berre eit initiativ som galdt Kviteseid. Tanken på eit seminar for større område av øvre Telemark, var nok ikkje aktuelt då. Windfeld ønskte fyrst og fremst å syta for ei betre utdanning for "sine eigne" skulehaldarar. Han sjølv hadde vore deira lærar, men fann denne oppgåva for krevjande m.a. på grunn av sin høge alder og det store arbeidsområdet han elles måtte rekkja over.

Seinare, i 1810, kom tanken om ein skule fleire prestegjeld kunne nytta for opplæring av sine lærarar.¹⁰⁷ Denne utvidinga hadde dessutan samband med å sikra ei skikkeleg løn for læraren ved skulen. Kunne fleire dra nytte av tiltaket, ville det vera fleire til å stø skulen økonomisk. Windfeld hadde sjølv lova å gi stønad til drifta av skulen. Han rekna nok med at andre prestar kunne vera med på ei liknande ordning om dei fekk eit betre opplæringstilbod for skulelærarane sine enn dei kunne ordna med sjølv.

Ein må rekna med at Windfeld sine skuleplanar var kjende mellom fleire av prestane i prostiet. Like etter at Windfeld var død, skreiv fru Windfeld eit eige testamente.¹⁰⁸ Her kjem det klårt fram at skulen på Kosi skulle opplæra "... de vordende Skoleholdere for øvre Telemarken Provstie." Dette hadde vore Windfelds siste tankar om dette tiltaket. Han ønskte at dette skulle vera eit tilbod som dei andre sokneprestane i prostiet kunne dra nytte av. Med desse utsegnene er ein komen fram til dei endelege planane slik dei nokon år seinare vart realiserte.

Den viktigaste årsaka til at ein fekk eit seminar og ein fastskule i Kviteseid, var sjølv sagt Windfelds ønskje om å gjera noko for skulestellet. Planen var i fyrste rekkje å stilla til rådvelde eit legat og nytta rentene til å betra lønstilhøva for lærarane i bygda.. Men seinare ønskte Windfeld å bruka midla til eit spesielt formål. At resultatet vart skipinga av eit seminar i prestegjeldet, bygde nok på ei utradisjonell vurdering. Øvre Telemark låg isolert og langt frå byar og større tettstader. Området var grisgrendt og folket hadde ikkje alltid sett med velvilje på tiltak frå embetsmenn.

Ein skal sjølv sagt vera klår over den verknad biskop Peder Hansen kan ha hatt i denne saka. Biskopen hadde på si side gjort mykje for å opplæra lærarane i stiftet ved sine lærarkurs tidleg på 1800-talet. Windfeld kunne gjerne ha diskutert planane sine med biskopen. Når Windfeld i eit brev frå 1810 nemnde at det var "efter en Vens Raad" at han arbeidde vidare med planane om fastskule og seminar på Kosi, kan denne venen ha vore biskopen.¹⁰⁹ Det kan og ha vore andre personar som gav Windfeld råd i denne saka. Sokneprest Eiler R. Kaurin i Lårdal hadde og eit positivt tilhøve til opplysningsarbeidet. Det var han som seinare tok opp arbeidet med oppstartinga av skulen på Kosi då Windfeld hadde gått bort. Det var truleg ei positiv interesse for skulespørsmål mellom fleire av prestane i prostiet, noko som kan ha verka inn på planane til Windfeld.

Windfeld sjølv døydde før han fekk sjå noko meir handgripeleg resultat av planane sine. Men utan hans initiativ og iver ville ein aldri ha fått ein slik skule i Kviteseid alt tidleg på 1800-talet. I kallsboka for Kviteseid prestegjeld har M.B. Landstad dei siste dagane han var sokneprest der, skrive om Windfeld. Han følte han var denne mannen stor takk skuldig og

skreiv m.a.:

"Han efterlod ingen Afkom, intet stort og berømmeligt Navn, men han efterlod et hæderligt og velsignet Minde i den lille Kreds, hvor han arbeidede, og hvor man saae og erkjente hans rene og Gudfryktige Levnet, hans stille fordringsfrie Gjerning, hans Iver for Oplysningens Udbredelse og hans Duelighed som Embedsmand, som Religionslærer og Sjælesørger."¹¹⁰

2. Det vidare arbeidet med seminarplanane.

a) Zetlitz og Kaurin

Det var diktarpresten Jens Zetlitz som følgde etter Windfeld som sokneprest i Kviteseid. Zetlitz var på mange vis ein større personlegdom enn Windfeld. Han var og prega av opplysningstidas idear og arbeidde for å utbreia lærdom og kunnskap der han hadde si gjerning.¹¹¹ Han fekk difor ein god attest av biskopen sin, Peder Hansen. Meir kjend er nok Zetlitz som diktar og det finst mange soger om hendingar frå livet hans.

I 1811 fekk han kallsbrev som sokneprest for Kviteseid prestegjeld. Det tok ikkje lang tid før Zetlitz tok initiativet til å føre vidare planane Windfeld hadde med fastskule og seminar på Kosi. Han hadde alt før han var flutt til Kviteseid, tatt kontakt med sentrale personar i bygda for å få kjennskap til lokale tilhøve. Alt 4. juli 1812 sende han eit skriv til biskop Sørensen i Kristiansand og minte han om legatet og planane til Windfeld.¹¹² Sørensen vart tilsett som biskop i 1811 og hadde nok lite kjennskap til skuletilhøva i øvre Telemark. Zetlitz peika difor på at Windfeld hadde tenkt på " ... et slags Seminarium for Skoleholdere til hele øvre Tellemarkens Provstie saa at der saa skulde udgaae en bedre og dueligere Klasse af Skoleholdere... ". Zetlitz la samtidig fram ein plan for undervisninga ved skulen og eit framlegg til korleis ein kunne løysa spørsmålet om løn til læraren. Han meinte at det no var viktig at saka fekk "et lidet Fremstød."

Zetlitz som elles ikkje var kjend for å vera så samvitsfull i alle embetsaker, hadde sytt for at saka vart tatt opp att. Biskop Sørensen tok like etter kontakt med Kaurin som hadde blitt sokneprest i Seljord og prost etter Windfeld. Kaurin som biskop Keyser hadde tenkt som sokneprest i Kviteseid etter Windfeld, var ein dyktig embetsmann. Han hadde og synt interesse for opplysningsarbeid og for skule- og fatigstellet.

Kaurin tok med interesse og iver opp arbeidet med å fullføra planane om fastskule og lærarseminar. Etter å ha blitt beden om det av biskop Sørensen, sende han ut ei subskripsjonsliste til dei åtte andre sokneprestane i prostiet.¹¹³ Liknande ordning vart bruka ved opprettinga av Tønsberg seminar. I det skrivet som følgde lista, bad han dei vera med "... paa et Aarligt Bidrag til Lærereens Løn..." Kaurin meinte sjølv at læraren burde ha omlag 500 til 600 Rdr årleg for arbeidet ved skulen.

Så høgt burde løna setjast for å få ein dyktig lærar til skulen, meinte han. Når læraren sidan kunne ta i bruk garden Kyrkjegroven, ville løna verta lågare. Kaurin minte og embetsbrørne sine om den plikta dei hadde til å ta seg av opplæringa av skulehaldarane. Han meinte at dei no måtte stø dette tiltaket så lenge ein ikkje hadde andre måtar å løysa denne saka på.

Reaksjonen på subskripsjonen var positiv. Alle prestane ville vera med å stø tiltaket med pengar. Det vart gitt løfte om stønad frå 4 til 20 Rdr årleg. I tillegg hadde fleire av skulekommisjonane gitt lovnad om liknande stønad. Den samla summen rokk ikkje til storleiken på løna Kaurin hadde gjort framlegg om. Ein måtte difor sjå seg om etter andre løysingar.

Kaurin ønskte ei snarleg avklåring i denne saka og vende seg på ny til biskopen i stiftet.¹¹⁴ I eit nytt skriv gav han ei lengre utgreiing om planane om fastskule og seminar. Han peika på dei store føremoner det ville vere å få sett i gang verksemda ved skulen. Difor bad

han stiftsdireksjonen å godkjenna framlegget hans og å fremja saka for kongen i København. Seinare ville ein utarbeida ein undervisningsplan.

Det har vore vanskeleg å forfølgja saka si gang vidare. Både Bechholm og Dahl¹¹⁵ seier at ho ikkje førte fram. Ein har i samband med dette freista å finna ei grunngeving for dette avslaget i eit eventuelt svar til stiftsdireksjonen. Leiting i arkiv, både i Noreg og Danmark, har ikkje gitt noko resultat.¹¹⁶ Det einaste som finst er konseptet av brevet frå prost Kaurin. Søknaden synest då ikkje å ha blitt fremja korkje for stiftsdireksjonen eller for kancelliet. Om saka likevel skulle ha kunna passera alle offisielle kanalar og skrivet ikkje vart registrert, er det vel truleg at Bechholm sin konklusjon måtte ha vore rett; søknaden vart avslått. Danskane hadde jo gjennom lenger tid lagt vanskar i vegen for tiltak som ville betra skulestellet i Noreg. Blågård seminar skulle vera eit slags riksseminar. Dessutan var på denne tida dei storpolitiske tilhøva i Europa usikre. Danmark/Noreg stod på den tapande part si side i Napoleonskrigen og stod ovanfor eit militært trugsmål. Det var difor rimeleg at dei danske styresmaktene var meir opptatt av utanrikspolitiske saker enn spørsmål som galdt Noreg spesielt. Då bandet mellom Danmark og Noreg vart løyst opp i 1814 og landet kom i union med Sverige, var det dei norske styresmaktene som fekk i oppgåve å løysa dei påtrengjande skulepolitiske problema.

Kvifor Kaurin eventuelt ikkje fremja saka for høgare styresmakter, veit ein ikkje sikkert. Men det var truleg dei økonomiske problema som gjorde at saka vart utsett. I den næraste tida framover vart det ikkje tatt noko nytt initiativ for å arbeida vidare med seminarsaka. Ein gjekk inn i urolege og vanskelege år for landet og folket. Den materielle nauda var stor og dei fleste hadde nok med å livberga seg.

Ein skal elles merkja seg at stiftsdireksjonen ved amtmannen, tok kontakt med futen i Kviteseid, Florentz. Saka hadde fyrst og fremst hatt interesse for dei geistlege embetsmennene. Dei hadde og ansvaret for skulestellet. Stiftamtmanden, Løvenskiold, ba futen koma med ei uttale om dei planane Kaurin i 1812 hadde lagt fram.¹¹⁷ Florentz gav i det heile si støtte til tiltaket, og peika på den store nytten prestegjelda ville ha ved ein slik skule.

Fyrst i 1817 vart Kaurin beden om av stiftsdireksjonen å arbeida ut ein plan for "... hvorledes den paa Kirkegroven i Hvidesøe Præstegjeld intenderede Undervisningsanstalt for øvre Tellemarkens Omgangsskoleholdere bør indrættes."¹¹⁸

Kaurin handla raskt og berre omlag fire veker seinare hadde han utarbeidd eit fullstendig framlegg til plan for skulen. Stiftsdireksjonen godkjende framlegget frå prosten og fremja saka for regjeringa og kongen i Stockholm.

Saka må ha møtt ei positiv haldning frå desse styresmaktene. Alt 18. januar året etter vart det utstedt ein kongeleg resolusjon som godkjende planane for ein fast skule for gardane i nærleiken og ein "undervisningsanstalt" for skulehaldarar i øvre Telemark prosti.¹¹⁹

Resolusjonen var sett opp i tre hovudpunkt. Ein kunne no setja tiltaket i gang etter dei gjeldande reglar og gjevarens, Windfelds, vilje. Når det her vart peika på gjeldande reglar, galdt dette truleg lova av 1. juli 1816. Denne la grunnlaget for ein betre og sikrere økonomi for skulestellet i prestegjelda. (Sjå t.d. § 1 og 2 i lova.) Stiftsdireksjonen skulle elles fastsetja reglane og undervisningsplanane for skulen.

For det tredje skulle prosten og soknepresten i Kviteseid føra tilsynet med skulen. Prosten skulle difor i si melding om skulestellet i prostiet ta med ei uttale om tilhøva ved skulen på Kosi. Gjennom biskopen si årlege visitasmelding skulle regjeringa verta orientert om arbeidet ved skulen.

Resolusjonen galdt fyrst og fremst den formelle sida ved skulen. Det vart overlete til stiftsdireksjonen å fastsetja kva for innhald skulen skulle ha. Likeeins fekk dei lokale geistlege embetsmenn ein vesentleg innverknad på arbeidet ved skulen. Dette syner og kor bunden skulen på den tida var til dei geistlege styresmaktene.

Den norske staten hadde lita røynsle i samband med slike skulesaker. Det var på den

tida berre i Danmark og Tyskland ein hadde slik røynsle. Ein hadde i Danmark eit eige seminarreglement frå 1818, men det vart og kome med framlegg om å la prestane ta ansvaret for lærarutdanninga.¹²⁰ I Sverige vart det fyrste seminar for almueskulelærarar oppretta i 1830. Dette kom og etter privat initiativ.

b) Spørsmålet om løn til læraren.

Etter at Kaurin og Zetlitz tok opp att arbeidet Windfeld hadde sett i gang, kom dei økonomiske spørsmåla til å stå sentralt. Windfeld hadde peika på at det var viktig for å få ein god lærar til skulen at lønstilhøva var tilfredsstillande. Både Zetlitz og Kaurin arbeidde ut framlegg til løysing av dette spørsmålet.

Enkja etter Windfeld hadde i sitt testamente gitt nye 1000 Rdr til løn til læraren ved skulen. Men på grunn av endringar i pengeverdien etter bankreformen i 1813, vart summen etter dette temmeleg mykje nedskoren. Zetlitz hadde rekna med at læraren ved skulen skulle vera kyrkjesongar både ved hovudkyrkja og annekskyrkja i Brunkeberg. Han trudde vidare at dei andre soknekalla i prestegjeldet ville kunne yta noko.

Til sist peika han på at andre prestegjeld kunne senda sine skulehaldarar til Kosi og då ville ein kunne krevja ei viss økonomisk godtgjersle for dette.

Kaurin vart beden av stiftsdireksjonen om å utarbeida eit fullstendig framlegg til løysing av lønsspørsmålet. Subskripsjonslista gav berre ein stønad på omlag 164 Rdr. Ein måtte då få middel til lena frå andre stader. For det fyrste meinte han at dei gardane som låg nær skulen, burde betala ei avgift på 10 Rdr når desse no slapp å få utgifter i samband med omgangsskulen. Dessutan burde heile prostiet stø tiltaket økonomisk. Han gjorde difor framlegg om at av kvar tønne matrikelskuld i prostiet, skulle det betalast 12 skilling til skulelærarens løn.

Desse framlegga vart ikkje realiserte. Ein fekk pengereformen som endra pengeverdien. Dessutan var landet inne i ei vanskeleg tid politisk. Evna til å stø skulen etter planane til Kaurin var ikkje tilstades.

Det var fyrst etter lova av 1. juli 1816 at ein kunne ha von om å løysa denne saka på ein tilfredsstillande måte.¹²¹ Stiftsdireksjonen meinte no at skulekommisjonen burde gi stønad til skulen. Lova vart til for å hjelpa på dei verste problema skulestellet sto overfor i dei komande åra. Skulekassene i dei ulike prestegjelda skulle nytta sine middel slik at "... Skolelærerne kunne erholde fornøden Underviisning og passende Løn."¹²² I tillegg til dei inntektene skulekassa hadde, kunne ein no og "... ved Ligning paa Præstegjeldets Matricelskyld" sikra ein betre økonomi i skulestellet.

Dette har sjølvsagt spela ei avgjerande rolle for å få løyst problemet med løn til lærar ved skulen. Då Kaurin i 1817 sende søknaden om godkjenning av tiltaket, meldte han at skulekassene til saman hadde lova ei årleg støtte med omlag 260 Spd. I tillegg vedtok Kviteseid skulekasse at læraren og skulen skulle ha 8 tønner bygg in natura av deketollen. Med dette var økonomien sikra for nokre år framover.

c) Tilsetjing av lærar ved skulen.

Etter at det drog ut med oppstarting av seminaret, måtte Thore Thoresen reisa frå bygda, men med den utdanninga Thoresen hadde, ville han søkja seg stillingar med betre utcome og andre arbeidstilhøve. I tida fram til skulen starta? hadde han fleire lærarpostar, han var m.a. ved Holden og Næs jernverk sine skular. Han var og huslærar fleire stader.¹²³

Då Zetlitz i 1812 tok kontakt med den nye biskopen i stiftet, nemnde han at Thore

Thoresen var tenkt som lærar for skulen. Det kom fram av dette skrivet at Zetlitz var noko uviss på om dette var den heldigaste løysinga. Han rekna dessutan med at ein ikkje kunne venta at Thoresen kom attende til bygda. Zetlitz meinte nok at Thoresen ikkje lenger var skikka til å vera ved skulen. Thoresen hadde søkt selskap i andre kulturelle og sosiale kretsar enn dei han sjølv kom frå. Difor var Zetlitz tvilande til at Thoresen var eigna til å arbeida blant folket sitt lenger.

Det var rett nok at Thoresen hadde arbeidd blant dei "kondisjonerte", men ein kan og ana noko av striden om seminaristane frå tidlegare på 1800-talet bakom argumenta til Zetlitz. Ein kan sjølv sagt og prøva å sjå skepsisen til Zetlitz ut frå ei anna problemstilling. Det kunne virka som han var interessert i å ha klokkaren Ole Bjørnsen i denne posten. Bjørnsen var på denne tida lærar og kyrkjesongar ved kyrkja i hovudsoknet. Han var ein dyktig person, men framfor alt ein sær god ven av Zetlitz. Alt i 1811 hadde Zetlitz kalla Bjørnsen sin kjæraste ven.¹²⁴ Det gode tilhøvet mellom desse to vara livet ut. "Zetlitz var glad i aa hava ein aandsbror aa røde med, ein som kunne verdsetja honon og diktingi hans." Zetlitz trekte i ei melding om skulestellet fram Bjørnsen som eit føredøme for skulen i Kviteseid.⁴⁵ M.a. hadde fleire av dei andre omgangsskulelærarane i prestegjeldet fått undervisning av Bjørnsen og dette hadde gitt eit positivt resultat.

Kaurin var på si side ikkje inne på tanken å kalla Bjørnsen til lærar for skulen på Kosi. Futen Florentz peika og på at det var ei plikt for Thoresen å venda attende til Kviteseid for å ta til i stillinga ved skulen. Florentz hadde på vegne av Windfeld sendt pengar til Thoresen medan han var på Blågård.

For Thoresen sjølv var det nok ikkje noko tvil om at han skulle ta til ved skulen når den stod ferdig. I 1818 reiste han frå Nedre Telemark og til heimbygda si. Ei tid etter vart det halde eit møte mellom Kaurin, Zetlitz og Thoresen. Her sa Thoresen at han "... var villig til at paatage sig Undervisningen ved bemeldte Skole naar han kunde gjøre sig Haab om fremdeles at nyde den Løn som for 1818 var af Regjeringen sanksjonert."¹²⁵

Thoresen kunne då etter at stiftsdireksjonen hadde godkjend tilsetjinga, flytte til Kosi og ta til med arbeidet. Skulehuset hadde eigentleg vore klårt alt i 1812, men vart ferdig innreidd fyrst i 1818. Med dette var eit nytt viktig steg gjort for fullføringa av Windfeld sine planar.

d) Utarbeiding av ein undervisningsplan for skulen.

Windfeld hadde ikkje sjølv utarbeidd noko retningsliner eller planar for undervisninga ved skulen. Det viktigaste for han var å syta for ei betre utdanning for omgangskulehaldarane. For fastskulen galdt framleis innstruksen frå 1739. For seminarverksemd fanst det ingen offisiell plan eller retningsliner. Det var fyrst Zetlitz som i skrivet til biskop Sørensen i 1812 gjorde framlegg om konkrete undervisningsplanar. Han la skuleruta samtidig med det som var vanleg i distriktet: skuleåret starta 14. oktober og vara ut april månad. Vidare tenkte han seg å halda undervisning kvar dag og ein skulle undervisa i følgjande fag:

"Staving - Innlæsning - Declamation: at læse med Forstand. Skriveøvelser, Rætskrivning, Regning især af Hovudet ... Fædrelandets Historie, og naar Lærestalten kand skaffe en Atlas - noget Geografie, øvelse i Kirkesang og Cathecisation." Etter eit års skulegang skulle elevane prøvast av prosten for å venta godkjende som lærarar i bygda.

Det er interessant å leggja merke til at Zetlitz i dette framlegget tok med andre fag enn dei som tradisjonelt hadde høyrte med i skulane. Skulen si oppgåve hadde vore å gi elevane opplæring i den kristne trua. Alle born skulle læra å lesa, og om foreldra ønskte det, kunne borna læra å skriva og rekna. Biskop Hansen sin plan for lærarkursa hadde og eit liknande fagtilfang som det Zetlitz hadde tatt med.

Då Kaurin i 1817 vart beden om å koma med ein fullstendig plan, hadde han både framlegget frå Zetlitz og lærarkursa til biskop Hansen å byggja på. Kaurin sin plan inneheldt detaljerte oppgåver over korleis han tenkte seg verksemda ordna. Ein skal sjå på nokon av dei viktigaste punkta i planen, då ein der finn grunnlaget for undervisninga ved skulen i fleire årtier framover.

1. Kaurin rekna med at det skulle sendast minst ein person frå alle dei ni prestegjelda til Kwart årskurs ved skulen. Her ville ungdomane få fri undervisning i følgjande fag: "Stavelæren, Reenlæsning, Bibelhistorie og Religion, Skrivning, Regning, Norsk Sproglære, lidt Geographie og Naturlære." Praktiske øvingar i undervisningsarbeidet ville dei ha naturleg tilgjenge til ved fastskulen som heldt til i same huset.

2. Prestane i prestegjelda valde ut dei ungdomane som skulle få gå på skulen. Det skulle vera læreviljuge unge guttar som hadde gode evner. Dei måtte vera konfirmerte og ha fylt 17 år. Før nokon vart opptatt, måtte dei prøvast av læraren medan prosten var til stades. Det grunnlaget elevane hadde då dei kom til skulen kunne vera nokså ulikt, ein ville difor sikra seg at elevane kunne ta i mot den undervisninga skulen gav. Elevane måtte sjølve kosta utgifter til opphald den tida dei var ved seminaret.

Undervisningstida var sett til dei månadene dei ikkje var opptekne med arbeid heime. Skuleåret var dele inn i tre semester: frå januar til april, frå juni til medio juli og siste semester frå oktober til desember. Det skulle vidare vera undervisning tre timar om føremiddagen og tre timar ettermiddagen.

3. Borna frå dei næraste gardane måtte møte på fastskulen. Dei skulle følgja det tradisjonelle fagopplegget, men skuleruta fall elles saman med seminaret si. Læraren ved seminaret hadde hovudansvaret for undervisninga ved fastskulen, og elevane ved seminaret skulle etter tur vera med i undervisninga ved fastskulen.

4. Soknepresten og prosten hadde tilsynet med skulen. Dei skulle og vera til stades ved eksamen, og godkjenne elevane då dei var ferdige ved seminaret.

5. Utgiftene til vedlikehald og inventar skulle dekkjast av gardane kring skulen. Dessutan skulle alle prestegjelda i prostiet betala ein sum til dette.¹²⁶

Denne planen fekk stiftsdireksjonen si godkjenning. Den verkar nøktern og realistisk. Det er tatt omsyn til folkesetnadstilhøve i området. Kaurin rekna med at lærarane framleis ville verta rekrutterte frå småkårsfolk. Ein kunne difor ikkje rekna med at det ville vera lagleg å nytta onnetidene om våren og hausten til skulegong. Difor følgde ein denne noko spesielle inndelinga i tre terminar.

Kurset kom til å strekkja seg over 6 til 7 månader. Dette tykkjest vera lite når ein samanliknar med kursa ved t.d. Tønsberg seminar, som vara i to år. Men samanlikna med den utdanninga skulehaldarane elles fekk, var dette eit stort framsteg. Fagkrinsen verkar og passeleg omfattande, ein har gått bort frå ein del av dei faga Zetlitz i si tid tok med i sin plan.

Ordninga med eksamen eller godkjenning av elevane til arbeid i skulane vart uendra. Prosteeksamen vart framleis einaste vitnemålet om lærardugleik. Når ein rekna med at elevane skulle arbeida i prestegjelda i prostiet, var det heller ikkje naudsynt med nokon annan eksamensform.

19. januar 1819 tok så skulen til. Frå prestegjelda i prostiet møtte det 14 elevar, og frå dei næraste gardane møtte borna fram til fastskulen. Thore Thoresen tok endeleg fatt på arbeidet sitt som einelærer ved skulen.

Er det riktig å seia at Windfeld "skipa fyrste lærarskulen i Noreg", slik ein finn det på gravstøtta hans i Kviteseid? Ein har ovanfor peika på andre døme på tiltak for å få i gang utdanning for almueskulelærarane. Seminaret i Kviteseid fekk ei lenger søge enn dei tidlegare seminarforsøka. Dahl hevdar at Tromsø lærarskule var den fyrste i landet¹²⁷ og same synspunkt finn ein hjå Jørgensen og Ording som skriv at " ... det første helt offentlige

lærerseminar er stiftsseminaret i Tromsø stift, som begynte sin virksomhet i Trondenes i 1826.¹²⁸ Årsaka til at ein kallar dette det fyrste er at dette var det fyrste seminaret som fekk offentleg stønad.

Men om ein tek utgangspunkt i andre kriterium som t.d. offentleg godkjenning, var Kviteseid seminar det fyrste i landet. Den nye norske staten var i åra etter 1814 for fattig til å kunne stø allmueskulen økonomisk, og dessutan var den i dei fyrste åra meir interessert i det høgare skulestellet. Det var difor knapt å venta at seminaret på Kosi skulle få nokon økonomisk stønad.

Windfelds initiativ var eineståande på det viset at han la grunnen for ein institusjon som fekk mykje å seia ikkje berre for skulestellet, men og for kulturlivet i større samanheng. "Ved sin beskjedne, men samtidig nøkterne målsetting og ordning ble Kviteseid seminar av stor betydning for de skolepolitiske linjer når det galdt synet på lærerutdanningen."¹²⁹

IV. KVITSEID SEMINAR

1. *Dei fyrste åra ved seminaret.*

Det var prosten i øvre Telemark prosti og soknepresten i Kviteseid som hadde tilsynet med seminaret. Frå desse vart det årleg sendt meldingar til høgare instansar om verksemda ved skulen. Ut frå årsmeldingane frå forstandaren og visitasmeldingane frå prosten får ein noko kunnskap om det daglege arbeidet ved seminaret.

I 1828 sende biskop Munch i Kristiansand eit skriv til sokneprest Castberg i Kviteseid der han spurde om "Ind retningen stifter den tilsigtede Gavn".¹³⁰ Castberg hadde ikkje vore lenge i prestegjeldet, men meinte likevel å kunne slå fast at del lærarane som hadde vore ved Kosa-skulen, var dyktigare enn dei hine. Men han meinte framleis det var manglar med ordninga ved seminaret. Det kan vera nyttig å sjå på nokre av dei punkta Castberg sette opp i skrivet til biskopen.

Han peika for det fyrste på at elevane ikkje alltid møtte til rett tid når eit nytt semester tok til. Det kunne ofte ta tid før alle var på plass. Eit anna problem var at fleire elevar reiste frå seminaret før semesteret var slutt. Castberg fann det naudsynt å peika på at dei reglane som galdt for frammøte til undervisninga måtte skjerpast inn.

Vidare nemnde Castberg at mange av elevane ved seminaret, kom frå fattige heimar. Han meinte at desse burde få eit passende tilskott til opphaldet den tida dei var ved seminaret. Betalinga kunne gjerast av Fattigkommisjonen. På denne måten ville han syta for at elevane ikkje trong reisa heim midt i eit semester for å skaffa seg mat og anna til opphaldet. Desse tilhøva var læraren denne tida, Thoresen, og opptatt av.¹³¹ Han peika dessutan på at desse ungdomane ikkje var vande med å vera borte frå heimen så lenge. Difor meinte han at "hjemve" kunne vera ei årsak til at fleire elevar reiste frå seminaret før det var slutt på semesteret.

Dette førte difor til at det ikkje vart stabile tilhøve ved seminaret. Elevar kom og reiste frå seminaret til ulike tider. Castberg meinte at ein for å råde bot på dette, burde fastsetje ei minimumstid for "hvert enkelt Subjects Dannelsestid." Alle burde gjennom eit sju månaders kurs for å få godkjenning som omgangsskulehaldar.

Eit siste punkt i meldinga frå Castberg galdt kombinasjonen av fastskule og seminar. Det positive ved dette var sjølvsagt den nære kontakt seminaristane fekk med det praktiske skularbeidet. Men på den andre sida meinte Castberg at ein i for stor grad måtte ta omsyn til kvarandre når ein heldt skule i bae avdelingane på same tid. Undervisninga vart difor "mat",

meinte han. Dette er lett å skjønna når ein kjenner til at det kunne vera opptil 67 born i fastskulen. Castberg ville rå til at ein dela desse elevane opp i to parti og freista å finne eige rom til dei slik at skuleborna og seminaristane hadde kvar sin stad å vera.

Men trass i manglar ved seminaret og ei tungvindt ordning, kom det fram ei positiv omtale i meldingane om skulestellet frå prostiet. Det gjekk igjen i desse at ein var godt nøgd med dei nyutdanna seminaristane. Det vart peike på at elevane hadde lært mykje i løpet av det korte kurset. Sjølv om forkunnskapane var kleine og elevane hadde lite hjelpemiddel i skulearbeidet, skilde omgangsskulelærarane frå Kosi seg ut frå lærarane elles i bygdene i Vest-Telemark. Det var soleis heller ikkje tvil om at tiltaket var nyttig og tente eit positivt føremål.

For å få eit meir fullstendig bilete av korleis ein såg på Kosi-skulen, er det interessant å trekkja fram kva folk elles meinte. Dette var for det fyrste den einaste fastskulen i prostiet. Dei andre prestegjelda kom i gang seinare. I 1830 sende Thore Thoresen ei lengre utgreiing om tilhøva ved skulen til statsråd Diriks.¹³² Her nemnde Thoresen m.a. at han måtte "... forsonne sine Naboer..." med den faste skulen. Folk som sokna til han meinte som forståeleg kan vera, at dei måtte betala meir enn andre for å ha borna sine i skulen. Omgangsskulen var sjølv sagt rimelegare i drift enn fastskulen.

Elles såg det ut som dei fyrste åra var vanskelege. Thoresen nemnde vidare "...Fordomme hos Mængden av Folk..." og haldningar som hadde ein negativ verknad på skulen. Han klaga over lita forståing for tiltaket. Årsaka til dette meinte han kunne liggja i den " Thellemarkiske Almues Character og Forfatning," og at folket som ei følgje av denne "hader (...) Nyt, og vil ikke gjerne indrømme, at det kan være nyttig, førend den ligesom nødes dertil."

Denne uviljen mot skulen og seminaret gav seg fleire utslag. For det fyrste var det ei tid vanskeleg å få folk til å senda borna sine til fastskulen. Men og seminaret fekk lida under dette. Thoresen peika på at fleire ungdomar med gode evner vart haldne borte frå skulen. På den andre sida fekk denne haldninga konsekvensar for skulen sin økonomi. Alt i 1820 nekta bøndene i Vinje å sende tilskott til skulen. Same skjedde i Mo året etter. Desse sakene måtte fram for forlikskommissjonen og ein fekk til ei mellombels ordning med tilskott til skulen. Økonomien var i det heile usikker denne fyrste tida. Inntektene var basert på det som vart gitt frå skulekommissjonane rundt i prestegjelda.

Sjølv om det "offisielle" synet på Kosi-skulen dei fyrste åra var positivt, skal ein vera klår over at tiltaket møtte ein del praktiske vanskar. At bøndene reagerte på auka bidrag til skulestellet, var ikkje noko nytt. Same haldning finn ein og etter skulelova i 1739. Dei materielle kåra for vanlege folk var dårlege og "... endog saa ringe Udgift som den til Undervisningsanstalten, er vedkommende byrdefull," peika Thoresen på. Ein må vidare rekne med at dei nye synspunkta på opplysning og kunnskapsspreiing enno ikkje hadde fått grobotn i folket. Difor ser ein at dei positive utsegnene om seminaret kom frå folk med meir enn vanleg skulegang.

I si utgreiing til statsråden fann Thoresen likevel å måtte koma med ein positiv konklusjon, og han meinte at ein ikkje kunne "...paa nogen mindre bekostelig Maade (...) sprede Kundskabs Lys viden ud, og med mere held virke på en stor Masse af de vel simple, men med gode Anlæg udstyrede Naturmennesker, som leve saa adspredte og isolerede, som i mange Norges Egne og især i øvre Tellemarken til den bestandige Iis og Sne sig udstrækkende Fjelddale end netop ved saadanne Stiftelser, der ere oprettede midt iblant dem, og som just have en lignende Organisation, som den på Kirkegroven, ..." ¹³³

2. Ytre ordningar.

a. Reorganisering og flytting.

Omlag ti år etter at seminaret vart sett i drift, hadde sokneprest Castberg peika på ein del manglar ved skulen. Fyrst på 1830-talet vart det neppe gjort vesentlege freistnader på å retta på desse manglane. I denne tida fekk ein skifte av både lærar ved seminaret og forstandar. Frå 1832 var Knud Johan Jeremiassen lærar ved fastskulen og seminaret og i 1834 vart Magnus B. Landstad sokneprest i Kviteseid. Båe to gjekk med iver og interesse inn i oppgåvene sine. Dei bidrog, kvar på sin måte, til å leggja grunnlaget for ei meir tidsmessig ordning av skulen og seminaret.

I 1827 fekk ein endeleg ei lov for "Almue-Skolevæsenet paa Landet". Lova kom til å få konsekvensar ikkje berre for almueskulestellet på landet, men og for lærarutdanninga. Ho fekk såleis ein del å seia for seminaret i Kviteseid. Ein vil her peika på nokon av paragrafane som fekk størst innverknad på Kosa-skulen. For det fyrste stod det i § 2 at det skulle vera ein kyrkjesongar i kvart prestegjeld. Han skulle m.a. halda fastskule for borna som sokna til kyrkja i hovudsoknet. Kyrkjesongarane skulle, etter § 10, ta seg av opplæringa av omgangsskulelærarane i prestegjeldet. Desse skulle få si opplæring ved fastskulen. Dette var på ein måte etter mønster frå Kviteseid. Men når lova kom inn på den eigentlege lærarutdanninga, vart det lagt opp til ei ordning med større institusjonar. Seminara skulle helst dekkja eit heilt stift.¹³⁴

Dei større seminara skulle utdanna lærarar for fastskulen. Etterkvart som det på bygdene vart oppretta fastskular, skulle altså lærarane ved desse ta seg av opplæringa av omgangsskulehaldarane. Ein finn soleis ikkje noko som svara til ordninga ved Kviteseidseminaret i den nye lova. Så lenge det knapt fanst fastskular i Vest-Telemark, ville det vera behov for seminaret. Eit ljospunkt for sikring av vidare drift ved seminaret, fann ein i § 9 der det stod at "Læreanstalter" som alt var oppretta, kunne få økonomisk tilskott til vidare verksemd.

Det vidare arbeidet med lærarutdanninga tok tid. Regjeringa måtte fyrst skaffa seg eit nødvendig oversyn før konkrete tiltak vart sette ut i livet. Stiftsdireksjonane sende inn meldingar til regjeringa, og etter omlag fem år etter at lova vart vedtatt fekk Kviteseid seminar eit årleg tilskott frå staten. Dessutan vart det i løpet av ein femårsperiode frå 1834 lagt eit seminar i dei fleste av stifta.

Lova fekk og sine verknader på det lokale plan. I tida etter at lova vart vedtatt, fekk ein vanskar med å halda på tilskotta frå prestegjelda til seminaret. Lova hadde peika på at det ville verta gitt stønad til seminartiltak som alt var i gang, og dessutan måtte prestegjelda sjølve syta for å få bygt fastskular. Dei færraste prestegjelda hadde økonomisk evne til på same tid å stø Kviteseid seminar og byggja eigne skulehus og løna kyrkjesongarar. Seljord prestegjeld reduserte sitt tilskott eit par år etter at lova kom. Nokon år seinare vedtok Tinn å stansa alt tilskott til seminaret. Dei hadde då gått inn på den ordninga 1827-lova peika på for utdanning av lærarar til omgangsskulen.¹³⁵

Ei følgje av at tilskotta til seminaret no vart skori ned, var at løna til styraren gjekk ned. Rett nok hadde regjeringa ved Opplysningsvesenets Fond gitt eit tilskott på 150 Spd. årleg frå 1830, men dette kunne ikkje kompensere den manglande økonomiske stønaden til seminaret. I 1837 klaga Jeremiassen til kyrkjedepartementet over den låge løna han fekk.¹³⁶ Han bad departementet auka tilskottet til seminaret. Jeremiassen fekk støtte frå både forstandaren ved seminaret, Landstad, og stiftsdireksjonen i at det offentlege burde ta over større delar av det økonomiske ansvaret for seminaret.

Departementet valde å la saka liggja ei tid utan å ta noko avgjerd i dette spørsmålet. Ein såg her ei prinsipiell avklaring i samband med støtta til dei mindre seminara.

Fire år seinare tok Jeremiassen saka opp på ny.¹³⁷ Han hadde støtte for sine synspunkt hjå dei som stelte med skulespørsmål på lokalt plan. No var departementet og viljug til å sjå nærare på seminaret si økonomiske stilling. Utover på 1840-talet fekk ein brei skulepolitisk debatt. Fyrst på slutten av dette tiåret kom det til ei avklåring med omsyn til lagnaden til Kviteseid seminar.

Regjeringa var på denne tida opptatt av ei vidare drøfting av lærarutdanninga. Ein hadde i åra etter at 1827-lova vart vedtatt, oppretta stiftsseminar. Departementet fann såleis tida inne til å vurdera om Kviteseid seminar skulle halda fram. Kristiansand stift fekk i 1839 Holt seminar og ein rekna truleg med at behovet for lærarar ville verta dekt med dette. Samtidig rekna ein og med at kyrkjesongarane sytte for opplæring av omgangsskulehaldarane. Departementet trudde vidare at det ville verta ei rask utbygging av fastskular på bygdene. Men det synt seg at framvoksteren av slike skular tok lenger tid enn det ein hadde rekna med.¹³⁸ På denne bakgrunn var det departementet si meining at Kviteseid seminar snart ville verta overflødig. Under handsaminga av budsjettet for seminara i 1842 hevda fleirtalet i kyrkjekomiteen at det snart ville "... være Anledning til å redusere Indretningen til en almindelig fast Skole, ..., ¹³⁹

Men det viste seg at dette synet ikkje hadde støtte i Stortinget. Kviteseidingen, Ole Bjørnsen, tok opp saka og la saman med representanten Solberg fram eit votum som av eit samrøystes Storting vart vedtatt. Her gjekk ein mot innstillinga frå komiteen på fleire punkt og greidde på denne måten å vinna fram med sitt syn.¹⁴⁰

Kyrkjekomiteen hadde i si innstilling peika på dei spesielle tilhøva ved seminaret, kombinasjonen av seminar og fastskule. Dette saman med utbygginga av større seminar hadde fått medlemane av komiteen til å fella dødsdomen over seminarverksemda. Bjørnsen meinte komiteen mangla vesentlege opplysningar om tilhøva ved skulen og soleis hadde kome fram til gale konklusjonar. Bjørnsens votum inneheldt ei utgreiing om dei lokale skuletilhøva. Han gjekk og inn på bakgrunnen for seminaret og verksemda fram til dette tidspunktet. Bjørnsen trekte m.a. fram dei føremoner det var å ha ein øvingsskule for seminaristane. Denne kombinasjonen med seminar og fastskule meinte han var til stor nytte i praksisopplæringa, og ikkje berre ei negativ ordning som komiteen hadde peika på. Vidare fann han det på sin plass å minna representantane om at det var langt fram til at 1827-lova var oppfylt i øvre Telemark. Her var det enno få stader der ein hadde fastskular med kyrkjesongarar. Bjørnsen hadde vidare ei tru på at mindre lærarskular var betre eigna for opplæring av skulehaldarar på bygdene. Han minte og om § 9 i skulelova og meinte at Kviteseid seminar framleis burde få støtte. Han ville difor ikkje vera med på å kalla seminaret "uhensigtsmæssig" slik komiteen hadde gjort, mot dette talte 23 års røynsle. Viktig var det og å peika på "...det store Gavn Hvidesøe Seminarium havde stiftet i Districtet." ¹⁴¹

Resultatet av den fyrste debatten om lagnaden til seminaret var at tilskottet vart halde uendra. Hadde departementet sitt syn fått råde, kunne seminaret mista den økonomiske stønaden og dette ville ha gjort det vanskeleg å halda fram. Men då Stortinget frå 1842 fekk råderetten over Opplysningsvesenets Fond, fekk ein og større innverknad på korleis desse midla skulle disponerast. Det var ikkje tid for å leggja ned ein institusjon som Kviteseid seminar.

På same tid som Jeremiassen tok opp lønstilhøva ved seminaret med departementet, la sokneprest Landstad fram eit utkast til nye planar for seminaret. I 1837 hadde han framlegget klårt¹⁴². Dette peika framover og skulle seinare koma til å danna basis for drifta ved seminaret etter reorganiseringa. Ein skal her sjå på hovudpunkta i utkastet til Landstad.

- 1) Læraren ved seminaret skulle få si løn betala av det offentlege. I tillegg til ei løn på omlag 300 Spd, skulle han ha fri bustad.
- 2) Utgifter til vedlikehald, læremiddel og inventar skulle og dekkjast av det offentlege.
- 3) Det burde byggjast eigen bustad for elevane.

- 4) Fastskulen burde flyttast til Sundbygda, hovudsoknet i prestegjeldet. Det skulle vidare vera eigen øvingsskule for seminaristane. Her skulle det vera tilsett eigen lærar.
- 5) Det måtte utarbeidast eit nytt reglement for seminaret.

Landstad la ved ei omfattande grunngeving for denne planen. Bakgrunnen for framlegget var at han fann at seminarrets "...Existence under de nuværende Forholde..." ikkje var tilstrekkeleg sikra¹⁴³. Han peika på den vanskelege økonomiske situasjonen seminaret hadde kome i etter at fleire prestegjeld hadde slutta å stø seminaret. Han fann det ikkje rett å påleggja dei å betala, men meinte at det no måtte vera det offentlege sitt ansvar å stø lærarutdanninga.

I tillegg til dei økonomiske problema peika han vidar på den ulempa det var "... at Skoleholderene hidtil under deres Ophold ved Seminaret have været nødt til at logere sig paa de omliggende Gaarde og Husmandspladse,...." Elevane budde, meinte han, under dårlege kår. Likeeins budde dei spreidd og det var difor vanskeleg å føra tilsyn med dei. Elevane på si side fekk dårleg høve til arbeid med skulesaker utanom undervisningstida. Dei budde og levde saman med dei andre på garden.

Landstad var og inne på problemet med å halde fastskule og seminar i same rom og på same tid. Han meinte denne ordninga var lite heldig for seminaristane si utdanning. Vidare peika han på ulempa ved plasseringa av fartskulen. Dei fleste elevane som sokna til skulen, kom frå Sundbygda, omlag ei halv mil frå skulen. Veggen var lang og tung og vinterstid kunne dette vera ei strid tørn for mange av borna. Søkninga til skulen hadde gått ned, og Landstad meinte at årsaka var den tungvinte atkomsten til skulen.

For å finna ei løysing på desse problema var det Landstad laga ein plan for reorganisering av seminaret. Noko av kritikken mot ordninga seminaret fann Landstad rett. Han hadde to framlegg til løysing, "...enten ved at skille den faste skole fra Seminaret, og henflytte den til et meere beqvemt beliggende Sted, eller ved at flytte den hele Læreanstalt, saaledes at Skolen og Seminaret fremdeles forbleve i umiddelbar Forbindelse." Desse to løysingane vart diskuterte og Landstad kom til at det beste var å flytta både seminaret og fastskulen til Sundbygda.

Bakgrunnen for denne avgjerdsla var for det fyrste at soknepresten som fortsandar for seminaret, lettare kunne halda tilsyn og kontakt med seminaret. For det andre meinte han at skulen burde leggjast ein stad "...hvor der baade var en blidere Natur og lettere Adgang til Omgang med dannede Mennesker."

Det ville dessutan vera naudsynt med store reparasjonar på seminarbygningen på Kosa om skulen framleis skulle halda til der. Landstad fann det ikkje tenleg å kosta store utgifter på denne bygningen.

Når det galdt flyttinga av seminaret, hadde Landstad drøfta eit makeskifte med eigaren av garden Kyrkjebø, Sveinung Auverson. Han skulle få overta Kosa mot at han fekk eit mellomlegg på 600 Spd. Garden Kyrkjebø låg omlag ei halv mil frå prestegarden, men sentralt i Sundbygda. Den låg "... i en behagelig Egn, hvor paa de nærmeste Gaarde boe flere Embedsmænd og dannede Familier - en Omstændighed, der for Elevernes Dannelse ikke er aldeles uviktig - og hvor der ogsaa i en Omkreds av mindre end 1/4 Miil vil kunne henlægges 70 Børn til den faste Skole...".

Ein kunne nytta husa som alt stod på Kyrkjebø til bustad for læraren og elevane. Det einaste ein måtte gjera, var å flytta skulestoga Windfeld i si tid fekk bygd på Kosa, ned til Kyrkjebø.

For å letta på ei anna ulempe skulle no læraren ved seminaret frigjerast for undervisning ved fastskulen. Det måtte difor tilsetjast eigen lærar ved fastskulen. Han skulle dessutan ha plikt til å ta seg av øvingsopplæringa til seminaristane.

Det siste punktet i planen galdt nytt reglement for seminaret. Sjølv om 1827-lova hadde sett fram krav om fastskule i kvart prestegjeld, var det berre to slike i Vest-Telemark,

10 år etter at lova vart innført. Landstad rekna difor med at det enno i lang tid framover ville vera trong for omgangsskulehaldarar. Difor såg han ikkje nokon grunn for å omdanna seminaret til eit fullstendig seminar som t.d. Asker¹⁴⁴. Landstad gjorde heller framlegg om å styrke undervisninga noko. Han ville ikkje rå til lenging av kurset, og det skulle framleis vera ei klasse. I staden ville han utvida grunnlaget for opptaket til seminaret. Dette var i si tid starta opp for å dekkje behovet for lærarar i øvre Telemark. Landstad kunne tenkje seg å opna seminaret for elevar frå Nedre Telemark, og dessutan ønskte han å gi "... andre unge Mennesker, hvis ønske og Lyst det er at lære noget mere, uden at have bestemt sig til Skoleholder-faget, Adgang til og Delagtighed i de Grene af Undervisningen, som de selv ønske."¹⁴⁵

Med dette fekk seminaret karakter av å vera ein slag vidaregåande skule. Men framleis skulle seminaret fyrst og fremst ta opp elevar frå prostiet som ønskte å utdanne seg til lærarar. Planen Landstad la fram verkar nøktern, og den hadde tatt mykje omsyn til den kritikken som hadde kome fram tidlegare. Hovudtanken var å organisera seminaret slik at ein kunne gjera undervisningstilhøva betre. Dette meinte han å oppnå ved å skilja fastskulen og seminaret. Dessutan ville han syta for betre bu- og levetilhøve for elevane og læraren. I denne samanhengen fall valet naturleg på hovudsoknet, Sundbygda. Undervisningsplanen var førebels ikkje endra. Skulestellet i Vest-Telemark hadde heller ikkje endra seg mykje i løpet av dei åra som hadde gått sidan seminarverksemda tok til.

Det skulle ta lang tid før ein fekk nokon avklåring på dei økonomiske problema og planane om flytting av seminaret. At saka drog ut, hang m.a. saman med at seminaret fekk ny forstandar, Landstad vart sokneprest i Seljord og Høi vart ny sokneprest i Kviteseid. Dessutan fekk stiftet ny biskop, då von der Lippe vart utnemnd i stillinga i 1841. Dette seinka sakshandsaminga då desse og skulle ha høve til å uttale seg om dei nye planane.

Planen Landstad hadde lagt fram, møtte ein del motstand. Departementet syntte lita interesse for framlegget. Ein ville der løysa problemet ved å redusera det heile til ein fastskule. Denne tanken støtta biskop von der Lippe.¹⁴⁶ Han hadde tre innvendingar mot at det offentlege no skulle stø seminaret endå meir. For det fyrste meinte han at seminaret kunne hindre at det vart oppretta faste skular i prostiet. Han trudde skulekommisjonane ville finna det meir tenleg og økonomisk lønsamt å senda omgangsskulehaldarane til seminaret i Kviteseid enn å oppretta fastskular og gi desse opplæring der. Vidare rekna von der Lippe ikkje med at seminaret ville gi lærarane ei fullverdigg utdanning. For det tredje hadde han lita tru på at søkninga til seminaret ville halda seg.

Trass i biskopens motstand mot planane valde departementet å gi ei delvis støtte til planane om reorganisering. I budsjettframlegget for 1845 gjekk departementet inn for å skilja seminaret og fastskulen. Ein ville gi økonomisk støtte til å byggja eige lokale for fastskulen. Vidare ville departementet gi middel til reparasjon av seminarbygninga.

Tilskottet til lærarløna skulle vern uendra, 150 Spd. Vidare minte ein om at dei prestegjelda som drog nytte av seminaret, skulle var plikta til å gi tilskott til drifta.

Då saka kom til Stortinget, fekk planane om å flytta seminaret støtte. Kyrkjekomiteen gjekk inn for at seminaret skulle reorganiseras, flyttast til Sundbygdi og at det skulle opprettast eigen fastskule. Fleire av representantane tok ordet i debatten og tala for ei betre organisering av seminaret.¹⁴⁷

Flyttinga og overtakinga av garden Kyrkjebø skulle overtakast av det offentlege. Etter framlegg frå Falsen vart dette vedtatt mot fem røyster. Vidare syntte debatten ei positiv haldning til mindre seminar.

For budsjettåra 1845-48 vart det bevilga 750 Spd i samband med flyttinga av seminaret til Kyrkjebø. Det syntte seg at utgiftene til dette vart høgare enn ein hadde rekna med. Berre til makeskifte og kjøp av tilleggsareal gjekk det med 700 Spd. I tillegg til tilskottet frå staten, hadde ein frå Kviteseid kommune fått 225 Spd. Av dei andre prestegjelda i prostiet

var det berre Seljord og Moland som gav støtte til flyttinga. I 1848 måtte Stortinget plussa på med 200 Spd til flyttinga av seminaret, og tre år seinare vart det og bevilga ein sum for å dekkja dei siste utgiftene i samband med flytting og reparasjonar av bygningane på Kyrkjebø.¹⁴⁸

Med dette var og eit avgjerande steg tatt mot ei betre organisering av verksemda ved seminaret i Kviteseid. Debatten om seminaret i 1840-åra hadde synt at tanken bak Kviteseidseminaret hadde vunne fram. Både i Stortinget og hjå dei lokale styresmaktene hadde det vore eit ynskje at seminaret skulle få halda fram. Det var framleis behov for lærarar i omgangsskulane, og med ei betre organisering av undervisninga rekna ein med at lærarar frå seminaret og kunne få postar ved fastskulane. Det hadde og synt seg at det var ei positiv haldning til å byggja ut undervisningsstader med kortare kurs enn ved stiftsseminara.¹⁴⁹ Etter fleire års drøftingar hadde seminaret no fått løyst ein del av dei problema ein måtte stri med dei fyrste åra.

b. Undervisningsplanar og reglement.

Med reorganiseringa var bandet mellom fastskulen og seminaret brote. I 1846 fekk hovudsoknet sin eigen fastskule. Den heldt til på klokkargarden Lauvstad. Seminarelevane var på Kyrkjebø, ikkje langt unna, Her vart den skulestoga Windfeld fekk bygt, sett opp på ny. Fastskulen fungerte som øvingsskule for seminaret.

I 1849 vart Halvor O. Folkestad tilsett som sokneprest i Kviteseid. Som forstandar for seminaret sette han seg godt inn i forholda der. Han fann m.a. at ordninga som hadde kome med flyttinga og reorganiseringa, gav dårlege resultat for øvingsopplæringa¹⁵⁰. Folkestad utarbeidde sjølv ein ny plan for denne delen av undervisninga. Stiftsdireksjonen fekk eit mellombels løyve frå departementet til å godkjenne han. Det vart no tanken at det skulle vera eit nærare samband mellom fastskulen og seminaret. Læraren ved fastskulen hadde ansvaret for øvingsopplæringa, og skulle dessutan ha einskilde timar ved seminaret.

Alt i 1855 kom Folkestad med eit nytt framlegg til reglement og undervisningsplan for seminaret¹⁵¹. Han ønskte ei meir omfattande omlegging av verksemda ved seminaret. Nytt var det at ei realklasse vart knytt til seminaret. I dette nye framlegget heitte det som før, at formålet med undervisninga var å utdanna lærarar for prostiet. Vidare skulle seminaret ha ein særskild øvingsskule. Læraren ved seminaret skulle vera teolog og leia båe skuleavdelingane, seminar og realklasse. Læraren ved øvingsskulen skulle ha seminarutdanning. Han skulle og vera kyrkjesongar ved hovudkyrkja i prestegjeldet. Soknepresten hadde framleis tilsynet med seminaret som forstandar. Han skulle gi råd for verksemda og vera næraste føresette for styraren.

Kurset ved seminaret var framleis eittårig og dela inn i tre semester. Nytt i framlegget var eit førebuingskurs. Dette skulle vera eit innleiingskurs til seminaret for å gi elevane eit betre grunnlag for undervisninga. Tida mellom 1. juni og 16. juli vart avsett til dette. Etter avslutta førebuingskurs skulle det haldast eksamen og endeleg opptak til seminaret. Elles var det lagt opp til ein større dimisjonseksamen ved slutten av kurset. Prosten og forstandaren skulle vera til stades. Til vanleg var eksamen halden i slutten av juli, men det var ikkje uvanleg at ein del av elevane gjekk opp til eksamen ved slutten av eit av dei andre semestra. Kurslengda dei einskilde elevane hadde, kunne såleis verta nokså forskjellig.

Undervisninga skulle vera både teoretisk og praktisk, og faga var: religion, bibelhistorie, bibellesing, morsmål, rekning, skriving, historie og geografi, kateketikk, metodikk og sang. Opptakskurset hadde 36 veketimar og hovudvekta vart lagt på undervisning i norsk. Sjølv seminarkurset vart så dela inn i tre semester, kvart på 33 veketimar. Dei to fyrste semestra hadde like planar, medan det i tredje semester var lagt meir

vekt på praktisk-metodiske fag.

Realklassa var tenkt å vera to-årig og gi undervisning i "borgerlige Fag." Undervisninga hadde til mål "... at bibringe Eleverne den Aandsudvikling, der sætter Borgeren i stand til med Bevidsthed at opfatte sin Stilling i og sit Forhold til Samfundet, saavel dettes Krav til Dets Medlemmer."

I budsjettframlegget for perioden 1854-57 fremja Folkestad planen om oppretting av ei slik klasse¹⁵². Tanken om eit tilbod for dei som ønskte vidaregåande undervisning utan å knytta den til lærarutdanninga, hadde vekt interesse i prostiet. Ein del prestegjeld hadde og lova økonomisk stønad til dette tiltaket. Departemantet godkjende planane om ei realklasse. Tilskott til drifta fekk ein over budsjettet for det høgare allmueskulestellet. Ved kongeleg resolusjon av 7. april 1858 vart realklassa oppretta. Folkestad hadde håpa på at ein skulle byggja eit eige bygg til seminaret og realklassa. Men det vart ikkje løyvd pengar til dette.

Dei tankane som låg til grunn for planane om ei anna organisering av undervisninga ved seminaret, hadde Folkestad arbeidd med ei tid. I sin "Betænkning angaaende Almueskolevæsenets Ordning med specielt Hensyn til Skolelærerseminariene" hadde han utarbeidd planar for betring av skulestellet i landet. I denne avhandlinga frå 1852 peika han m.a. på at stiftsseminara ikkje hadde greidd å syta for eit tilfredsstillande tilbod for den lågare allmennlærarutdanninga. For å løysa dette ville Folkestad byggja ut 30 elementærseminar. Desse skulle stort sett ordnast etter mønster av seminaret i Kviteseid.

Det fanst enno ikkje nokon sams plan eller reglement for seminara eller lærarskulane. Departementet meinte truleg ein oppnådde det beste resultat med ordningar tilpassa dei lokale tilhøva. Kurslengda var ulik, det kunne vera kurs frå eitt til to år. Noko einheitleg system kom ikkje før lærarskulane og tilsist Kviteseid seminar vart nedlagde¹⁵³.

Få år seinare, i 1859, hadde Folkestad ført i pennen ein ny plan. Saman med denne la han og fram eit nytt reglement. Dette inneheldt særleg to hovudendingar i høve til dei førre planane. For det fyrste vart seminarurset gjort to-årig. Dessutan vart realklassa meir integrert i seminarundervisninga. Det skulle vera ein einskap og styraren ved seminaret skulle vera ansvarleg for bae avdelingane. Heile lærarkurset skulle vara i 62 veker. Semesterordninga var den same som før. Samanlikna med dei større seminara, var kurslengda framleis noko kortare, m.a. av di ein hadde ei anna ferieordning. Elles inneheldt planen framlegg om ei sams førebuingssklasse for seminaret og realklassa. Reglementet hadde reglar for opptaksprøve, alder og eksamen. Nytt var det at det skulle vera ein repetisjonseksamen etter kvart semester.

Undervisningsplanen skilde seg noko ut frå planen frå 1855. Fyrste året var utan praktisk-metodiske fag i det heile. Timetalet vart sett til 35 timar i veka. Sjelelære og teikning vart innført som nye fag. Det var elles ein auke i timetalet i norsk, geografi og historie. I andre året kom meir yrkesretta fag inn i planen, og det var sett opp til saman 11 timar i metodiske fag. Nytt var og at kyrkjesoge var innført som eige fag.

Denne nye planen vart godkjend av departementet 18. november 1859. Alt 1. oktober s.å. hadde seminaret flytt inn på kommunehuset på Moen. I andre høgda var det ordna til tre rom til undervisning. Eit offentleg tilskott på 180 Spd. vart gitt til å setja huset i stand. I desse lokala kom seminaret til å halda til fram til nedlegginga. I 1880 var realklassa omdanna til ei amtsklasse og eit par år seinare skild frå seminaret¹⁵⁴. Fastskulen som hadde halde til på klokkargarden, fekk og lokale i kommunehuset. Med dette var ein kome fram til ei ordning Folkestad hadde peika fram mot: fastare samband mellom seminar og øvingsskule, dessutan ei realklasse lagt saman med og integrert i seminarutdanninga.

I ein kommentar til planen frå 1865 hadde stiftsdireksjonen merkt seg at det ikkje vart gitt undervisning i praktisk- metodiske fag i det fyrste året¹⁵⁵. Ein meinte det var rett at elevane alt frå starten av fekk kjennskap til dei vanlegaste prinsippa for undervisningsmetodikk. I eit timeplanoppsett frå 1866 går det fram at ein endra noko på planen for å få med

dette faget alt i fyrste året.

Frå den meir omfattande endringa i 1859 og fram til nedlegginga tretti år seinare, vart det gjort små endringar i planar og reglement. I 1863 fekk lærarskulane i Kopervik, Holt og Kviteseid rett til å halda ei slik eksamensprøve som det vart gitt høve til i skulelova og kongeleg resolusjon av 24. mai 1862¹⁵⁶,

I mai 1874 bad den dåverande styraren, Jensen, om at semesterordninga måtte bli endra¹⁵⁷. Han meinte at sommarsemesteret frå 1. juni til medio juli var lite tenleg. Etter ein lang ferie, heilt fram til oktober, ville det meste av det ein hadde gjennomgått i sommarsemesteret, vera gløymt. Han ønskte å leggja eksamen til juli månad og opptak av nye elevar i oktober. Med ei slik ordning ville ein få meir lik praksis med dei andre seminarane.

Framlegget frå Jensen vart sendt til uttale i dei ulike skulekommisjonane. Eit stort fleirtal av desse gjekk inn for å halda på tidlegare ordning. Ein fann det framleis naudsynt å ta omsyn til at elevane skulle vera fri i onnetidene. Stiftsdireksjonen valde å følgja innstillinga frå direksjonene og det vart ikkje til noko endring då¹⁵⁸.

Men frå kurset som starta i 1883 var likevel semesterordninga endra. Feriane vart korta noko ned for at kurset skulle verta lenger¹⁵⁹. Ein oppnådde på denne måten å gjera heile kurset 8-10 veker lenger slik at ein kom opp i omlag same kurslengde som stiftsseminara.

c. Opptaksordning. Eksamen og karakterbruk.

Den fyrste tida var det sokneprestane i prostiet som stod for uttakinga av elevar til seminaret. Det var prestane si oppgåve å peika ut emnelege ungdomar til skulehaldargjeringa. Gjennom lesinga med konfirmantane fekk soknepresten kjennskap til dei, og han kunne når konfirmasjonen var over, plukka ut eit par ungdomar og senda dei til Kosa-skulen. Søknaden var ikkje større dei fyrste åra enn at alle som søkte, vart tatt opp. Det var ikkje klåre kriteriar for opptak og såleis heller ikkje opptaksprøver. Det einaste ein hadde å halda seg til var reglane om at elevane skulle vera 17 år og konfirmerte.

Etter ei tid kom det fyrste semesteret, frå 1. juni til midten av juli, til å fungera som ei slags prøvetid. Dei som fann undervisninga for krevjande eller meinte dei fekk lite att for å vera ved seminaret, reiste heim og slutta ved skulen. Det hende at læraren, ofte i samråd med forstandaren, gav elevar råd om å slutta ved seminaret.

I 1837 kom det fyrste reglementet for seminarverksemd. Dette inneheldt visse krav om forkunnskapar for dei som søkte seminarutdanning¹⁶⁰. Det var m.a. kravd at ein kunne lesa i bok, lesa skrift og sjølv kunne skriva ei nokolunde leseleg handskrift. I ein del fag var det og sett opp visse krav, t.d. i bibelsoge og religion. Dette reglementet kom til å verta rettleiande for seminarverksemda her i landet i nokre tiår. Men praksis ved dei einskilde seminarane var nokså varierende, og, nokon eins framgangsmåte vart det såleis enno ikkje tale om.

Frå 1855 vart det ved Kviteseid seminar oppretta såkalla førebuingsklasser. Det fyrste semesteret vart lagt opp med tanke på å gi dei nye elevane ei viss innføring i nokon av faga ved seminaret. Etter desse omlag seks vekene vart det arrangert ein eksamen. Eksamenen dekte til vanleg ei prøve i lesing, skriving, rekning og religion.

Ei viss utskiljing av elevar var ein nøydd til å ha. Utover på 1860-talet måtte ein avgrensa talet på elevar som skulle takast opp i seminaret. Søkjartalet låg så høgt at ofte berre omlag halvparten slapp gjennom uttakinga.

Forkunnskapane elevane hadde var til vanleg låg. Dei fleste hadde berre gått omgangsskule. Difor vart og førebuingskurset mykje prega av at elevane hadde dårlege kunnskapar på mange felt. T.d. hadde ved opptaket i 1865 berre fem av 20 elevar høyrte tale om grammatikk og rettskriving, og fire av desse hadde dessutan vore med på eit prøvekurs eit par år tidlegare¹⁶¹. Likeeins var det og andre stader. Ved Nettet lærarskule t.d.

vart det sagt at det var mest umogeleg å halda skriftleg opptakingsprøve. Ved Kviteseid seminar hjelpte det noko at ein i samband med seminaret hadde ei realklasse. Det var fleire av elevane som etter 1859 valde fyrst å ta eit år ved realklassa før dei tok fatt på seminaret.

Seminarreglementet frå 1869 hadde detaljerte reglar for korleis opptak til seminar skulle ordnast¹⁶². Men korkje ved dei mindre lærarskulane eller Kviteseid seminar var det råd å følgja krava til forkunnskapar slik det stod i reglementet. Dette vart nok fyrst og fremst retningsgivande for stiftsseminara. Ved dei andre lærarinstitusjonane vart praksisen stort sett uendra. Men etterkvart som elementærutdanninga vart betre, kunne lærarskulane sette høgare krav til forkunnskapar.

For å verta godkjende som lærarar i omgangsskulen måtte i fyrstninga kandidatane gjennom den såkalla prosteeksamen. Saman med soknepresten skulle prosten kontrollleia kunnskapane til dei som ønskte å bli lærarar, dei skulle og høyra kandidatane undervisa for å finna ut om dei var dugande til lærararbeidet. Dette hadde vore mønsteret i fleire tiår. Skulelova av 1827 la ansvaret for tilsetjing av lærarar og på dei geistlege tenestemenn (jfr. § 11).

Askerreglementet frå 1837 hadde nærare reglar for korleis ein skulle ordna eksamen og dimisjon (§§ 26 ff). Elevar som hadde fått opplæring skulle møte fram til offentleg eksamen. Dei skulle prøvast i alle faga det vart undervist i. Eksamen var både munnleg og skriftleg. Det var og ei praktisk prøve der elevane skulle syne undervisningsdugleik. Karakterar vart gitt i alle fag, og ein nytta ein femdelte skala der nemningane var: Udmærket godt, Meget godt, Godt, Temmelig godt og Maadeligt (§ 29). I tillegg vart det gitt ein hovudkarakter.

Bruken av karakterar ved dei ulike seminara var nokså ueinsarta. Det var fyrst reglementet av 1869 som fekk noko orden i desse sakene. Her vart det og sett opp nærare føresegner for ordninga av eksamen og bruken av karakterar. Karakterskalaen vart no seksdelt. Ein gjekk over til bruka talkarakterar i frå 1 som beste karakter til 6 som dårlegaste. Ein elev som fekk dårlegare enn 3,0 i faga kristendomskunnskap, morsmål eller i den praktiske prøva, fekk ikkje godkjenning som lærar. I dei andre faga var krava sette noko lågare.

Landsskulelova av 1860 hadde gitt høve til fire ulike utdanningsvegar fram til læraryrket. M.a. skulle det skipast til ei ordning med ei lærarprøve. Det var regjeringa ved departementet som skulle avgjera innhaldet i prøva. Det tok ei tid før vedtaket vart realisert. I 1863 fekk lærarskulane i Holt, Kopervik og Kviteseid høve til å halda slike prøver¹⁶³. Prøva kunne dei ta som hadde fullført eit lærlingekurs eller andre som alt hadde vore lærarar ved ein kretsskule i minst to år. Noko stor praktisk tyding fekk nok ikkje denne spesielle ordninga. Noko sams reglement eller undervisningsplan vart det enno ikkje for dei ulike lærarutdanningsinstitusjonane. Styresmaktene la heller ikkje noko i vegen for eit slikt sprikande system. Reglement og planar vart stort sett tilpassa dei lokale tilhøva. Fyrst med det neste seminarreglement frå 1890, kom det offentlege seminarstellet under sams ordning.

Ved Kviteseid seminar vart det vanlege mønsteret med prosteeksamen følgt. Eksamen var til vanleg lagt til april månad og strekte seg over fleire dagar. For å bli dimittert måtte kandidatane ha oppnådd tilfredsstillande resultat ved prøva. Dessutan måtte dei ha fylt 18 år og sjølv sagt vera konfirmerte. Det var vanleg at det saman med prosten var peika ut eit par personar som skulle vera til stades under eksamen. Dei skulle på ein måte fungera som vitne og sjå til at alt gjekk rett føre seg. Ofte var det bygdas fremste folk som fekk slike verv.

Diverre synest karakterprotokollen frå seminaret å ha gått tapt. Det er difor vanskeleg å seia noko om omfanget av bruken av karakterar og korleis vitnemåla vart forma ut. Eit døme på ein dimisjonsattest frå 1871 fortel at på det tidspunktet vart det nytta eit fast trykt formular. Dette skil seg noko frå det formularet reglementet av 1869 sette opp (§ 32).

Vitnemålet frå Kviteseid seminar hadde 16 karakterar, dessutan vart hovudkarakteren rekna ut. Det var og gitt uttale om åtferda under opphaldet ved seminaret og ein merknad om

songstemme og gehør. I faga teikning og gymnastikk vart det ikkje gitt karakter, berre ei tilføyning om at eleven hadde fått undervisning. Ei protokollutskrift frå 1888 inneheld berre 12 karakterar i tillegg til hovudkarakteren. Dette oppsettet er identisk med formularet frå 1869 - reglementet. Nokon år etter at ein hadde fått seminarreglementet av 1869, fekk ein ei meir sams eksamensordning. Dette førte og til at ein følgde same retningslinjer ved utforming av vitnemålet.

d. Økonomiske ordningar.

Utgifter til seminarverksemda var m.a. løn til lærar, eventuelt hjelpelærar, kjøp av undervisningsutstyr og læremiddel. Dessutan skulle lærarbustad og seminarbygning haldast i stand. Elevane ved seminaret fekk gratis undervisning. Ved tilskott frå skulekassene i dei einskilde prestegjelda, skulle ein dekkja dei løpande utgiftene.

Lova av 1. juli 1816 hadde gitt lokale instansar ein viss råderett over økonomien i skulesaker. Det synte seg snart at det var ikkje alltid like enkelt å få skulekassene til å yta eit tilskott til seminardrifta. Den ekstra skatten dette førte til, var ofte ei tung bær for folket i bygdene. Einskilde stader måtte ein ty til harde middel for å få inn pengane. Det var ikkje uvanleg med panting og tvangsauksjon. Dette førte sjølvstøtt ofte til ei negativ haldning til seminaret i Kviteseid.

Med løn til læraren ved seminaret på omlag 300 Spd årleg og andre naudsynte utgifter, var det ikkje så liten sum ein trong. Nokon statleg stønad var det i fyrstninga ikkje tale om. Staten følte det enno ikkje som si oppgåve å yta tilskott til utdanning av lærarar for allmueskulen. Men frå dei fleste prestegjelda i prostiet korn det årlege tilskott til drifta av seminaret.

Summen kunne variera noko frå år til år. Dette gjekk m.a. ut over vedlikehaldet av husa på Kosa. Desse var i dårleg stand, men økonomien tillet ikkje investeringar på dette området. Fyrst og fremst måtte læraren få si løn.

Lova av 1821 om "det benificerede Gods" gav det økonomiske grunnlaget for opprettinga av Opplysningsvesenets fond. Midla frå fondet skulle fyrst og fremst gå til den høgare utdanninga. Men skulelova av 1827 gav høve til å yte tilskott til lærarutdanninga. I § 9 heitte det at dei lærarskulane som alt var oppretta kunne få tilskott. Med dette vart det stilt økonomiske midlar til disposisjon for lærarutdanninga.

I samband med dette lovvedtaket vart det tatt opp til vurdering om Kviteseid seminar skulle få tilskott frå fondet. I 1828 sende departementet eit skriv til stiftsdireksjonen i Kristiansand og bad om ei utgreiing av dette spørsmålet. Biskop Munch bad soknepresten i Kviteseid, Castberg, uttala seg om dette. I svaret sitt til departementet, meinte biskopen at det inntil vidare burde ystast seminaret eit tilskott¹⁶⁴. Han peika her på at skulekassene etterkvart ville koma til å redusera eller stoppa stønaden til seminaret nett som ein konsekvens av same lova. Biskop Munch meinte at fondet burde dekkja alle utgiftene til seminaret. Han gjorde framlegg om eit tilskott på omlag 300 Spd. Då tok han utgangspunkt i dei årlege tilskotta til seminaret. For året 1827 hadde skulekassene gitt 286 Spd i tilskott.

Ved kongeleg resolusjon av 29. februar 1832 fekk Kviteseid seminar eit tilskott på 150 Spd årleg. Tilskottet galdt frå 1. juli 1830. Med dette hadde seminaret oppnådd same status som Trondenes seminar som frå 1826 hadde fått tilskott frå lappfondet. Tilskottet var ikkje særleg stort. Det vart framleis rekna med at prestegjelda skulle halda fram med å yta tilskott til seminaret.

På slutten av 1830-talet vart det frå det offentlege løyvd ytterlegare middel til seminaret. Frå 1837 vart det gitt eit tilskott på 80 Spd til forstandaren som rekneskapsfører og inspektør ved seminaret. Frå 1838 fekk ein eit bidrag på 20 Spd til songundervisninga. Fram

til 1848 var det årlege tilskottet til seminaret på 250 Spd.

Etter flyttinga av seminaret og opprettinga av eigen fastskule, fall stønaden frå Kviteseid skulekasse bort. I løpet av dei siste åra hadde tilskottet frå skulekassene gått sterkt ned, i 1848 kom det berre inn 32 Spd. Ved budsjetthandsaminga i Stortinget dette året var ein viljug til å sjå nærare på summen til Kviteseid seminar. Departementet gjorde framlegg om å auka tilskottet til lærarløn til 200 Spd. Men etter tilråding frå Kyrkjekomiteen vart summen sett til 225 Spd¹⁶⁵. Til samanlikning hadde styraren ved Holt seminar 250 Spd i årleg løn, medan løna til lærarane ved stiftsseminara låg ein god del høgare.

Utover på 1850-talet var seminarverksemda prega av dårleg økonomi. I 1854 var tilskottet frå tre prestegjeld - Mo, Moland og Vinje - på til saman 17 Spd. Tre andre - Lårdal, Nissedal og Seljord - betalte 5 Spd for kvar elev dei hadde ved seminaret. Forstandaren ved seminaret, sokneprest Halvor O. Folkestad, tok saka opp med departementet. Han gjorde framlegg om at det offentlege måtte auka tilskottet til seminaret. Frå 1854 overtok så endeleg det offentlege heile driftsbudsjettet for seminaret¹⁶⁶. For neste budsjettår var tilskottet kome opp i 431 Spd. Om ein samanliknar med andre seminar, fekk stiftsseminara ei årleg støtte på omlag 1200-1500 Spd. På det totale seminarbudsjettet for 1854 var løyvingane på 7645 Spd.

Garden Kyrkjebø vart overtatt av det offentlege skulestellet. Tidleg på 1860-talet måtte det løyvingar til for å halda bygningane i stand. Hovudbygningane på Kyrkjebø var ei tid så dårlege at det var på tale å riva dei ned og byggja nye. Men departementet ville ikkje stø eit framlegg om bygging av nye hus, og det vart berre løyvt mindre summar til reparasjonar¹⁶⁷.

Det går fram av referata frå budsjetta for lærarseminara at løyvingane til Kviteseid seminar var etter måten små. Det var stor skilnad på den støtta det offentlege gav dei store seminara samanlikna med det som vart løyvt til lærarskulane. Dessutan var Kviteseid seminar å rekna i ei klasse for seg, utgiftene skulle tydelegvis haldast nede. Løna til styraren ved seminaret låg på line med løna til annanlæraren ved dei større seminara. Utgifter til inventar, læremiddel o.l. var små. Seminarverksemda i Kviteseid kravde ikkje dei store økonomiske utteljingane.

3. Indre verksemd

a. Fagkrins og lærebøker.

Kaurins plan frå 1817 inneheldt framlegg om kva for undervisningsfag ein skulle ha ved seminaret. Det var stavelære, lesing, norsk, språklære, religion, rekning, geografi og naturlære. Innanfor desse faga skulle ein berre ta med det som var naudsynt for undervisninga i omgangsskulen. Vidare måtte ein ta omsyn til dei dårlege forkunnskapane hjå elevane ved seminaret. Når det galdt lærebøker kom det ikkje noko konkret framlegg frå Kaurin. Han meinte ein berre skulle nytta "de i Provstiet mest brugelige Lærebøger."

Fyrst frå slutten av 1830-åra har ein kjeldemateriale som fortel kva for fag og lærebøker ein hadde ved seminaret. Faga var stort sett dei same som ved starten. På slutten av 1840-talet kom metodiske fag inn i planen. Nytt var det og at kyrkjehistorie vart eige fag. Ein må elles rekna med at seminaret trass i at det låg isolert og fjernt frå meir sentrale strok, vart påverka av pedagogiske straumdrag i tida. Asker seminar kom i gang i 1837 og fekk mykje å seia for lærarutdanninga framover.

Når det galdt lærebøker som var i bruk dei fyrste tiåra, skal ein her nemna nokon. Det viktigaste faget for allmueskulen og sjølvsagt for seminaret var kristendomskunnskap. Faget dekte fleire emne, m.a. bibelhistorie og undervisning i katekisma. Dei mest bruka lærebøkene

var Luthers katekisme og Pontoppidans Forklaringar. Som ei hjelpebok bruka ein og Germanus "Ledesraad for Skole-lærere," frå 1822. Ei bok av prost Wille med spørsmål til Luthers katekisme fann ein og. I bibelhistorie vart Herslebs utgåve i bruk fram til 1860-talet. Frå då tok Vogts bibelhistorie over.

I tida etter at seminaret var reorganisert og utdanninga gjort to-årig, skjedde det ei fornying av lærebøker.

Kyrkjarahistorie er nemnd som eige fag. Her bruka ein ei bok av Vogt. Denne vart nytta heilt fram til seminaret vart nedlagt. I truslære bruka ein ei bok av Sverdrup. I tillegg til lærebøkene var det vanleg med bibellesing i pensum. Av evangelia var det mest vanleg å lesa Matteus.

I norskfaget vart ei tid Mauritz Hansens grammatikk nytta. I rettskriving følgde elevane øvingane frå Hansens "Praktisk Veiledning i Modersmaalet." Boka hadde både munnleg og skriftlege oppgåver. Her var det m.a. oppgåver i brev- og stilskriving over ulike emne. I lesing var det i dei fyrste åra i bruk ei bok av Birch, boka inneheldt ulike lesestykke på dansk. Ei tid var og Birchs danske språklære i bruk, men utover på 1850-talet fann ein ei veksande motvilje mot danskepreget i seminara og dei danske bøkene vart difor bytta ut. Ein opposisjon med m.a. Aasmund O. Vinje og Ole Vig stod i spissen for dette, og dei peika særleg på at seminara hadde gløymt heimemålet sitt og hadde gitt liten plass for nasjonale verdiar.

Når det galdt språket ved Kviteseid seminar må ein rekne med at elevane i skriftleg arbeid bruka eit danskprega mål eller riksmål. I nokon etterlatte handskrivne notater frå 1877 finn ein både riksmål og nynorsk i desse arbeida. Ein har og andre døme på at elevar i friare arbeid kunne bruka sitt eige talemål i skriftlege framstillingar. Men det vanlege var riksmål.

I dei fyrste åra var det vanleg med gotisk skrift. Frå omlag 1860 fekk elevane noko øving i latinsk skrift. Ei tid utover finn ein ofte ei blanding av gotiske og latinske bokstavar. Dei siste tiåra var det mest vanleg med latinsk skrift.

Av bøker i historie er berre G. Faye si bok nemnd. Denne vart bruka i lang tid som hovudbok i Noregs historie. I geografi var fyrst boka til Holmboe i bruk. Frå 1860-åra gjekk ein over til ei lærebok av Geelmuyden.

I rekning var det vanleg at elevane lærte dei fire rekningsartane. Seinare då elevane sine forkunnskapar var betre, utvida ein pensum noko. Brøkrekning kom inn i planen, og det vart gitt oppgåver i praktisk rekning. I nokon elevnotatar frå 1870-talet har ein eit interessant døme på kor langt ein kunne koma i faget; her er det nemnt ei oppgåve med å trekkjer ut kubikkrota av eit tal, - ei oppgåve som kravde stor dugleik.

Lærebok i rekning var frå 1830-åra, H. O. Bjørns aritmetikk. Boka var dansk og inneheldt eit stort utval ulike oppgåver.

Song- og musikkundervisninga er nemnd i reglementet for stiftsseminara frå 1837. Ved Kviteseid seminar hadde ein ei spesiell ordning. Olea Crøger vart i Landstads tid som forstandar tilsett som hjelpelærer i song og bruken av psalmodikon. Det forteljast at undervisninga tok seg stort opp i denne tida¹⁶⁸. Landstad hadde sjølv stor interesse av dette arbeidet. I ei melding om undervisninga fortalde han om framgangen i song- og musikkundervisninga og kor gledeleg han tykte det var at elevane sjølve lika desse timane. Om ikkje songstemma alltid var like god hos dei, hadde dei oppdaga gleda ved å vera med å syngja. Landstad håpa at denne interessa og skulle vekkjast blant folk i bygda. I 1847 fekk ein skipa til eit songkor i Sundbygda. Olea Crøger leia koret. Ho hadde skrivi ein koral som vart framført like etter flyttinga til Kyrkjebø.

Undervisninga tok sikte på å læra elevane dei vanlegaste salmane. Dei skulle og lærar å spela til på eit psalmodikon. Dette instrumentet var eigentleg ei svensk oppfinning, men fekk og ei viss utbreiing i Noreg. Det var eit enkelt instrument å spela på; det hadde berre ein streng og ein bruka ein boge til stryka over strengen. Dillner, ein svensk prest var

opphavsmann til instrumentet. Han gav ut fleire salmemelodiar med sifferteikn , slik at ein på ein grei måte kunne spela desse melodiane. Dette instrumentet var truleg i bruk ved dei fleste seminarane i landet. L.M. Lindemann laga etter Dillners mønster fleire koralar med sifferteikn. Desse vart ofte nytta i undervisninga ved lærarskulane.

Seinare, omkring 1870, vart det innført øvingar i orgelspel ved seminaret i Kviteseid. Jensen, som var styrar på den tida, fekk løyve til å kjøpa inn eit orgel som elevane skulle bruka. Korsong, 3 og 4 stemmig song kunne og vera ein del av musikkundervisninga.

Frå 1864 tok ein til med undervisning i naturfag og gymnastikk. Naturlære og naturhistorie var ikkje tatt med i reglementet for seminaret frå 1837. I landsskulelova av 1860 vart fleire nye fag trekte inn i høve til dei tidlegare planane. Ved sida av historie og geografi fekk naturfag sin plass i undervisninga.

Ved Kviteseid seminar var Siebkes lærebok i naturfag i bruk. I årsmeldinga frå 1872 peika Gløersen på at ein hadde gitt noko undervisning i fysikk det året. Undervisninga i naturfaga leid under at ein ved seminaret mangla utstyr. Desse faga var heller ikkje enno verdsett på same måten som dei humanistiske.

Etter skulelova av 1860 kunne gutane få noko opplæring og øving i gymnastikk og militære aktivitetar. Faget fekk og innpass i seminarane. I 1865 stod det i Kviteseid ferdig eit lokale til bruk for gymnastikkundervisninga. Før den tid hadde ein berre drive undervisning på sommarstad. I tillegg til gymnastikk-øvingar skulle seminarane ha våpentrening. Stortinget løyvde årleg ein sum til kjøp av våpen og ammunisjon. Lærarane fekk og tilbod om kurs ved Armeens Instruksjonsskole. I Kviteseid skulekommisjon må det ha vore ein viss motvilje mot desse våpenøvingane. Både i 1876 og året etter vart det ikkje gitt høve til militære våpenøvingar ved skulane i Kviteseid, og ein fann det heller ikkje aktuelt å senda lærarar på våpenkurs¹⁶⁹. Frå 1875 fekk seminaret spesielle løyvingar til ammunisjon. Pengane vart ikkje alltid bruka til dette formålet. I 1876 vart det ikkje arrangert skyteøvingar, andre år vart ikkje løyvingane bruka fullt ut.

Frå slutten av 1870-talet vart teikning ført opp på undervisningsplanen. Faget var tatt med i seminarreglementet frå 1869. Det vart særleg gitt undervisning i frihandsteikning. Forming kom noko seinare inn i planen. Ved Kviteseid seminar gav ein undervisning i sløyd ved dei to siste kursa, altså frå 1885. Elevane fekk opplæring i ymse former for trearbeid. Lærar var læraren ved fastskulen. Han hadde fått ekstraopplæring i faget. Det vart fleire somrar arrangert kurs for lærarar ved Fredrikshald sløydforenings arbeidsskole, H.K. Kjennerud, kom på inspeksjon til seminaret alt hausten 1885.

Dei to siste åra innførte ein hagedyrking som fag ved seminaret. Det var Gløersen som var styrar denne tida; han var ein ivrig målsmann for dei ideane som førte til at hagedyrking vart ført inn i skulane. Ein jordlapp ved seminargarden vart dyrka opp og Gløersen stod sjølv for opplæringa.

b. Faget pedagogikk. Øvingsopplæring.

Pedagogikk som eige fag hadde ikkje nokon plass i undervisningsplanane ved seminaret før på 1850-talet. Folkestad sin plan frå 1855 hadde sett opp timar til kateketikk og metodikk. Etter omlegginga i 1859 vart og sjelelære innført som fag med to veketimar i det fyrste undervisningsåret. I denne planen hadde elevane til saman 11 timar i metodikk og kateketikk i det andre undervisningsåret. I 1866 vart planen endra og talet på timar i pedagogiske fag vart noko redusert. I 1880-åra vart faget kalla oppdragelseslære. På planen desse åra vart timetalet og noko redusert, medan ein valde å auka talet på timar i praktiske øvingar.

Wegeners bok "Veiledning til at Catechisere" vart nytta ved seminaret. Kateketikken var dei fyrste tiåra den viktigaste delen av undervisningslæra. Denne undervisningsforma

hadde tradisjonar langt tilbake i historia. Fornya interesse hadde metoden fått på 1700-talet då drøftinga av pedagogiske spørsmål for alvor retta seg mot konkrete oppgåver. Særleg hadde ein i Tyskland utforma metoden slik at den fekk stor praktisk nytte. Ved seminaret biskop Pontoppidan dreiv i Bergen omkring 1750 var metoden i bruk. Metoden fekk så stor utbreiing at det i 1794 vart fastlagt ved eit kongeleg reskript at prestane skulle undervisa skulehaldarane sine i kateketikk. Ved Trondenes seminar gav ein opplæring i bruk av metoden frå 1824¹⁷⁰. Ved Kviteseid seminar var og opplæring i kateketikk aktuell alt i dei fyrste åra. I skrivet til statsråd Diriks i 1830, nemnde Thore Thoresen at medan læraren var opptatt med undervisning i fastekulen, skulle elevane ved seminaret "... øve sig indbyrdes i at catechisere."¹⁷¹

Wegeners bok i kateketikk tykkjast vera den vanlegaste ved seminara. Boka er nemnd i ei inventarliste frå Kviteseid seminar i 1844, og fram til 1860-talet vart ho nytte i pedagogikkundervisninga. Forfattaren J.E. Wegener var dansk prest og skulemann. Han var m.a. forstandar ved Jonstrup seminar. Boka hans kom ut fyrste gong i 1821. I eit verk på omlag 160 sider greidde han ut om kunsten å katekiserer. Metoden gjekk ut på at læraren sjølv skulle arbeida ut spørsmål til elevane slik at dei lettare skulle få tak i lærestoffet. Kateketikken var ei slags samtale mellom lærar og elev. Læraren skulle prøva å nytta ut svaret til eleven og la dette vera utgangspunktet for vidare spørsmål. Det var såleis skilnad på å høyra eller eksaminera ein elev og å driva katekisering. Ved eksaminasjon skulle ein finna ut kva eleven hugsa eller visste om eit emne utan at læraren sjølv støtta opp med leidande spørsmål. Eigentleg var det ein stor kunst å katekiserer på ein klok og fornuftig måte. Læraren skulle ved rett bruk av metoden vekkja interesse hjå eleven, binda saman spørsmål og nytta elevsvara slik at ein nådde fram til ei djupare forståing av det emnet ein tok for seg.

Sjølv om metoden stilte store krav til den som brukte han, var det eigentleg mykje misbruk av denne undervisningsforma. Det vart knytt mykje pedanteri til ei slik undervisning, ofte vart "høyringa" både stiv og unaturleg. Det kunne verka som sjølve metodikken vart det viktige, og ikkje å presenterer læresoffet på ein meir lettfatteleg måte for elevane. Men det finst sjølvsagt og døme på lærarar som meistra metoden og bruka han på ein naturleg og fri måte.

Det var mest vanleg å nytta kateketikken i kristendomsfaget. Ved undervisning i t.d. Luthers katekisme og Pontoppidans forklaring var det alminneleg å nytta faste spørsmål. Men og i andre fag vart metoden nytta, m.a. i grammatikkopplæringa. Seminarellevane skulle sjølv arbeida med kateketikkoppgåver i dei faga der metoden høvde best. Dei skulle laga spørsmål, finna fram tenkjelege svar frå elevane og byggja vidare på desse i nye spørsmål. Ein hadde naturlegvis både skriftlege og praktiske øvingar. Eit hefte som vart bruka ved Holt seminar hadde følgjande oppgåve: "At gjøre Mennesker til Afguder". Denne oppgåva vart handsama ved hjelp av 203 ulike spørsmål og svar¹⁷². Ved eksamen var det prøve i både skriftleg og praktisk bruk av metoden.

Utover på 1850-talet vart metoden mykje diskutert. Det vart etterkvart fleire som peika på negative sider ved han. Tida var og mogen for nye tendensar i pedagogisk tenking. Grundtvigske synspunkt på undervisning vann og fram ved seminara. Ideen om det levande og frie ordet gjorde at kateketikken kom i miskredit.

Seminarreglementet av 1869 peika og ut ein ny kurs for pedagogikkopplæringa. Ein la mindre vekt på dei teoretiske emna. Det vart og nærmast lagt ned forbod mot ein "streng kateketisk Form"¹⁷³. Dessutan vart det lagt større vekt på praktiske øvingar. Alt i fyrste året skulle elevane vera med i øvingsskulen og praksisopplæringa fekk med dette større plass i seminarutdanninga.

Ein annan viktig del av opplæringa var å gi elevane kjennskap til bruken av vekselundervisninga. Alt på slutten av 1820-talet fekk denne undervisninga innpass ved fastskulen på Kosa. Sokneprest Castberg som var i Kviteseid frå 1827 til 1834, fortalde i eit skriv til biskopen at ein skulle prøva med vekselundervisning for fastskulen¹⁷⁴. Thore

Thoresen gjorde og greie for metoden og meinte at elevane ved seminaret etterkvart ville få betre opplæring i bruken av vekselundervisningsmetoden¹⁷⁵.

I Danmark var metoden innført ved seminarane frå 1824, og han hadde ei sterk stilling fram til 1841¹⁷⁶. Både ved Trondenes og seinare ved Asker seminar fekk elevane ei viss opplæring i bruken av metoden. Det kom etterkvart fram sterke reservasjonar overfor metoden, og imot 1850-talet var han stadig meir sjeldan å finna i norske skular.

Det var særleg i leseopplæringa ein nytta seg av vekselundervisninga. Både i byskulane og i landsskulane vart han bruka, men av praktiske grunnar meir sjeldan i omgangsskulane¹⁷⁷. Det var ein gamal tanke at elevar som hadde nådd lenger i lærestoffet, skulle hjelpa dei andre. Ved innføringa av vekselundervisninga vart dette sett i system. Dei flinkaste elevane vart tatt ut til "Bihjelpere", fekk noko opplæring og vart sette til å instruere ei gruppe medelevar. Læraren hadde tilsyn med undervisninga og såg etter at medhjelparane gjorde det dei vart sette til. Hjelparane stelte seg framfor si gruppe elevar, sa fram einskildbokstavar, ord eller heile setningar, som elevgruppa skulle gjenta i kor¹⁷⁸. Til hjelp hadde ein tabellar, spesielt laga til slik bruk. På desse var lærestoffet trykt. Det var vanleg å festa desse på veggen i skuleromet og la elevane stilla seg framfor i ein halvsirkel.

Det vart ofte noko mekanisk over denne innlæringsmåten, men effektiviteten kunne vera stor i skular med mange elevar. Ved fastskulen på Kosa var det omkring 1830 mange skuleborn. Meldingar fortel om opptil 60 elevar. I ein slik situasjon der læraren hadde ansvaret for både fastskulen og seminaret, var det naturleg å nytta seg av ein metode som letta arbeidet og gav resultat.

Karakteristisk for Kviteseid seminar var det nære sambandet mellom teoretisk opplæring og praktisk lærararbeid. Undervisninga tok utgangspunkt i å gi elevane ved seminaret opplæring i fag og metodar som var vanlege i allmueskulen. Ved å leggja fastskule og lærarutdanning under same tak, fekk ein knytt teori og praksis saman på ein tenleg måte. Dette mønsteret følgde ein og ved Kopervik skule.

Ved Kviteseid seminar heldt seminaret og fastskulen til under same tak og under leiing av same lærar fram til flyttinga i 1847. Seminarelevarane fekk si undervisning på for- og ettermiddagen, medan fastskulen heldt skule midt på dagen. Då fekk elevane etter tur prøva seg som hjelpelærarar ved fastskulen. Dei som ikkje var opptekne med dette, heldt på med eigenøvingar i skriving og rekning, og i bruken av tavle.

Etterkvart som talet på elevar ved fastskulen auka, vart denne dobbeltfunksjonen mindre tilfredsstillande. Jeremiassen klaga i si tid over mykje "Renden" og bråk i skulestoga. Elevane ved seminaret meinte og sjølv at ordninga ikkje var heilt god; dei vart for mykje opptatt med undervisning i fastskulen. Dei peikar vidare på at det lett vart for lita tid til deira eigen undervisning og sjølvstudium. Det var p.g.a. av desse tilhøva at sokneprest og forstandar Landstad i 1839 fekk Kviteseid formannskap til å løna ein hjelpelærar ved fastskulen¹⁷⁹. Med dette fekk seminarlæraren ei avlastning i arbeidet i fastskulen slik at han kunne ta seg av seminaristane. Denne ordninga vara fram til 1847. Då flytta seminaret til Sundbygda og ein ny fastskule vart oppretta på Lauvstad. Denne skulen vart ein naturleg øvingsskule for seminaret, sjølv om det intime sambandet no var brote. Fastskulen hadde no sin eigen lærar, klokkaren i bygda.

Då Halvor O. Folkestad i 1849 kom til Kviteseid, fann han denne ordninga lite tilfredsstillande. Han meinte at øvingsundervisninga ikkje fungerte godt. Han utarbeidde dei følgjande åra ulike planar for seminaret. Frå 1859 kom så praksisopplæringa inn under ei anna ordning. Seminaret og fastskulen flytta til kommunehuset på Moen, ikkje langt unna Kyrkjebø. Skuleavdelingane heldt til i kvar sine rom, men øvingsopplæringa vart styrka.

4. Lærarane

Ved ein liten institusjon som Kviteseid seminar, var det naturleg at læraren fekk stor innverknad på arbeidet ved skulen. For det meste hadde skulen ei seminarklasse og ein lærar. Det vart difor naturleg at samspelet mellom lærar-personlegdomen og arbeidssituasjonen var avgjerande for verksemda ved seminaret. Det var berre i den siste halvdel av seminaret si soge at offisielle reglement og planar fekk nokon større innverknad på drifta ved seminaret.

Frå starten og fram til nedlegginga av seminaret i 1889 var det i løpet av desse 70 åra seks styrarar ved skulen. Dei fungerte i ulik lengde, eit par av lærarane var i posten i nokså stutt tid. Det er eit gjennomgåande trekk at det ved utlysing av styrarstillinga ved seminaret, melde seg fleire kvalifiserte søkjarar. Både i 1871 og seks år seinare var det meir enn ti søkjarar til stillinga. Av dei seks styrarane var det berre dei to fyrste som ikkje hadde embetseksamen. (Thoresen tok cand.theol. eksamen i løpet av dei siste åra han var ved Kosa-skulen.) Eit anna sams trekk var at styrarane hadde vore lærarar i ulike skuleslag før dei kom til seminaret. Etter avslutta teneste ved seminaret søkte fire av lærarane seg over i kyrkjelege stillingar, ein vart pensjonert, medan den siste styraren gjekk over i ei anna stilling i skuleverket.

Fyrste styraren ved seminaret og fastskulen var kviteseidingen Thore Thoresen. Han var i denne dobbeltstillinga fram til 1832. Dei siste åra var han rett nok ein del fråverande p.g.a. studiar til embetseksamen i teologi. I 1827 tok han eksamen artium og embetseksamen tok han i 1831, baa eksamenar med laudabel i hovudkarakter.

Thoresen var 30 år då han tok til ved Kosa-skulen. Han hadde då i omlag ti år arbeid ved ulike skular, fleire år var han og privatlærar i velstående heimar. Han hadde såleis god praksis, sjølv om han ikkje hadde arbeid i omgangsskulen. Utdanninga hadde han frå Blågård seminar ved København. Han hadde fått eit godt vitnemål og elles hadde han og gode attestar og fråsegner frå tida som lærar. Han var difor vel skikka til å gå inn i ei stilling han lang tid forut var utpeika til å ta på seg.

Dobbeltstillinga ved Kosa-skulen gjorde Thoresen til den fyrste fastskulelæraren i Vest-Telemark. På bygdene var omgangsskulen den einaste skuleforma og reaksjonane på ein fast skule vart difor negative. Dette hadde sjølv sagt og samanheng med auka utgifter til skulestellet. Den fyrste tida hadde Thoresen ein strid tårn med å "forsone" naboane med den nye skulen. Skulen møtte lite godvilje og interesse hjå folket i bygda. Det kan verka som Thoresen sjølv var noko skuffa over denne reaksjonen. Dette kan truleg vera ei medverkande årsak til at han tok fatt på teologistudiet, for som han sjølv peika på, ".... at gjøre mig uafhængig af det til misledelede Folks Stemning..."¹⁸⁰. Det var ikkje ei enkel sak å skaffa seg denne utdanninga. Men han møtte godvilje og fekk støtte av m.a. verkseigar J. Aall og av biskop Munch i Kristiansand.

I 1832 søkte Thoresen Hitterdal soknekall, han vart utnemnd til stillinga i april same året. I denne stillinga var han til 1844 då han vart sokneprest i Hole. Denne stillinga hadde han til sin død i 1850, 61 år gamal.

Det er fleire utsegner som fortel at ein såg på Thoresen som ein dyktig lærar. I bygda gjekk han under namnet "Skolelærar Thoresen." Han var ein person det stod respekt av, sjølv om han etterkvart hadde fjerna seg noko frå leveviset til folket elles i bygda. Stillinga han hadde plasserte han i posisjon over det vanlege bygdefolket. Dette gjorde at han ikkje heilt følte seg heime i bygda etter at han etter fleire år ute kom attende som lærar ved Kosa-skulen.

Frå dei årlige visitasmeldingane får ein noko kjennskap til seminaret i den tida Thoresen var lærar der. Meldingane er prega av ei positiv haldning til skulen og det vart stadig peika på den store nytten lærarutdanninga hadde for distriktet. Thoresen vart halden fram som ein framifrå lærar, ein person som synte iver og interesse i sitt daglege arbeid. Av prost Heyerdahl var Thoresen kalla den "almindelig agtede og elskede Lærer."¹⁸¹ Sokneprest

Castberg i Kviteseid meinte ein ikkje kunne lasta læraren at resultatet av undervisninga ikkje alltid vart dei ein kunne venta¹⁸². Castberg karakteriserte Thoresen som "... en alvorlig og tænksum Mand, en dyktig Lærer."

Thoresen synte stor iver i arbeidet ved skulen og interesse for den viktige oppgåva han hadde vorte kalla til. Sjølv om han ikkje heilt fann seg til rette då han kom attende til heimstaden, er det nok riktig å seia at han gjorde eit solid arbeid ved skulen dei 13 åra han heldt skule på Kosa.

Det var Knud Johan Jeremiassen som følgde etter Thoresen som lærar ved fastskulen og seminaret. Thoresen arbeidde fram til årsskiftet 1832/33. Den ledige stillinga vart lyst ledig i oktober. Det melde seg heile 17 søkjarar til stillinga. Av desse var dei fleste allmueskulelærarar, og ein del var studentar. Jeremiassen var allmueskulelærar i Drammen, og hadde studert teologi ei tid, men utan å ta embetseksamen. Han hadde måtta avbryta studiet på grunn av dårleg økonomi. Jeremiassen hadde gode attester og vart valt ut mellom søkjarane som den best skikka til den krevjande stillinga. Tilsetjinga skjedde 7. desember 1832.

Jeremiassen vart fødd i 1807 og var berre 26 år gamal da han tok til ved skulen. Erttertida har ikkje gitt Jeremiassen det beste omdøme. Prost Wettergren skreiv i 1840 til biskopen i Kristiansand at elevane hadde gjort noko framgang, men mindre enn venteleg var. Han peika på at han ikkje var nøgd med læraren, sjølv om Jeremiassen gjorde så godt han kunne¹⁸³. Fråsegnen frå Heggveit er heller ikkje særleg positiv når han seier om Jeremiassen at han var "... en vistnok mindre begavet, men from og samvittighedsfuld Mand¹⁸⁴.

Det er fleire utsegner som tyder på at Jeremiassen arbeidde noko tungt for å få skulen til å fungera. Prost Schieve er inne på dette i årsmeldinga si, der han peikar på at Jeremiassen hadde vanskar med å få til skikkeleg undervisning både i fastskulen og seminaret¹⁸⁵. Ein skal vera klår over at både avdelingane hadde god søknad i desse åra. Elevtalet i fastskulen låg på omlag 60 elevar og i seminaret kunne det til tider vera bortimot 20 elevar. Jeremiassen hadde sjølv peika på desse problema og klagar over at det var mykje støy og "renden" i skulehuset. Mellom dei kjende personane som var elev i Jeremiassen si tid, fin ein m.a. Aasmund Vinje. Han hadde sjøl mykje godt å seia om skulen, og meinte at arbeidet der vart drive på ein skikkeleg måte.

I løpet av den tida Jeremiassen var styrar ved seminaret, skjedde det ein del endringar. På 1840-talet flytte seminaret til Sundbygda, Seminaret vart skilt frå fastskulen og det offentlege ytte større bidrag til utgiftene ved seminarverksemda. Jeremiassen tok sjølv opp spørsmålet om ei sikker inntekt til læraren ved seminaret. Han meinte at det offentlege måtte ta over større delar av utgiftene. Fyrst i 1848 vart tilskottet høgda og frå 1854 vart driftsbudsjettet lagt over på det offentlege.

Jeremiassen fekk ein trist slutt på arbeidet sitt ved seminaret. Tilhøva ved seminaret var neppe tilfredsstillande sjølv etter at seminaret hadde flytt. I 1851 vart Knut Taraldsen tilsett som hjelpelærar. Han var lærar ved den nyoppretta fastskulen i Sundbygda og skulle ta seg av dei praktiske faga ved seminaret. Jeremiassen hadde ikkje evna til å gi ei fullgod undervisning. Det vart samstundes vurdert om ein skulle be Jeremiassen søkja avskil frå stillinga si ved seminaret. I meldinga si til departementet hadde prosten m.a. peika på "... at Seminariet paa Grund af Jeremiassens Personlighed havde tabt al Tillid in Publico."¹⁸⁶ Han var ofte prega av "nedtrygt Sindsbeskaffenhed" og var ikkje alltid i stand til å utføra arbeidet ved skulen. Soknepresten i Kviteseid, Halvor Folkestad, hadde nok eit meir positivt syn på arbeidet til Jeremiassen. Han fann at Jeremiassen gjorde det han kunne og synta både flid og elles synta ei positiv framferd.

Det vart likevel til at ein bad Jeremiassen søkja avskil frå stillinga si ved seminaret. Ein rekna ikkje med at det var mogleg å få han fjerna frå stillinga mot hans eigen vilje. Han var tilsett på vanlege vilkår og det måtte då ein dom til for å få fjerna han frå seminaret. Frå departementet fekk han det rådet å søkja avskil på grunn av dårleg helse. Det var

sokneprest Folkestad som fekk i oppdrag å gi Jeremiassen melding om dette. I ei melding til prosten gjorde han greie for det som vidare skjedde og peika m.a. på at Jeremiassen då han fekk vita dette "... ikke saae sig istand til at forrette Noget som helst ved Seminariet. Han maatte øieblikkelig forlade sit Hjem, ...".¹⁸⁷ Jeremiassen heldt seg borte frå seminaret til eksamen var over. Sjølv kunne han ikkje sjå nokon manglar ved arbeidet sitt. Men det var sjølvstags vanskeleg for han å halda fram i stillinga lenger. Då han fekk lovnad om ein årleg pensjon på 200 Spd, gjekk han med på å søkja avskil. Dette vart innvilga og Jeremiassen slutta i gjerninga si ved seminaret 12. desember 1853¹⁸⁸. Han reiste til Oslo og budde der med familien til han døde i 1892.

Den tredje styraren var Frederik Christian Wolff, son av diktarpresten Simon Olaus Wolff. Han tok teologisk embetseksamen i 1850, men valde å arbeida i skulen. For å skaffa seg pedagogiske kunnskapar og kjennskap til undervisningsmetodikk, tok han kontakt med Knud Gislesen som var styrar ved Asker seminarium. Våren 1853 var han ved dette seminaret i 4 veker. Han følgde undervisninga i ulike fag og var med i diskusjon om opplegget ved skulen. Han var og med ved dei praktiske øvingane ved øvingsskulen. Gislesen meinte at Wolff var ein person med store kunnskapar, vel skikka til skulearbeid¹⁸⁹.

Etter opphaldet ved Asker seminar fekk Wolff stilling som fyrste-lærer og inspektør ved Farsund borgarskule. Her var han i arbeid frå mai 1853 til desember 1854. Han gjorde ein framifrå innsats ved skulen og fekk med seg gode attestar då han reiste derifrå.

Wolff hadde sett mykje inn på å få den ledige stillinga ved Kviteseid seminar. Det meldast om stor glede i familien då ein fekk kjennskap til tilsettinga¹⁹⁰. I juni 1855 tok han til i stillinga, samtidig med at eit nytt kurs starta opp. Wolff fekk interessante år ved seminaret, ein hadde no kome godt i gang på Kyrkjebø. Folkestad var sokneprest i Kviteseid i desse åra, og det var eit godt samarbeid mellom desse to. Det vart og eit nært vennskap mellom dei. Ei tid vikarierte Wolff som sokneprest då Folkestad var opptatt med kommisjonsarbeid i Oslo. Wolff gav seinare uttrykk for at åra i Kviteseid var dei beste og lukkelegaste i hans liv.¹⁹¹

Det er ikkje mykje ein konkret veit om Wolff sin innsats ved seminaret dei fem åra han var styrar der. Men nokre fråsegn fortel om ein dyktig lærar og kunnskapsrik person. I 1860 fekk han stilling som skuledirektør i stiftet då dette embetet vart oppretta. Han var i denne stillinga til han trekte seg på grunn av høg alder. Wolff døydde i 1907, nær 81 år gamal.

I 1860 måtte styrarstillinga ved seminaret lysast ut på ny. Det melde seg seks søkjarar, av desse var fem teologar. Severin Johannes Wilhelm Hesselberg vart innstilt til stillinga av prosten og sokneprestane i prostiet og tilsett som styrar 1. september 1861.

Hesselberg var cand. theol. frå 1849 med laudabilis til hovudkarakter. Etter embetseksamen valde han å arbeida som lærar. I eit par år var han huslærer. Som Wolff hadde og Hesselberg eit opphald ved Asker seminar. Han var ved seminaret eit par månader og følgde undervisninga ved dette seminaret som ein såg som eit mønster for lærarutdanninga. Etter eit kort vikariat ved Risør borgarskule, fekk han stilling som fyrstelærer ved Modums høiere Almueskole hausten 1853. Han var i denne stillinga til han vart tilsett ved seminaret.

Hesselberg skulle vera vel skikka til arbeid ved eit seminar, han hadde gode eksamenar og fleire års røynsle frå skulearbeid. Dei ni åra han var ved seminaret, var gode år. Det var god søknad frå bygdene i Vest-Telemark og fleire personar som seinare vann seg eit namn, vitja seminaret på 1860-talet. Ein har difor ein del utsegner om tilhøva ved seminaret frå desse åra.

Kyrkjehistorikaren H.G. Heggtveit var elev ved seminaret i 1868. Han hadde mykje godt å seia om Hesselberg, og meinte at han var "... en begavet Mand med mange Kundskaber...", og at Hesselberg synte "Flid og Iver" i arbeidet, men at han ikkje hadde lett for å undervisa på ein enkel å skjønneleg måte¹⁹²

At undervisninga i Hesselberg si tid kunne vera noko tørr og teoretisk, fortel Jørund Telnes som og var elev i desse åra.¹⁹³

Telnes meinte at seminaret i for stor grad var prega av bokleg lærdom og at ein tok lite omsyn til den kulturelle samanhengen seminaret stod i. Telnes ville at seminaret i større grad skulle vera med å gi ein kulturell vokster til bygdene i Vest-Telemark.

I attestane frå sokneprest Knutzen og prost Selmer går det fram at Hesselberg var ein dyktig tenestemann som utmerka seg "med stor Orden og Samvittighedsfuld Nøiaktighed i alle sine Forretninger."¹⁹⁴ I tillegg hadde Hesselberg ein utprega rettferdssans, og kunne vera nokså stivnakka. Dette førte han opp i ein kjedeleg situasjon som kom til å kasta skugge over dei siste åra Hesselberg var ved seminaret:

Taraldsen, som hadde vore hjelpelærer ved seminaret, vart tilsett i fast timlærarstilling frå 1863. Han underviste i metodikk, kateketikk og praktiske øvingar. Det oppstod ein strid mellom Hesselberg og Taraldsen. Saka galdt tolkinga av det 8. bodordet. Hesselberg meinte at Taraldsen hadde vore for liberal i tolkinga av bodordet i ein undervisningsleksjon. Han peika på dette overfor Taraldsen og bad han gje ei anna tolking. Taraldsen ville på si side ikkje trekkja attende det han fyrst hadde hevda. Hesselberg var ikkje nøgd med dette og la saka fram for både stiftsdireksjonen og biskopen. Men ein ville ikkje "treffe nogen særegen Forføining."

Hesselberg var ikkje tilfreds med denne avgjerda og førte saka fram for departementet.¹⁹⁵ I eit skriv peika han for det fyrste på at han meinte Taraldsen hadde drive vranglære. Dessutan tykte han at biskopen, von der Lippe, ikkje hadde handsama denne saka på rett vis. Utfallet vart at departementet meinte Hesselberg hadde fare uklokt fram i denne saka og trekt ho unødig ut i langdrag. Hesselberg fekk heller ikkje nokon sakleg støtte for sine synspunkt korkje i tolkinga av bodordet eller i klaga mot von der Lippe.

Saka hadde og synt at Hesselberg nok ikkje hadde hatt det beste lag med arbeidet ved seminaret. Taraldsen var ein godt lika person i bygda, han var og populær mellom elevane ved seminaret. Medan saka stod på, hadde elevar søkt ekstraundervisning hjå Taraldsen. Dette saman med saka mellom Hesselberg og Taraldsen, skapte nok vanskelege tilhøve ved seminaret ei tid.

I 1869 hadde Hesselberg tatt praktisk teologisk eksamen. Det var vanskeleg for han å arbeida lenger ved seminaret og han søkte ulike prestestillingar. Fyrst i 1871 fekk han stilling og vart tilsett som res.kap. i Norderhov. I 1879 vart han sokneprest i Våler. Hesselberg døydde i 1908, 83 år gamal.

I 1871 vart Johan Ole Herman Jensen, son til stiftsprost P.A. Jensen, tilsett som styrar. Han var då berre 27 år gamal, men hadde alt fleire års røynsle frå skulearbeidet. Jensen var ikkje meir enn 21 år då han tok teologisk embetseksamen. Før han tok til med teologien hadde han ei stutt tid prøva seg som utøvande kunstnar. I 1862 var han elev ved Eckerbergs malerskole. Han gav snart opp dette og valde i staden det teologiske studiet.

Etter studietida gjekk Jensen inn i skulearbeidet. Ei tid var han språklærer ved Heltbergs skole i Oslo. Etter dette arbeidde han fleire år som lærar og inspektør ved Aars og Voss skole i Oslo. Frå arbeidet ved denne skulen, fekk han framifrå attestar som synte at han var ein særst dyktig lærar.

Etter åra ved Aars og Voss høgere skole gjekk han attende til teologien. Ei tid var han notar ved det teologiske fakultet og i 1871 fekk han stipend til ei studiereise til lærestadar i Tyskland. I mellomtida hadde han vorte tilsett ved seminaret og måtte be om utsetjing med å gå inn i stillinga. Medan han fullførte studiet ved universitetet i Tübingen, fungerte cand. theol. Gustav Selmer som styrar ved seminaret. Jensen tok til i stillinga 1. juni 1872.

Det var stor søkning då styrarposten vart lyst ledig i 1871. I alt melde det seg 13 søkjarar. Av desse var 9 utdanna som teologar. Mellom søkjarane var det ein frå Vest-Telemark, Cand theol. Jon Quisling, son av lensmannen i Fyresdal søkte stillinga. Ein annan søkjar var Knut G. Gløersen. Han måtte venta enno nokon år før han fekk denne stillinga.

Jensen hadde ikkje berre oppnådd dei beste karakterar i dei teoretiske studia, han var

og ein sær s dyktig og gåverik lærar. Erttida har og gitt han eit godt omdømme. Heggtveit seier om han at han var "...sandsynligvis den flinkeste Lærer og Opdrager Seminaret har havt, ..." ¹⁹⁶. Sokneprest John Moses i Kviteseid gav og Jensen ei sær god attest. ¹⁹⁷ Jensen var ein god styrar og lærar for seminaret. Han gjekk aktivt inn i arbeidet ved seminaret. Alt same hausten som han tok til, ønskte han å få gjort noko for undervisninga i naturfag. Han søkte departementet om ekstraløyvingar for å skaffa seminaret eige utstyr til faget. ¹⁹⁸ Vidare tok han initiativ til ei omlegging av terminordninga. Han ønskte eksamen og opptak lagt til eit anna tidspunkt enn det som var praksis. Framlegget førte ikkje fram, og ordninga vart verande den same. ¹⁹⁹

Seminaret fekk glede av denne personen i altfor kort tid. Som andre av styrarane hadde gjort før han, søkte han seg over i prestestilling. Han ønskte eit rolegare liv då han dei siste åra var ofte sjuk. Han døydde i Oslo i 1910, 66 år gamal.

Den siste styraren ved seminaret var Knut Gislesen Gløersen. Som fleirtalet av forgjengarane sine var han og teolog. Før han i 1877 vart tilsett som styrar, var han lærar ved ein høgare skule. Han var ein gåverik person med ein solid teoretisk bakgrunn, han hadde m.a. laud til alle sine eksamenar.

Ole Gjørvad som var annelærer ved seminaret frå 1883 har fortalt om Gløersen: "Det var ein bra mann i mange måtar, ein real og grei karakter utan svik og knep, ein trufast ven, påliteleg i all si ferd, friluftsmann, jeger og fiskar og framfor alt interessert hagedyrkar, flink sangar og dyktig svartkvitt-teiknar. Det kunne visst seiast endå meir godt om Gløersen. Likevel veit eg ikkje om han høvde til å vere styrar ved eit seminar. Det var for lite initiativ hjå han - det var for lite drivande kraft til å arbeide skulen fram. Han hadde gått på høgare skular og sjølv vore lærar ved ein høgare skule før han kom til seminaret. Omlag slik tok han undervisninga her og. Folkehøgskulane var han reint i mot og sette ikkje læremåten der høgt. I det heile var det noko gamaldags ved hans syn på skulen og skulearbeidet. Foredrag utanom skulen, fester, elevstevner, jubileer og slikt som vanlege skular brukar for å koma i kontakt med folk og reklamere for skulen med, brukte han aldri." ²⁰⁰

Likevel må ein halda fram, at Gløersen synte ei positiv haldning til seminarverksemda. Då Bratsberg amtsformannskap i 1879 drøfta ei nedlegging av realklassa som var knytt til seminaret, gjekk Gløersen sterkt imot dette. Ei ordning med ei flyttbar amtsklasse såg han som ei uheldig løysing for seminaret. Han meinte at ein ved ei flytting ville få eit dårlegare tilbod til elevane. Dessutan ville ein miste ein lærarpost, noko som ville gjera undervisnings-situasjonen vanskelegare. Men realklassa vart nedlagt, men i staden fekk ein oppretta ei annan-lærarstilling slik som Gløersen hadde bede om.

Utover på 1880-talet kom nedlegginga av seminaret etterkvart meir på tale. Gløersen arbeidde likevel for at seminaret skulle få halda fram med verksemda si. Han prøvde å få departementet til å gå med på ei utviding av drifta. Etter framlegg frå Gløersen vart og kursa noko utvida. I 1886 kom han med planar om å reisa eit nytt undervisningsbygg. Dei lokala ein heldt til i var nokså skrable og lite eigna til undervisningsrom. Men på det tidspunktet var lagnaden til seminaret avgjort og Gløersen fekk ikkje noko støtte for planane sine. Sjølv om Gjørvad meinte det var for lite initiativ hjå Gløersen, arbeidde han aktivt for å samle støtte til eit krav om vidare drift ved seminaret.

Det er ikkje tvil om at Gløersen ønskte ein annan lagnad for seminaret. Han kjempa mot nedlegginga, men hadde vel ikkje sjølv gjort nok for å syte for ei indre fornying av skulen. Det vanta nok på initiativ til å finna nye vegar i det pedagogiske arbeidet og ta opp nye straumdrag i tida. Ut frå sine føresetnader gjorde Gløersen truleg det beste han kunne for å halda lengst mogeleg liv i seminaret. Etter at seminaret vart lagt ned, arbeidde Gløersen enno ei tid som seminarlærar, no som annan-lærar ved Hamar seminar.

Hjelpelærarar.

Det var sjølvsagt styrarane som hadde størst verknad på arbeidet ved seminaret. I mesteparten av den tida seminaret var i drift, var det tilsett hjelpelærer. Frå slutten av 1830-talet var fleire lærarar tilsette ved seminaret. Ein vil her ta for seg tre av desse, personar som tykkjest å ha hatt ein viss verknad på seminarverksemda.

Eit interessant tiltak var det at Olea Crøger ei tid underviste ved seminaret. Ikkje berre fekk ein ei kvinne til lærar, den einaste i seminaret si soge, men no vart det og tatt særskild omsyn til song- og musikkundervisninga ved seminaret.

Olea Crøger vart fødd i Heddal i 1801. Far hennar var sokneprest der. Han hadde sans for folkeleg song. Mor til Olea lærde opp døtrene sine i musikk og kunstveving.²⁰¹ Omkring 1830 reiste Olea saman med systera si til Seljord, der dei kjøpte ein gard. Frå 1838 var ho hjelpelærer i "Sang og Brugen af Psalmodikon" ved seminaret på Kosa. Frå opplysningsvesenets fond vart det gitt 20 Spd i løn for dette arbeidet.²⁰²

Tiltaket hadde sjølvsagt stor tyding for undervisninga i song og musikk. Det var i Landstad si tid som sokneprest at dette kom i gang. Etter at Olea Crøger fekk hand om songundervisninga kom denne opp på eit langt høgare nivå enn tidlegare. Det kan på ymse meldingar tykkjast som om undervisninga i song hadde lege nede. Årsaka til tiltaket var nok Landstads spesielle interesse for song og musikk. Det var soleis til stor nytte at Olea Crøger kunne stå for dette arbeidet, med sitt syn for dei folkelege straumdrag i song og musikk.

Etter at Olea Crøger på slutten av 1840-talet slutta ved seminaret, var det ikkje tilsett nokon spesiell lærar for song- og musikkundervisninga. Då seminaret flytte til Sundbygda, var det kyrkjesongaren der, Knut Taraldsen, som vart timelærer ved seminaret. Han hadde ei tid song- og musikkundervisninga.

Knut Taraldsen var Kviteseiding, sjølv om ætta hans var innflyttarar. (Faren var av Lundevallætt, mori frå Trovatn i Øyfjell.) Han vart fødd i 1825. I 1840 tok han eksamen ved Kosaskulen. Det var sokneprest Landstad som fekk han til å gå der. Taraldsen hadde gode evner og fekk eit godt vitnemål, påteikna orda "meget duelig til Skoleholder".²⁰³ Etter å ha arbeidd som vikarlærer i Flatdal og ei tid som huslærer hjå Landstad, drog Taraldsen til Asker og følgde undervisninga der vinteren 1845-46. Frå 1847 var han kyrkjesongar i Kviteseid, ei stilling han hadde i mange år. Som lærar verka han fram til 1883. Taraldsen var og gjennom fleire år stortingsmann, i tida mellom 1868 og 1882 møtte han jamnleg på Stortinget som representant for bondestanden og seinare venstrerørsla. Taraldsen gjorde seg gjeldande som lokalpolitikar. Han var m.a. ordførar i Kviteseid og hadde elles fleire verv.

Det var i Jeremiassen si tid som styrar at Taraldsen vart tilsett som hjelpelærer. Det var vanskelege tider ved seminaret dei siste åra Jeremiassen var der og Taraldsen fekk mykje å seia for seminaret desse åra. Taraldsen arbeidde fyrst utan noko økonomisk godtgjersle. Då han ville trekkja seg frå dette "gratisarbeidet", vart det løyvd pengar til løn frå Kviteseid skulekasse. Seinare gav departementet middel til løn til Taraldsen.

Taraldsen vart rekna for ein særskild dugande lærar. Han hadde særskilde gåver når det galdt å undervisa. Han hadde framfor alt ei roleg og logn framferd overfor elevane, noko som gjorde at han vart godt likt som lærar både i fastekulen og ved seminaret.

Då ein i 1859 oppretta ei realklasse ved seminaret, vart det og behov for ein ekstra lærar til undervisninga her. Det var Aslak Olsen Haukom som fekk denne stillinga. Stillinga vart dela mellom timar i seminaret og realklassa. Aslak O. Haukom vart fødd i 1837, han var son til Ole Bjørnsen. Haukom fekk utdanninga si ved Holt seminar. Han gjekk ut frå skulen med særskilde gode vitnemål. Etter avslutta kurs vende han heim og tok til som lærar ved seminaret og den tilhøyrande realklassa.

I ein artikkel av S.(J?) O. Råmunddal vert det fortalt at fleire av lærarane i bygda hadde hatt Haukom til lærar på seminaret og "... dei hev kytt av Haukom som menneske, ven og lærar som dei lærde mykje av."²⁰⁴ Ein av elevane, Hans Utbø, skreiv ein song til Haukom, då han dimmitterte frå seminaret. Songen syner kva for vørndnad dei unge seminaristane hadde

for han. Diverre måtte A.O. Haukom slutte som lærar alt då han berre var vel 40 år gamal, han var mykje plaga av hovudverk og orka ikkje halde fram i skolestoga lenger. Seminaret og realklassa mista med det ein framifrå.

Som Taraldsen var og Haukom politisk interessert. Han vart karakterisert som ein "jåbekianer - sparemann av all sin hug, på same tid som han også var ein ven av god folkeleg opplysning."²⁰⁵ Ved stortingsvalet i 1879 var det fleire som ønskte Haukom som tingmann. Det var mange som meinte han stod fremst mellom bøndene i fylket og difor var best eigna til å representera dei på Stortinget. No vart det ikkje so at han fekk reisa til Kristiania og arbeida i rikspolitikken. Ei kjedeleg sak om urettvist å ha lura til seg pengar ved tømmerisal, sette ein stoppar for dette. Han vann rettssaka, men han, tapa i tevlinga om ein plass på Stortinget. Etter dette reiste han til USA, men vende heim etter nokon år og levde sine siste dagar hjå skyldfolk i Morgedal.

Ein mann som A.O. Haukom med sitt politiske og nasjonale grunnsyn kom til å setja preg på elevane ved seminaret og realklassa. Det var vanleg å senda emnelege bondesøner til seminaret. Eit opphald ved seminaret var ikkje alltid retta inn mot læraryrket, mange var det som ønskte meir allmenne kunnskapar. Med lærarar som Taraldsen og Haukom fekk elevane ikkje berre faglege kunnskapar, men og ein politisk påverknad som gav unggutane større tru på den norske bondestanden og medvit om sine politiske rettar. På dette viset vart og seminaret ein politisk faktor i Vest-Telemark.

5. Elevane.

Planen frå 1817 som Kaurin fekk godkjend, tok sikte på at kvart prestegjeld i prostiet skulle senda ein elev til seminaret. Det var ni prestegjeld på den tida, og ein rekna dette for eit høveleg tal på elevar. Men alt fyrste året møtte 14 elevar fram, og året etter var det 19.²⁰⁶ Mønsteret med ein elev frå kvart prestegjeld vart ikkje følgd. Det synte seg at det ofte møtte fleire ungdomar frå Kviteseid. På grunn av geografiske tilhøve var det og ein tendens at dei næraste prestegjelda kom til å senda fleire til seminaret. Etterkvart som søkninga til seminaret ikkje i same grad vart knytt til lærarbehovet i prestegjelda, var fordelinga på prestegjelda meir tilfeldig.

Ein har ikkje sikre kjelder som syner talet på elevar som fekk utdanning ved seminaret. I dei fyrste 18 åra, fram til 1837, gjekk det ut 165 elevar frå seminaret. Frå tidsromet mellom 1837 og 1855 har ein ikkje oppgåver over talet på elevar. Ein kan truleg rekna med at gjennomsnittet låg på omlag det same som ved fyrste perioden, altså ni elevar kvart år.

I årsmeldingane frå 1855 til 1859 går det fram at talet på elevar var nokså lågt. Det var ofte ikkje meir enn 4 - 6 elevar ved kvart kurs. Frå 1859 til nedlegginga i 1889 har ein nøyaktige opplysningar over talet på elevar som vart tatt opp og over dei som tok eksamen. Frå kurset i 1861 til siste kurset gjekk det i alt ut 248 elevar, eit gjennomsnitt på omlag 16 for kvart kurs. Talet på eksamenskandidatar varierar nokså mykje, i 1865 var 26 elevar oppe til eksamen, medan det berre fire år seinare melde seg 12. Lågast i denne perioden var det ved eksamen i 1887, då berre ni elevar dimitterte.

I løpet av dei 70 åra seminaret var i verksemd, vart det uteksaminert til saman om lag 570 lærarkandidatar, eller eit gjennomsnitt på 13 for dei 55 kursa som vart haldne.

Eit gjennomgåande trekk ved seminaret var det store fråfallet frå kursa. Mange valde av ulike årsaker å reisa frå seminaret før dei hadde tatt avsluttande eksamen. Både i meldinga Thoresen sende statsråden i 1830, og seinare utsegner peikar på dette som eit stort problem. I dei fyrste åra seminaret var i drift, var problemet helst at elevane ikkje var nøye nok med å

følgja semesterordninga, medan ein seinare hadde eit regulært fråfall ved at elevane slutta før dei hadde tatt eksamen.

I tida etter 1859 då ein innførte ordninga med opptaksprøver, får ein klårare bilte av fråfallet ved seminaret. Frå 1860 var det særskild god søkning til seminaret, og med dette minka og fråfallet. Ein var inne i ein periode med stabil elevtilgang og for dei som var blitt tatt opp i seminaret, galdt det å halda på plassane. Frå 1870-talet aukar fråfallet att. I 1876 slutta sju av dei 26 elevane som byrja året før. Høgt var og fråfallet ved kurset i 1885-87, då var det ti elevar som ikkje fullførte.

Årsakene til at fleire av elevane ikkje fullførte kursa, hang m.a. saman med sosiale tilhøve. Det var fleire som reiste frå seminaret på grunn av økonomiske vanskar. Sjølv om det ikkje vart tatt skulepengar, var eit opphald utanfor heimen eit økonomisk løft. Frå årsmeldingane vart andre årsaker nemnde: På 1870-talet måtte ein elev slutta før han fekk høve til å ta eksamen, fordi han hadde for stort fråver frå undervisninga. Ein kan og lesa om at det vart gitt råd til elevar om å slutta då dei ikkje synte nødvendig fagleg framgang.²⁰⁷

Som det vert peika på ovanfor var søkninga til seminaret noko ustabil. Seminaret si soge strekker seg over ein periode på 70 år og det er naturleg at synet på lærarutdanning og behovet for lærarar varierte ein del i løpet av desse åra. I dei fyrste åra var det jamnt over god interesse for seminaret og søkningen heldt seg på om lag 15 elevar for kvart kurs. På 1860-talet var interessa for seminaret størst. I 1863 meldte det seg 62 elevar til kurset, og ein måtte difor til med strengare reglar for opptak. Ein valde m.a. berre å ta inn elevar som var mellom 17 og 22 år.²⁰⁸ Utover på 70-talet var søkningen god. Denne tendensen vara eigentleg heilt til seminaret vart nedlagt. Opptaket låg på mellom 20 og 26 elevar til kvart kurs.

Når det gjeld elevane sin sosiale status, må ein ut frå kjennskap til rekrutteringa til læraryrket, rekna med at i dei fyrste åra var det flest husmannssøner som søkte til skulen. Tidleg på 1800-talet var læraryrket eit typisk lågststatusyrke, og søkningen til lærarskular kom frå dei lågare sosiale sjikta. Frå 1860-talet snudde denne tendensen seg. I større samanheng heng dette m.a. saman med ei heving av lønstilhøva for lærarane. 1860-lova var eit stort framsteg i så måte.²⁰⁹ For søkningen til læraryrket fekk dette konsekvensar. Andre sosiale grupper kom i overvekt. Dette har sjølvstundt ikkje berre samanheng med lønsspørsmålet, men andre faktorar talde og med. Ved Kviteseid seminar var det frå 1850-åra ein overvekt av gardbrukarsøner. I åra frå 1859 til 1866 var 68 av elevane søner av gardbrukarar, 14 av husmann og 3 av lærarar. Andre samfunnslag var neppe representerte.

Ved at andre sosiale grupper kom meir med i skulestellet, fekk seminaret ein annan posisjon. Det vart vanleg å senda gardbrukarsøner med boklege evner til skulen. Desse gjekk ikkje fyrst og fremst på seminaret for å verta skulemeistrar. Dei heldt kan hende skule i bygda ei tid før dei gjekk attende til gardsarbeidet. Ein del av desse vart mellom dei leidande personane i bygda i ei tid då folket byrja vakne til politisk medvet.

Fleire elevar søkte vidare undervisning og skulegang etter kurset ved seminaret. For mange var tida ved seminaret ein vekkjar til trongen etter meir kunnskap. I løpet av dei fyrste åra seminaret var i drift finn ein både Knut Gislesen og Halvor Folkestad som elevar ved skulen. Gislesen som sjølv var son av ein lærar, arbeidde ei tid i omgangsskulen før han tok til med det tologiske studiet. Folkestad gjekk same vegen. Dei vart seinare baa to utnemnde til biskop og var på fleire måtar med på å prega skuledebatten i si tid. Aasmund O. Vinje som var elev ved seminaret i 1830-åra, las og vidare. Han var m.a. ei tid ved Asker seminar. Kviteseidingen Knut Taraldsen hadde og eit opphald ved Askerseminaret (1846 -48) etter kurset ved Kosaskulen. Han vende attende til bygda og vart lærar ved seminaret og fastskulen. Sogeskrivaren H.G. Heggtveit var elev ved seminaret i 1868. Han tok seinare eksamen Ved Holt seminar. Setesdølen Torleiv Homme tok eksamen i 1872 med følgjande merknad: "Berettiger til fortrinlige Forhåbninger."²¹⁰ I 1887 tok han teologisk embets-eksamen. Morgedølen Aslak Bergland var og elev ved seminaret før han vart prest, m.a.

sokneprest i Kviteseid i fleire år.

Seminaret vart på mange måtar ein god start for gåverike ungdomar. Mange med denne bakgrunnen kom til å setja preg på det politiske og kulturelle liv i bygdene i Vest-Telemark. Men størst var sjølv sagt verknaden på skulestellet i ei tid då kravet om betre folkeopplysning voks fram.

Samanlikna med andre skular som utdanna lærarar, var rekrutteringa mykje lik. Ein kan nok finna ein skilnad mellom stiftsseminara og lærarskulane eller dei mindre seminara. Stiftsseminara gav utdanning for fastskulen, lenger utdanningstid og betre utkome etter avslutta utdanning. Rekrutteringa til dei ulike lærarskulane var nokså einsarta. Ved Søgne lærarskule var på 1860-talet 81 % av elevane gardbrukarsøner, 15 % søner av husmenn og arbeidarar.²¹¹ Liknande fordeling finn ein ved ei andre lærarskulane.²¹²

I løpet av dei 70 åra seminaret var i drift, var det berre ei jente mellom elevane. Det var Anna Dorothea Florentz frå Kviteseid. Ho vart tatt opp som elev i 1885. Styraren på den tida, Gløersen, fann å måtta søkja stiftsdireksjonen om råd før ho vart tatt opp. Det vart gitt løyve til å ta opp kvinnelege elevar når dei elles oppfylte krava til opptak. Frøken Florentz tok eksamen i 1887. Ho vart på mange vis ei foregangskvinne etter som det var 1890-lova som først gav kvinner same rett som menn til utdanning ved seminara.²¹³

I dei fyrste tiåra kom elevane frå alle prestegjelda i prostiet. Etter reorganiseringa på 1840- og 50-talet kom det og elevar frå andre delar av stiftet, fyrst og fremst frå nedre Telemark. Denne delen av Telemark fekk lærarskule i 1853, Solum ved Skien. Så seint som i 1887, ved det siste kurset, søkte to gutar frå Hamar stift plass ved seminaret. Kviteseid seminar vart likevel eit seminar for dei øvre delane av Telemark. Ut frå geografiske tilhøve var det naturleg at det vart slik.

Seminaret i Kviteseid hadde frå fyrst av som siktemål å skaffa lærarar til omgangsskulane i prostiet. Dei fyrste åra var det personar som alt var i arbeid som lærarar eller ungdomar som ønskte slikt arbeid, som søkte til seminaret. Det går fram av årsmeldingane at sokneprestane såg på seminaret som ein tenleg reiskap til å skaffa bygdene utdanna lærarar. I meldinga frå 1820 seiast det at tre av dei åtte lærarane i Kviteseid hadde fullført det fyrste kurset.²¹⁴ I meldinga frå 1837 skriv Landstad at av alle lærarane i Kviteseid, ni i alt, var det berre ein som ikkje hadde utdanning frå seminaret.²¹⁵

Under opphaldet ved seminaret måtte elevar som kom utanbygds frå, bu på gardane i nærleiken av seminaret. Dei måtte sjølv kosta opphaldet. Dei betalte for mat og rom på garden, undervisninga var gratis. Det var ikkje mange skilling dei måtte ut med, men for mang ein husmannsson kunne dette vera ei tung bør. Nokon av elevane fekk stønad frå prestegjeldet dei kom frå. Det kunne anten vera soknepresten sjølv som gav stønad til utdanninga eller det kunne verta gitt tilskott frå skulekassa.

Utstyr til undervisninga måtte elevane delvis syte for sjølv. Seminaret hadde bøker til utlån. Det dei ikkje kunne få lånt, måtte elevane skaffe seg sjølve. Etterat seminaret hadde flytt til Kyrkjebø, disponerte ein over eit bibliotek. Elles var tilbodet til elevane nokså kleint.

Det var elles sjeldan at seminara hadde eigen buavdeling til elevane. Ved Asker seminar var det internat for elevane. Ei årsak til dette var at ein på den måten lettare kunne føra tilsyn med elevane utanom undervisningstida. Asker seminar hadde og eit eige reglement for opphaldet ved seminaret.²¹⁶ Ved Kviteseid seminar var tilsynet med elevane pålagt styraren ved seminaret.

6. Seminaret sin verknad på skulestell og opplysningsarbeid i øvre Telemark.

Gjennom bygdesogeskrivarar og elevar ved seminaret som sjølv har fortalt om skulen, får ein noko kjennskap til korleis verknaden av seminaret var og korleis folk til vanleg såg på nytten av seminaret. Om det kan vera delte meiningar om seminaret, er dei fleste samde om at det hadde ein positiv verknad på skulestellet i bygdene i øvre Telemark. Skulestellet låg i lange tider nede og Windfelds tiltak var eit nyttig initiativ for å få skulestellet framover.

Ein har ikkje sikre tal på kor mange elevar seminaret utdanna og heller ikkje veit ein nøyaktig kvar elevane kom frå. Med nokre unntak kom i alle høve dei fleste elevane frå bygdene i Øvre Telemark. Rikard Berge nemner at dei fleste lærarane frå Vinje og Rauland hadde fått utdanning frå seminaret.²¹⁷ Interessant å merkja seg er ein instruks for omgangsskulen i Vinje frå 1820. Her finn ein m.a. følgjande paragraf: "De Skoleholdere som enten Provsten elle Sognepresten skiønner at trænge til bedre Uddannelse, ere forpligtede at freqventere øvre Telemarkens Skoleholder Seminarium."²¹⁸ Ein kjenner ikkje til om andre prestegjeld hadde same ordning. Berge fortel vidare om seminaret at det: "... hadde mykje aa segja for lærarupplæringi i Telemark og for folkeupplýsningi i det heile, ..."²¹⁹

I mange av bygdene i Telemark var det tronge økonomiske kår. Tilskottet til seminaret i Kviteseid vart ofte sett på som ei ekstra bær å bera. I Tinn måtte ein påleggja ein ny skatt for at skulekassa skulle ha middel til å stø seminaret.²²⁰ Det var gjennom dei kyrkjelege handlingane ein ville skattleggja folk: for konfirmasjon 20 skilling, brudevigjing 24 skilling, barsedåp 4 skilling osb. Frå 1833 vart skatten utvida til å gjelda altargang: 4 skilling for kvar mann og 2 skilling for kvar kvinne som gjekk til altars: I ei tid prega av armod, var dette ekstrautgifter mange merkte. Slike skattar måtte sjølv sagt få konsekvensar for synet på seminaret. Det var fleire stader ein fann dette skuletiltaket vel kostbart og difor ikkje særleg populært. Det var ofte vanskeleg å få løyvd nok midlar til seminar-verksemda. I Tinn prestegjeld var det utover på 1830-talet uvisst med tilskottet. I staden for å senda ungdomar til seminaret, måtte dei ta seg av opplæringa av skulehaldarar på anna vis. Men etter at 1827-lova hadde fått nokon verknad på skulestellet, vart det meir vanleg å senda ungdomar til seminaret.

Etterkvart som ein fann folkeopplýsningsarbeidet viktigare, fekk seminaret verdi utover det å gi utdanning for læraryrket. Flatin fortel at det var mange ungdomar frå Seljord som søkte seminaret anten dei skulle ta til som lærarar eller ikkje.²²¹ Skulen fungerte på den tid som ein slags ungdomsskule, og han meiner at seminaret "... må ha sin lut av æra for at opplysningi var so på høgdi i desse bygdir i fyrre hundreår."

Diktaren Aasmund Olavson Vinje var elev ved seminaret vintrane 1834-36, til saman i omlag 6 månader. Etter åra ved seminaret var han lærar ei tid i heimbygda. Vinje var aktivt med i diskusjonen om viktige samfunnsspørsmål og ut frå eigne røynsler hadde han klare synspunkt på lærarutdanninga og skulestellet generelt.

Vinje gjekk på seminaret dei åra det heldt til på Kosa. Han syntes at det var "... anlagt i en passende Maalestokk..."²²² For bygdene i øvre Telemark meinte han at omgangsskulen var den mest tenlege form for allmueskule. Difor fann han og at Kviteseidseminaret slik dette var organisert, var godt eigna til å ta seg av utdanninga av omgangsskulelærarar. Gjennom alle dei åra dette hadde vore i drift, hadde det sytt for å skaffa dugande lærarar til bygdene, meinte Vinje.

Vinje hadde ei tid vore elev ved Asker seminar, men hadde funne at desse større seminara var dårleg eigna til å ta seg av utdanning av lærarar for bygdeskulane. Han meinte dei skaut langt over målet med utdanninga si og at dei hadde "skabt ulykkelige Omgangsskoleholdere."

Vinje var på vitjing til Kviteseid ein del år etter at han hadde vore elev ved Kosa-skulen. Det var på den tid då prost Folkestad arbeidde ut dei nye planane for seminarverksemda. Vinje hadde nok syn for dei planane Folkestad la for dagen, men var tvilande til planane om å auka storleiken på seminaret. Han frykta at stønaden frå prestegjelda ville verta vanskeleg å halda på. Dessutan meinte han at ein ikkje måtte fjerna seg for mykje frå den

opprinnelege skulen som han fann særers høveleg. Vinje hadde negative røynsler frå ordninga med stiftsseminara, men ein må vel la Folkestads arbeid med seminaret stå som noko av det mest positive som skjedde.

Seljordingen Jørund Telnes var ikkje like positiv som Vinje i si omtale av seminaret. Han var elev der i den tida Hesselberg var styrar. Hesselberg var ein samvitsfull lærar og ein dyktig administrator. Men på Jørund Telnes verka ikkje skulen særleg interessant og vekkjande. Seminaret var etter hans meining for mykje prega av den gamaldags kunnskaps-terpinga. Seminaret hadde tatt for mykje etter det høgare skulestellet i undervisningsmåte. Metoden var prega av pugg, og ein hadde lite syn for nye straumdrag i tida. Med Telnes sitt syn på åndsfridom og nasjonalkjensle og eit veksande medvit for folkemålet, var han nok skuffa over mykje av det som møtte han på seminaret. Han fann seg difor meir heime i folkehøgskulen. Telnes møtte kan henda ein annan type skule enn han hadde tenkt seg. Seminaret var primært ein utdanningsinstitusjon for læraryrket og hadde neppe vore open nok til å ta opp i seg nye pedagogiske tankar.

Telnes hadde heller ikkje mykje til overs for seminarismen. Det var sjølvstilt skilnad på stiftsseminara og dei mindre seminara, men kritikken mot seminarismen rammar nok og Kviteseidseminaret. Telnes er ikkje nådig i kritikken sinover dei uheldige sidene ved seminaret:

"Hossleis er dæ ikkje med mange av kons seminaristar, kjem dei ikkje heimatt, sprenglærde, som karikaturar. Her finst nok mange seminaristar som kons folk kan hava Ære av, "men dette" heve me mei aa takka Heimen deires fe hell den kalde aa ufolkelege seminariskule."²²³

Eit vers av Telnes går i same lei:

Du kann dæ mest paa Guten sjå
at han er klok
at han maa vera framifraa
i Penn aa Bok,
i Tankjen er han djup, den Gut,
aa langt han ser,
men i det heile ser han ut
som viktigper.²²⁴

Telnes var særleg på vakt mot denne sida av seminarverksemda. Han tykte ein ikkje skulle tru seg til noko stort sjølv om ein hadde litt meir skulegong enn folk flest. Like viktig som den boklege lærdomen meinte han at nedervde kunnskapar og visdom var.

Telnes fann difor at seminaret i Kviteseid var prega av for mange framande tankar. Mykje rett kan vel Telnes ha hatt i dette. Seminaret bar til tider preg av teoretisk og bokleg lærdom og av gamaldagse pedagogiske synspunkt. Utanom den fyrste læraren, Thore Thoresen, kom alle styrarane utanfrå. Dei var akademikarar og hadde oftast ein annan sosial og kulturell bakgrunn enn elevane ved seminaret. På denne bakgrunn kunne nok Jørund Telnes ha rett i dei kritiske synspunkta han hevda.

Eit noko meir nyansert syn på seminaret hadde Rikard Berge. Han prøvde å sjå skulen ut frå si eiga samtid og dei tilhøva som rådde då.²²⁵ Seminaret gav då ei høveleg utdanning for arbeid i skulen. Men diverre fann han at seminaret ikkje hadde greidd å følgja med i dei nye pedagogiske tankane i tida. Det vart difor hangande noko etter i utviklinga. Fram til 1860-åra "... gav denne lærestaden viktigaste aalmendanninga i bygdelaga. Det var beint fram skik at gardmannssønner som hadde aldri so lite hovud og lære hug søkte dit." Etter denne tida evna ikkje seminaret lenger å ta opp i seg nye tankar og pedagogiske idear.

Generelt sett har ettertida gitt seminaret i Kviteseid eit positivt omdømme. Tiltaket rosast og tykkjest å ha hatt ein stor innverknad på skulestellet i Øvre Telemark. Når ein kjem

inn på ein pedagogisk vurdering av seminaret, er meiningane fleire. Ein må vel gi Berge mykje rett i det han seier, at seminaret var eit godt tilbod både til dei som valde arbeidet i skulen og til dei som tok utdanninga meir som ei vidareopplæring. Nye pedagogiske tankar frå siste del av 1800-talet vann lite fram i seminaret, og ein fann seminaret noko "gamaldags" dei siste par tiåra det var i drift.

7. Nedlegging av seminaret.

Seminartiltaket i Kviteseid skulle få ei relativt lang levetid. At seminaret i 1889 vart lagt ned, hadde fleire årsaker. Gjennom dei 70 åra seminaret hadde eksistert, var mykje endra i den skulepolitiske stoda. Framvoksteren av eit velordna allmueskulestell hadde skapt ein ny situasjon for lærarutdanninga. Ein skal i det følgjande peika på nokre årsaker til at seminaret vart lagt ned. For det fyrste vart det arbeidd mot å gjera lærarutdanninga einskapleg, for det andre vart det i ordsiftet om Kviteseid seminar peika på at seminaret hadde ei uhensiktsmessig ordning og geografisk plassering, sviktande søkjartal vart og nemnt som grunnlag for å leggja ned seminaret og til sist vil ein sjå noko på politiske styresmakter si handsaming av seminaret i Kviteseid.

Kviteseid seminar hadde frå fyrst av til oppgåve å utdanna lærarar for omgangsskulen. Dei fyrste åra gav seminaret ei kort opplæring i dei vanlege allmueskulefaga og dessutan noko metodisk rettleiing. Etter omlegginga i 1859 fekk seminaret ei meir fullstendig organisering. Som ved stiftsseminara vart utdanninga gjort to-årig, sjølv om skuletida var kortare på grunn av ei anna semesterordning.

Krava til utdanning for lærarane hadde og auka. Lova om landsallmueskulen av 1860 la grunnlaget for ein ny skule på bygdene. Her vart det slått fast at når "mindst 30 skolepligtige Børn fra Hjemmet hver Dag kunne søge samme Skole", skulle det opprettast fastskule. Eit slikt krav var mest det same som å krevja overgang til fastskule. Talet på faste skular på landsbygda var i 1861 2563. Fram til 1870 steig talet til 4203. Ein tilsvarande nedgang fann stad når det galdt talet på omgangsskular, frå 3620 i 1861 gjekk talet ned til 2135 i 1870.²²⁶

Ein annan konsekvens av 1860-lova var framvoksteren av lærarskulane. Med ei venta stiging i talet på fastskular, var det naturleg å byggja ut fleire lærarutdanningsinstitusjonar. I kyrkjekomiteen si innstilling frå 1862-63 vart det og peika på at ein i ei overgangstid måtte oppretta lærarskular med ei kortare utdanning enn seminara. Når det galdt Kviteseid seminar vart dette stilt i ei klasse mellom stiftsseminara og lærarskulane.²²⁷

I budsjettproposisjonen for 1869-70 meinte departementet at tida var inne til å leggja ned ein del av lærarskulane. Fleire var alt lagde ned, og i tida fram til 1883 gjekk dei siste lærarskulane inn. Ein rekna med at stiftsseminara ville ta over all lærarutdanning. Situasjonen var likevel ikkje like gunstig i alle stifta når det galdt utdanningskapasiteteten. I Kristiansand stift var det framleis eit stort behov for lærarar. I dei øvre bygdene i stiftet var omgangsskulane mest vanleg og i postar ved desse skulane vart oftast tilsett lærarar med utdanning frå ein lærarskule eller mindre seminar.²²⁸ Men på slutten av 1880-åra var talet på omgangsskular så lågt at det knapt var behov for lærarar med ei lågare utdanning.

Landsskulelova av 1860 hadde lagt grunnlaget for ei sterkare satsing på å auka utdanningskapasiteteten av lærarar. Lærarskulane vart oppretta i ei krisetid og dei vart lagde ned då det auka lærarbehovet var dekt. Same året som seminaret i Kviteseid sende ut det siste kullet med nyutdanna lærarar, kom den skulelova som gjorde fastskulen til einaste form for allmueskule her i landet. Då seminaret vart lagt ned, var og den siste skulen for lågare lærarutdanning borte og lærarutdanninga vart einskapleg.

Både ordninga ved og plasseringa av Kviteseid seminar var ofte trekt fram i debatten.

Alt i 1842 peika Kyrkjekomiteen på at det på grunn av "det Mislige" i ein kombinasjon av seminar og fastskule "... maa være Anledning til at reducirere Indretningen til en fast Skole."²²⁹ Eit så drastisk steg gjekk ein ikkje til på det tidspunktet, men det var mange som stilte seg tvilande til seminaret si framtid.

Sjølv om organiseringa av seminaret vart endra, var det ein heller liten målestokk over verksemda i Kviteseid. Det var m.a. uråd å få løyvd middel til skikkelege undervisningslokale. Då det for budsjettåret 1865-66 vart søkt om utviding av seminaret og pengar til nye hus, var ikkje stiftsdireksjonen interessert i å tilrå dette. Ein nådde difor ikkje fram med desse ønskjemåla.²³⁰ Freistnader frå lokalt hald til å gjera seminaret meir likt stiftsseminara, førte ikkje fram.

I 1865 vart grensene for Kristiansand stift utvida austover slik at heile Bratsberg amt no vart lagt under stiftet. Med dette vart spørsmålet om lærarutdanninga i stiftet stilt i eit anna ljøs. Lærarskulen på Klyve i Solum prestegjeld hørde no inn under stiftet. Klyve ligg omlag 10 mil frå Kviteseid. Ved stortingsproposisjonen i 1865 meinte departementet at ein burde vurdera spørsmålet om ei samanslåing av lærarskulane i Kviteseid og på Klyve slik at Bratsberg amt fekk ein større lærarskule. Sjølv om spørsmålet var aktuelt, fekk det inga gjennomslagskraft, og planane om ei samanslåing vart ikkje følgd opp. I 1880 vart lærarskulen på Klyve lagd ned.

Planane om ei samanslåing av desse skulane kunne ha skapt grunnlaget for ein levedyktig lærarskule i amtet. Ei samanslåing av skulane måtte få til følge at ein av dei ville ha blitt lagd ned. I denne samanhengen kunne truleg Kviteseid seminar ha vorte den tapande parten især når ein tek omsyn til lokaliseringa.

Frå byrjinga av 1880-åra tok debatten om Kviteseid seminar seg opp att. I budsjettproposisjonen vart det peika på at seminaret stod i ei særstilling; det var oppretta ved ei testamentarisk gåve og vart i utgangspunktet ein fastskule der ein i tillegg gav lærarutdanning.²³¹ Seminaret vart kalla eit "Districtsseminar" då det var vanleg at elevane ved seminaret kom frå bygdene i øvre Telemark og etter endt utdanning fann arbeid her. Kyrkjekomiteen meinte ein no burde vurde "... om hvorvidt ikke Hvideseid seminar enten ganske nedlægges eller også gives enn fuldkomnere Ordning svarende til Stiftsseminariernes."

På bakgrunn av dette tok, Gløersen, styraren ved seminaret, opp spørsmålet om seminaret si framtid med skulekommisjonen i prostiet. Han sende dei eit skriv der han bad dei om å ta stilling til desse spørsmåla: 1) Bør seminaret i næraste framtid leggjast ned? 2) Viss ikkje, bør ein ikkje lengja undervisningstida? 3) Reknar ein det for ønskjeleg med opptak og dimisjon kvart år?²³² Gløersen hadde sjølv utarbeidd planar for utviding av kurset ved at ein korta inn på feriane.

Resultatet av rundspørjinga i skulekommisjonane gav eit positivt resultat. Alle kommisjonane utanom Hjartdal tala mot ei nedlegging og for ei utviding av seminaret. I Kviteseid og Seljord kom det fram ønskje om opptak og dimisjon kvart år. Ut frå desse fråsegnene la ein fram for departementet framlegg om utviding av kurset med 8-10 veker og med opptak kvart år. Dette ville føre til at seminaret fekk to klasser. Departementet stødde i fyrste omgang dette framlegget, men ville enno ikkje utvide elevtalet ved seminaret. Kyrkjekomiteen vart delt i denne saka. Fem medlemmar, mellom desse var formannen Jacob Sverdrup, røysta for ei utviding av seminaret. Dei meinte at ein ved ein liten auke i stønaden til seminaret ville oppnå fleire føremonar. Ein ville få eit kurs som i omfang svara til timetalet ved stiftsseminara. Dei andre fem medlemmane i komiteen ønskte inga endring av kurslengda ved seminaret; dei ville nødig gjera noko som i si tid ville hindra ei nedlegging av seminaret.

Mot 27 røyster vart innstillinga frå fleirtalet i kyrkje-komiteen vedtatt. Ønsket om to klasser og opptak og dimisjon kvart år vart ikkje fylgd. For dei som arbeidde for seminarsaka på lokalt hald var dette eit vonbrot.

Ved budsjettframlegget for 1887-89 søkte Gløersen om middel til bygging av eit nytt lokale til undervisningsformål. Seminaret heldt framleis til i leigde lokale i Kommunehuset på Moen. Seminaret hadde eit stort behov for tenlege undervisningslokale og stiftsdireksjonen valde å stø framlegget frå Gløersen.²³³ Departementet ville derimot ikkje vera med på planar som gav seminaret ein annan status. I si innstilling til Stortinget peika ein m.a. på at lærarutdanninga var under drøfting og at ein difor ikkje kunne rå til at ein sette i gang byggearbeid

"... ved dette Seminarium, hvis Ordning allerede nu er extraordinær, ... og hvis endelige Ordning og endog Bibeholdelse kan stille sig høist usikker under de ved en ny Lov fremkaldte forandrede Forhold."

Med dette vart diskusjonen om lagnaden til seminaret tatt opp att. Ved budsjettframlegget i 1889 var det likevel departementet si meining å halda fram drifta ved seminaret. Ein hadde tatt omsyn til den tydelege folkemeininga og utsette den endelege avgjerda om utviding eller nedlegging.²³⁴

Det var i innstillinga frå kyrkjekomiteen at den endelege domen over seminaret vart felt. Det kom m.a. fram at nedlegginga av seminaret i Kviteseid eigentleg berre hadde vore eit tidsspørsmål då ein i 1870-åra tok til med saneringa av lærarskulane.²³⁵ Komiteen peika dessutan på at seminaret gav ei lågare lærarutdanning enn stiftsseminara. Samtidig var det eit overskott på lærarar, og ein del nyutdanna lærarar hadde måtta venta på tilsetjing i skulestova. Komiteen fann dette difor uheldig, og fann å løyse problemet ved å leggja ned seminaret i Kviteseid.

Stortinget hadde ingen merknader til dette. Med dette vedtaket måtte eit seminar med ein klår distriktsfunksjon vika plassen for dei store, sentrale seminara. Seminaret vart sett i ei særstilling og var eigentleg berre liv laga så lenge det fanst eit udekka lærarbehov.

Vidare vil ein sjå noko på søkjartala og tala på ferdig kandidatar ved Kviteseid seminar dei siste åra av verksemda. Ved eksamen i 1887 møtte det berre 9 kandidatar. Dette etter måten låge talet vart trekt fram som eit argument mot vidare løyvingar til seminaret.²³⁶ Det tykkjest vera tilfeldig at kandidattalet var såvidt lågt i 1887. Seminaret hadde dei seinare åra hatt god og stabil søkning. Åra 1885 og 1887 skil seg ut. Årsaka var det store fråfallet ved desse to kursa. Ved 2-årskurset 1883-85 var 28 elevar tatt opp, medan 14 fullførte. Ved opptaket i 1885 møtte det 20 elevar og berre 9 av desse tok eksamen. Ved det siste kurset møtte det 35 elevar og 15 av desse fullførte eksamen.

Interessa for å søkja utdanning ved seminaret var soleis ikkje mindre på slutten av 1880-talet enn ho hadde vore tidlegare. Søkjartalet var relativt stabilt, men fråfallet hadde ein aukande tendens og nådde sitt høgaste tal i 1883-85, då halvparten slutta før dei hadde avslutta utdanninga ved seminaret.

Kyrkjekomiteen var tvilande til om søkjartalet ville halda seg oppe.²³⁷ Ein slik tendens meinte komiteen ein kunne lesa av årsmeldingane frå dei siste åra. Økonomien vart og trekt inn som ein konsekvens av det låge elevtalet. Samanlikna med stiftsseminara der elevtala var høgare, var og utnyttinga av dei økonomiske ressursane betre. Ein rekna kostnadene for kvar elev ved seminaret til kr. 450,-, medan den tilsvarande summen var omlag halvparten ved stiftsseminara. Komiteen såg det difor som ei dårleg utnytting av dei økonomiske midla å halde oppe drifta ved Kviteseid seminar.

Når det gjeld den politiske sida i handsaminga av seminarspørsmålet, verkar det som ein på lokalt hald gjorde alt ein kunne for å hindra ei nedlegging. Då seminarstyraren i 1882 sende ut ein førespurnad til alle skulekommisjonane i prostiet, fekk han positivt svar frå alle utanom Hjartdal. Det var vilje og interesse for å stø tiltaket i Kviteseid. Kviteseid skulekommisjon uttala ved dette høvet at dei ville

"... i høy Grad beklage at Hvideseid Seminar i en snar Fremtid skulde nedlægges; den erkjenner til fulde den Nytte og Velsignelse, som dette vort Lands eldste Seminarium i den

Tid det har virket, har ydt dette Distrikt, ikke alene ved at skaffe det lærere, men ogsaa ved at udbrede almindelig Oplysning og Dannelse, ... ”²³⁸

Einestående var denne fråsegna ikkje, liknande kom frå fleire av dei andre kommisjonane.

Då saka om nedlegging av seminaret i 1888 kom opp att, peika Kviteseid skulekommisjon ut ei nemnd til å koma med ei fråsegn i saka.²³⁹ Departementet hadde bedi om uttaler frå lokalt hald. I møte 11. september 1888 vart så Loupedalen, Taraldsen og Holst, soknepresten, valde til å gje ei slik uttale. Alt tre veker seinare låg ei innstilling frå desse føre og ho vart samrøystes vedtatt.²⁴⁰

I fråsegna frå nemnda vart det peika på fleire føremonar ved seminaret. Ein meinte at ein heller enn å leggja seminaret ned, burde utvida kursa. Nemnda fann vidare at seminardrifta kravde små økonomiske ressursar. Vidare vart det peika på at det ikkje var andre lærarutdanningsinstitusjonar i fylket ettersom Solum lærarskule var lagt ned, difor ville det framleis vera behov for seminaret.

At det var behov for skular som kunne gje lærarutdanning, syner andre tiltak på den tida. I Seljord hadde Viggo Ullmann starta folkehøgskule. Han hadde fyrst freista å få denne lagd til Brunkeberg, men då det mislykkast, fekk han løyve til å gå i gang i Seljord. Saman med folkehøgskulen ville Ullmann driva eit privat lærarseminar. Det fyrste kurset gjekk vinteren 1888.²⁴¹ Eksamensrett fekk ein i 1891 og til då var det fullført to kurs. Då Jacob Naadland tok over som leiar av folkehøgskulen i 1902, heldt ein berre fram med folkehøgskulekursa.

Heggtveit finn det "...i ethvert Fald paafaldende at Trangen til et Seminar i Seljord meldte seg så snart, efter at Kviteseid seminar som overflødig var nedlagt."²⁴²

Etter Heggtviet si overtyding var det fleire som meinte at seminaret i Kviteseid stod i vegen for planar som Viggo Ullmann hadde med folkehøgskulen og friseminaret i Seljord.

Ein skal vera varsam med å leggja for stor vekt på desse ytringane frå Heggtveit, sjølv om han truleg refererer til tankar fleire gjorde seg på den tida. Men ein skal vera klår over at det var mange som gjekk i gang med drift av friseminar i 1890-åra. I Flåbygd, ikkje så langt frå Kviteseid, gjekk Knut Mæland i gang med kurs for lærarinner. Dette starta i 1881 og vara fram til 1894. Ikkje mange åra etter at Kviteseid seminar var nedlagd, gjekk ein i gang med planar om lærarutdanning i Notodden.

Vender ein tilbake til dei politiske tilhøva, er det utan tvil eit interessant poeng at Ullmann sat i den kyrkjekomiteen som i 1889 tok skrittet til å fella den endelege domen over seminaret i Kviteseid. Han var den eine av to representantar frå Telemark. Kyrkjekomiteen gjekk imot innstillinga frå departementet og i staden inn for å stansa alle løyvingane til seminaret ved utgangen av skuleåret 1889. Det var ein samrøystes komite som stod bak denne innstillinga og det finst ikkje noko sakleg grunnlag for å gi eit særskild ansvar til nokon av medlemmane.

Då Stortinget 19. mars 1889 handsama budsjetta for lærarseminara var det ingen, korkje telemarkingar eller andre, som greip ordet for å gå imot innstillinga frå kyrkjekomiteen; ho vart samrøystes vedtatt.

Heggtveit som har nemnt Ullmann sitt namn i denne samanhengen har i alle høve ut frå sin kjennskap til lokale tilhøve, peika på eit interessant poeng. Han står nokså aleine med slike synspunkt og ein kan ikkje sjå at nokon seinare har lagt noko vekt på det Heggtveit her trekkjer fram. Ein skal likevel peika på det - etter vår mening - merkjelege i at spørsmålet om løyvingar til Kviteseid seminar ikkje eingong fekk støtte frå Telemarks eigne representantar på Stortinget. Initiativet og interessa på lokalt hald var eintydig, men dei rikspolitiske vurderingane vann over dei lokalpolitiske.

Framlegget til vedtak og det endelege vedtaket på sak 126 på Stortinget sin dagsorden 19. mars 1889 var slutten på ei 70-årig søge på eit initiativ frå presten Windfeld. Ein har

prøvd å gje nokre forklåringar på årsaka til at seminaret vart lagd ned. Seminaret var eigentleg berre liv laga i ei tid då skulestellet i landet ikkje hadde funne fram til ein meir rasjonell struktur og tenleg organisering. Inn i eit slik mønster var det ikkje lenger rom for eit seminar som det ein hadde i Kviteseid.

KJELDER

A. Arkivsaker

Riksarkivet (R.A.):

Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Skole og fattigkontoret. Journalbilag D:

1. Innberetninger og karakterlister. Kviteseid 1839-1862.
2. Kviteseid 1812-1859.
3. Innberetninger og karakterlister. Klæbo, Kviteseid, Stord og Tromsø. 1861-1883.
4. Kviteseid 1853-1887.
3. kontor L. Kirkebø i Kviteseid. 1845-1915 (1939)

Skolelegater.

Norske åpne brev og norske innlegg. 19/5-1780, 31/10-1794 og 19/10-1798.

Embedsansøgninger. Kirkedepartementet 1851-1900.

Statsarkivet i Kristiansand (S.A.):

Innberetninger om skolehold og lærere.

Øvre Telemarken prosti. 1817.

B. Offisielle kjelder.

Amtsformandskabsforhandlingene. Bratsberg amt. 1880-81. 1887.

Forhandlingsprotokoll for Hvideseid Prestegjælds Skolekommisjoner 1876-90.

Forordning om Skolerne paa Landet i Norge, og hvad Klokkerne og Skoleholderne derfor maa nyde. Køb. 1739

Instruction for Degne, Klokkere og Skoleholdere paa Landet i Norge. Køb. 1739.

Lov ang. Almueskolevæsenet paa landet. Kra. 1860.

Lov om Almueskolevæsenet paa Landet. Kra. 1860.

Placat og nærmere Anordning angaaende Skolerne paa Landet i Norge. Køb. 1741.

Reglement for Rigets Stiftsseminar. Kra 1837.

Reglement for Rigets Stiftsseminar. Kra 1869.

Reglement for det I Asker Præstegjeld oprettede Skolelærerseminarium. Kra. 1842.

Statistiske Tabeller vedkommende Undervisningsvæsenets Tilstand i Norge. 1837. Kra. 1840.

Statistiske Tabeller vedkommende Undervisningsvæsenets

Tilstand i Norge 1853. Kra 1857 Storthings-Efterretninger. 1836-1854 II. Kra. 1893.

Stortingsforhandlingene. 1814-1889.

C. Andre kjelder.

- Bakken, Olav Kviteseid bygdesoge II
Gardssoge
Eige forlag 1962
- Bech, Fred. Jul. Forslag til at danne Almuens Ungdoms Lærere - samt Ideer og
Vink til de paa Landet i Norge omgaaende Almueskolelæreres
hensigtssvarende Dannelse.
Chra. 1810.
- Bechholm, Andr. Folkeskolelærerutdannelsen i Norge.
Kra. 1920.
- Berge, Rikard Vinje og Rauland, bd. II, III
Stvgr. 1973-75.
Jørund Telnes, bd. I
Risør 1923.
- Bolling, Reidar Kyrkjeliv i Christiansands Stift i attande hundreåret.
Oslo 1947.
- Botnen, Olav Kviteseid Seminar. Årbok for Telemark 1964
Skien 1964.
- Bugge, Alexander Hvorledes Vest-Telemarken blev bygget.
Særtrykk av "Norsk Folkekultur" 1916.
Kra. 1916.
- Dahl, Helge Norsk lærerutdanning fra 1814 til i dag.
Oslo 1959.
- Dokka, Hans Jørgen Fra allmueskole til folkeskole.
Oslo 1967.
- Einung, H.H. Tinn saga. Bd. I
Eige forlag, 1926.
- Faye, Andr. Christiansands Stifts bispe-og stiftshistorie.
Kra. 1867.
- Flatin, Tov Seljord I.
Oslo 1942
- Heggtveit, H.G. Den norske kirke i 19. århundre
Kra. 1905.
- Helland, Amund Bratsberg Amt I
Kra. 1900.
- Herlofsen, Jack Biskop Peder Hansens pedagogiske virksomhet i Kristisand omkr.
1800 (Hovedfag, pedagogikk.)
1965.
- Høigard-Ruge Den norske skoles historie.
Ny utg. ved I. Hansen.
Oslo 1971.
- Høverstad, Torstein Norsk skulesoga I
Oslo 1918.
- Jordheim, Knut Lærerutdanning i Telemark.
Syn og segn. Hefte 6. 1975.
- Jordheim, Knut "Gu vælsigne presten kaans."
Kirke og kultur. Nr. 2, 1975.

- Jørgensen, J. og
Ording, Fr. Jubileumsskrifter 1914.
Norges Lærerskoler i hundrede år.
Kra. 1914.
- Landquist, J. Pedagogikens historia.
Lund 1956.
- Leland, Per Søgne lærerskole, 1866-1979.
(Pedagogikk hovedfag.) 1969.
- Lund, Johann Michael Forsøg til Beskrivelse over Øvre Tellemarken i Norge.
Køb. 1785.
- Myhre, Reidar Pedagogisk idehistorie.
Oslo 1964.
- Sigmund, Einar Skolehistoriske småtrekk fra tiden omkring år 1800.
Oslo 1964.
- Skrede, Sverre Mo Ei bygdemålsviser fra 1784.
Aarsskrift 1946 for Historielaget for Telemark og Grenland.
Skien 1946.
- Solerød, Erling Tønsberg seminar. Et skoleholderseminar for Akershus Stift
omkring år 1800. (Pedagogikk hovedfag.) 1967.
- Strand, Halvor Fyregangsmenn i Telemark kring 80-åri.
Skien 1932.
- Stranna, Olav Ljos over Telemark.
Skien 1937.
- Thoresen, Thore Beretning til Departementet.
Skole og samfunn. 1925.
- Vinje, Aasmund Olavson Skrifter I.
- Wille, Hans Jacob Beskrivelse over Sillejords præstegjeld i øvre Tellemarken i Norge.
Køb. 1786.
- Wolff, Johan Unger En norsk Slekt. Wolff.
Oslo 1943.
- Aarflot, Andreas Norsk kirkehistorie. Bd. II
Oslo 1967.

Div. brev, konsepter i privat eige. (priv.)

TILVISNINGAR.

I. Historisk innleiing.

¹ Heigård og Ruge, s. 32.

² Smst.

³ Smst. s. 33

⁴ Solerød, s. 4.

⁵ Smst. s.5.

⁶ Myhre, s. 202.

⁷ Landquist, s. 137.

⁸ Heigård og Ruge, s. 42.

⁹ Solerød, s. 6

¹⁰ Smst. s. 43.

¹¹ Forordning om Skolerne paa Landet i Norge.

¹² Dahl, s. 2.

¹³ Smst.

¹⁴ Solerød, s. 28

¹⁵ Høverstad, s. 91.

¹⁶ Smst. s. 80.

¹⁷ Smst. s. 81.

¹⁸ Smst. s. 87.

¹⁹ Smst.

²⁰ Smst. s. 80

²¹ Solerød, s. 35.

²² Høverstad, s. 93.

²³ Solerød, s. 43.

²⁴ Smst. s. 46.

²⁵ Smst. s. 52.

²⁶ Dahl, s. 2.

²⁷ Høverstad, s. 133.

²⁸ Solerød, s. 131

²⁹ Herlofsen, s. 84.

³⁰ Smst. s. 83.

³¹ Smst. s. 88.

³² Aarflot, s. 208

³³ Faye, s. 442

³⁴ Smst. s. 440

³⁵ Smst. s. 435

³⁶ Dahl, s. 2

³⁷ Bechholm, s. 109.

³⁸ Høverstad, s. 135.

³⁹ Smst.

⁴⁰ Smst. s. 133 f.

⁴¹ Smst.

⁴² Dahl, s. 2.

⁴³ Stfh. 1815-16, bd. V, s. 100 ff.

⁴⁴ Smst. s. 302.

⁴⁵ Dahl, s. 4 f.

II. Skulestellet i Vest-Telemark fram til 1800-talet.

-
- ⁴⁶ Høverstad, s. 17.
⁴⁷ Smst.
⁴⁸ Forordning om Skolerne paa Landet i Norge, og hvad Klokkerne og Skoleholderne derfor maa nyde.
⁴⁹ Dokka, s. 13 f.
⁵⁰ Placat og nærmere Anordning
⁵¹ Høverstad, s. 30
⁵² Dokka, s. 19
⁵³ Smst.
⁵⁴ Smst. s. 13
⁵⁵ Berge, bd. I s. 199.
⁵⁶ Bolling, s. 205.
⁵⁷ Berge, s. 191.
⁵⁸ Smst. s. 192.
⁵⁹ Smst. s. 193.
⁶⁰ Smst.
⁶¹ Einung, s. 242.
⁶² Bolling, s. 205.
⁶³ Smst. s. 208.
⁶⁴ Helland, s. 560
⁶⁵ Bolling, s. 214
⁶⁶ Smst. s. 210
⁶⁷ Berge, bd. I s. 199.
⁶⁸ Lund, s. 144
⁶⁹ Einung, s. 243
⁷⁰ Smst.
⁷¹ Flatin, s. 213
⁷² Lund, s. 158 f.
⁷³ Helland, s. 560
⁷⁴ Berge, bd. I, s. 204
⁷⁵ Bolling, s. 217
⁷⁶ Faye, s. 435
⁷⁷ Berge, bd. I, s. 192
⁷⁸ Einung, s. 243 f.
⁷⁹ Smst.

III. Opstartning av seminaret i Kviteseid.

- ⁸⁰ "Den danske prost Windfeld lærde bøndene i Telemark å dyrke poteter." Artikkel av Red.sekr. Erik Lau Jørgensen. Varden nr. 112, 19/5-1958.
⁸¹ Skrede, s. 17
⁸² Heggveit, s. 494
⁸³ Skrede, s. 16
⁸⁴ Heggveit, s. 494
⁸⁵ Varden, nr. 112/1958
⁸⁶ Smst.
⁸⁷ Faye, s. 438
⁸⁸ Smst.
⁸⁹ Heggveit, s. 494
⁹⁰ Smst
⁹¹ Varden, nr. 112/1958
⁹² Skrede, s. 13
⁹³ Smst. s. 16

-
- ⁹⁴ Kallsboka for Kviteseid (upag).
⁹⁵ N. åpne brev og n. innlegg 19/5-1780
⁹⁶ N. Windfelds testamente, dat. 15. august 1793. Konsept (Priv)
⁹⁷ N. åpne brev og n. innlegg, 19/10-1798.
⁹⁸ Brev til kongen, dat. 11. juni 1807. Konsept. (Priv.)
⁹⁹ Smst.
¹⁰⁰ Bakken, s. 339
¹⁰¹ Brev, dat. 11. juni 1807.
¹⁰² Kgl. reser. og resolusjoner, s. 725.
¹⁰³ T. Loupedalen, artikkel i "Fylkesavisen". Udat. avisutklipp.
¹⁰⁴ Skole og samfunn, 1925, s. 54
¹⁰⁵ Brev dat. 30. april 1810. (Privat).
¹⁰⁶ Smst.
¹⁰⁷ Smst
¹⁰⁸ Testamente, dat. 30. juli 1810. Konsept. (R.A.)
¹⁰⁹ Brev dat. 30. april 1810 (Priv.)
¹¹⁰ Kallsboka for Kviteseid (upag.)
¹¹¹ Bolling, s. 376
¹¹² Brev dat. 4. juli 1812. Konsept. (R.A.)
¹¹³ Brev dat. 22. juli 1812. Konsept. (R.A.)
¹¹⁴ Brev dat. 15. des. 1812. Konsept. (R.A.)
¹¹⁵ Bechholm, s. 109 og Dahl, s. 4
¹¹⁶ Brev frå Rigsarkivet, København, dat. 19. des. 1977
¹¹⁷ Brev dat. 25. februar 1814. Konsept (R.A.)
¹¹⁸ Indberetning om Skolehold og Lærere 1817. øvre Telemarks Prosti. (S.A.)
¹¹⁹ Kgl. res. av 13. jan. 1818
¹²⁰ Dahl, s. 7 f.
¹²¹ Smst. s. 4
¹²² Lov av 1. juli 1816, §§ 1 og 2
¹²³ Skole og samfunn 1925, s 55
¹²⁴ Norsk Folkeminnekultur 1930, s. 55
¹²⁵ Indberetning om Skolehold og lærere 1817. (S.A.)
¹²⁶ Smst.
¹²⁷ Dahl, s. 5
¹²⁸ Jørgensen og Ording, s. 3
¹²⁹ Dahl, s. 5

IV. Kviteseid seminar.

- ¹³⁰ Skriv frå skpr. Castberg til biskop Munch, dat. 16/12-1828, Konsept. (R.A.)
¹³¹ Skole og samfunn 1925, s. 51
¹³² Smst. s. 55
¹³³ Smst. s. 54
¹³⁴ Dahl, s. 6
¹³⁵ Stfh. 1845, bd. V, No. 74, s. 12
¹³⁶ Skriv frå stiftsdir. til dep., dat. 2. mars 1838. Konsept R.A
¹³⁷ Brev frå Jeremiassen til Kongen, dat. 12. juni 1841. R.A.
¹³⁸ Dokka, s. 31 f.
¹³⁹ Sthf. 1842, bd. III, s. 203
¹⁴⁰ St. etterretn. 1836-54. bd. II, s. 422
¹⁴¹ Stfh. 1842, bd. III, s. 208
¹⁴² Skriv frå skpr. Landstad til dep., dat. 30. juni 1837. Konsept. R.A.
¹⁴³ Stfh. 1845, bd. V, s. 13
¹⁴⁴ Undervisningsplan av 30. juni 1837. Konsept. R.A.
¹⁴⁵ Smst.

-
- ¹⁴⁶ Stfh. 1845, bd. V, s. 15
¹⁴⁷ St. etterretn. 1836-54, bd. II, s. 747 f.
¹⁴⁸ Stfh. 1848, bd. II, s. 66 og do. 1851, bd. VII, s. 283.
¹⁴⁹ Dahl, s. 12 f. og Dokka, s. 98
¹⁵⁰ Dahl, s. 47
¹⁵¹ Udkast til Reglement og Undervisningsplan av 1855. Konsept. R.A.
¹⁵² Skriv frå skpr. Folkestad til dep., dat. 6. des. 1855 Konsept R.A.
¹⁵³ Dahl, s. 239
¹⁵⁴ Amtsformandskabsforhandlingene, 1866 (upag.)
¹⁵⁵ Skriv frå stiftsdir., dat 19. sept. 1865. Konsept. R.A.
¹⁵⁶ Dahl, s. 90
¹⁵⁷ Skriv frå Jensen, dat. 23. sept. 1874. Konsept. B.A.
¹⁵⁸ Skriv frå stiftsdir., dat. 26. feb. 1877. Konsept. R.A.
¹⁵⁹ Stfh. 1883, bd. II, s 16
¹⁶⁰ Sem. reglement av 1837
¹⁶¹ Dahl s. 90
¹⁶² Sem. regelement av 1869, §§ 23 f.
¹⁶³ Dahl s. 91
¹⁶⁴ Skriv frå biskop Munch til dep., dat. 23. nov. 1829. R.A.
¹⁶⁵ Stfh. 1848, bd. VI, s. 321
¹⁶⁶ Stfh. 1854, bd. II, s. 94 f.
¹⁶⁷ Stfh. 1877, bd. II, s. 50 ff.
¹⁶⁸ Dahl, s. 65
¹⁶⁹ Forhandlingsprotokoll for Hvideseids Prestegjælds Skolekommisjoner, 1876-90. s. 7
¹⁷⁰ Dahl, s. 43.
¹⁷¹ Skole og samfunn 1925, s. 50
¹⁷² Dahl, s. 44
¹⁷³ Smst. s. 46
¹⁷⁴ Prostens Visitasberetning for 1828, s. 170. R.A.
¹⁷⁵ Skole og samfunn 1925, s. 51
¹⁷⁶ Dahl, s. 46
¹⁷⁷ Dokka, s. 65
¹⁷⁸ Bechholm, s. 107
¹⁷⁹ Skriv fr, skpr. Landstad til dep., dat. 1. nov. 1839. R.A.
¹⁸⁰ Skole og samfunn 1924, s. 55
¹⁸¹ Prostens Visitasberetning 1815-25, bd. II, s. 150. R.A.
¹⁸² Skriv frå skpr. Castberg til biskop Munch, dat. 16. des. 1828. Konsept. R.A.
¹⁸³ Prostens Visitasberetning for 1840, bd. VIII, s. 76 R.A.
¹⁸⁴ Heggveit, s. 495
¹⁸⁵ Prostens Visitasberetning for 1840. bd. VI, s. 289. R.A.
¹⁸⁶ Depets foredrag av 2. nov. 1853. Konsept. R.A.
¹⁸⁷ Skriv fra skpr. Folkestad til stiftsdir., dat. 23. april 1852. Konsept R.A.
¹⁸⁸ Skriv frå dep. til Jeremiassen, dat. 24. sept. 1853. Konsept. R.A.
¹⁸⁹ Kirkedepets. Embedsans, 1851-1900. Attest frå K. Gislesen, dat. 3. jan. 1853. R.A.
¹⁹⁰ Unger Wolff, s. 221
¹⁹¹ Straana, s. 48
¹⁹² Heggvalt, s. 496.
¹⁹³ Berge, (J.T.s Skrifter) s. XLVIII ff.
¹⁹⁴ Embedsans. 1851-1900. Attest dat. 22. okt. 1867. R.A.
¹⁹⁵ Skriv frå Hesselberg til dep., dat. 18. jan. 1869. Konsept. R.A.
¹⁹⁶ Heggveit, s. 496
¹⁹⁷ Embedsans. 1851-1900. Attest frå skpr. Moses, udat. R.A.
¹⁹⁸ Skriv til dep., dat. 20. sept. 1872. Konsept. R,A.
¹⁹⁹ Skriv til skpr. Moses, dat. 23. sept. 1874. Konsept. R.A.
²⁰⁰ Gjørvad, handskrive utdrag av slektsoge
²⁰¹ Art, av Olav Gullvåg, Varden 1952. (Upag. avisklipp.)
²⁰² Stfh. 1842, bd. III, s. 208
²⁰³ Heggveit, s, 495
²⁰⁴ Strand, s. 13.

-
- ²⁰⁵ Smst.
²⁰⁶ Stat. tab. 1837
²⁰⁷ Årsmelding for Kviteseid seminar 1871. R.A.
²⁰⁸ Årsmelding for 1863. R.A.
²⁰⁹ Dokka, s. 225
²¹⁰ Straana, s. 53
²¹¹ Leland, s. 74
²¹² Dahl, s. 93 f.
²¹³ Smst. s. 185.
²¹⁴ Prostens visitasberetning for 1820, bd. VI, s. 106.
²¹⁵ Smst. s. 148
²¹⁶ Regler for Elevernes Forhold, Beskjæftigelse o.s.v. Chra. 1842.
²¹⁷ Berge, bd. III, s. 233 ff.
²¹⁸ Smst.
²¹⁹ Smst.
²²⁰ Einung, s. 248
²²¹ Flatin, s. 221
²²² Vinje, s. 146 ff.
²²³ Berge (Jørund Telnes Skrifter I), s. CXV
²²⁴ Smst. s. CXVI.
²²⁵ Smst.
²²⁶ Dokka, s. 207
²²⁷ Dahl, s. 98 og Dokka s. 232
²²⁸ Norsk Skoletidende 1870. s. 28 f.
²²⁹ Stfh. 1842, bd. III, s. 208
²³⁰ Stfh. 1865, Bd. II, s. 103 f.
²³¹ Stfh. 1881, Inst. S. No 56, s. 176
²³² Stfh. 1883, St.prp. No 2, s. 15 f.
²³³ Stfh. 1887, St. prp. No 2, s. 18
²³⁴ Stfh. 1889, St.prp. No 2, s. 12
²³⁵ Stfh. 1889, Indst. S I, s. 21 f.
²³⁶ Stfh. 1887, St.prp. No 2, s 18
²³⁷ Stfh. 1889, Indst. S I, s. 21
²³⁸ Forhandlingsprotokoll for Hvideseid Prestegjælds Skolekommisjoner, 1876-90, s. 83.
²³⁹ Smst. s. 84
²⁴⁰ Stfh. 1889, St.prp. No 2, Bilag 1, s. 32 ff.
²⁴¹ Lærarskuletradisjonar i Telemark, Aslak Torjussen, Varden, 6/12-1962.
²⁴² Heggveit, s. 496.